



Universitetet
i Stavanger

FAKULTET FOR UTDANNINGSVITSKAP OG HUMANIORA

MASTEROPPGÅVE

Studieprogram:
Lektorutdanning trinn 8.-13. - master

Vårsemesteret, 2023
Open

Forfatter: Hallvard Kristoffer Lund-Johansen
Nordmark

Hallvard Kristoffer L-J Nordmark
.....
(signatur forfatter)

Rettleiar: Marie-Theres Fojuth

Tittel på masteroppgåva:

Bevara eller riva? - Ein studie av historiebruk i to byggjesaker i Stavanger og Sandnes, 2012-2019

Engelsk tittel: To conserve or to demolish? - A study of the use of history in two local political cases regarding conservation or demolition in Stavanger and Sandnes, 2012-2019

Emneord:

Historiebruk
Bygningsvern
Byutvikling

Tal på ord: 31 846
+ vedlegg/anna: 34 877
Stavanger, 20.05.2023.

Forord

Nå som eg endeleg er ferdig med mi masteroppgåve vil eg nytta forordet til å takka alle som har hjelpt og støtta meg gjennom heile prosessen med innsamling av materiale og skriving av oppgåva.

Aller størst takk til min rettleiar Marie-Theres Fujoth som har hjelpt meg gjennom to forsøk på få denne oppgåva til å verte slik eg ville. Takk for baa rettleiingstimar, gjennomlesing, faglege råd og heiarop. Denne oppgåva hadde ikkje blitt til det den er i dag utan dette.

Så må eg også takka kjærasten min som har støtta meg gjennom tykt og tynt gjennom heile året, og pressa meg når det var nødvendig. I tillegg til familie min og svigerfamilien for støtte og gjennomlesing i innspurten.

Stavanger Mai 2023

Hallvard Kristoffer Lund-Johansen Nordmark

Samandrag

Denne masteroppgåva i historie tar del i fleire fagfelt innanfor historiefaget, sjølv om det må poengterast at nokre av fagfelte er tverrfaglege i sin natur. Blant anna fagfelte historiebruk, bygningsvern, og byutvikling vert utforska. Problemstillinga i oppgåva lyd som følgande: Kva slags historie vert nytta av dei ulike partane i ei lokalpolitisk sak om riving eller bevaring av eit bygg? Og kan ein seia noko om korleis denne bruken av historie påverka utfallet av saka?

For å utforska denne problemstillinga har eg gjort ein historisk tekstanalyse av alle politiske dokument som omhandlar byggjesakene 12/5770 om Kirkegata 22 i Stavanger, og 19/07885 om Havnegata 4 i Sandnes, og alle mediekjeldene eg kunne finna som omhandlar byggjesakene. Her har eg forsøkt å finna og tolka alt som går under historiebruk og bruk av historie.

I konklusjonen til oppgåva argumenterer eg for å ha avdekt ein forskjell i korleis partane som ville bevare og partane som ville riva eit bygg nytta historie i sine argument i to lokale byggjesaker i Stavanger og Sandnes. Dei som ville bevare bygg fokuserte mest på fortida og korleis ein må ta vare på den i dag, mens dei som ville riva fokuserte mest på framtida og vidare utvikling av byen. Kanskje kan dette også vera ein del av svaret på kvifor begge byggjesakene enda med riving, og dermed nederlag for dei som ville bevare bygga. Dette er ialfall eit spennande spørsmål som ein treng meir forskning på.

Abstract

This Master thesis in the subject of history takes part in many fields of the subject, though it must be said that some of these fields are naturally interdisciplinary. Among the fields explored are historical use, building conservation and urban development. The thesis statement is as follows: What type of history is used by the participants in a local political case about demolition or conservation of a building? And can this be used to say something about how the use of history affected the results of the political cases?

To explore this thesis further, I did a historical text analysis of all the political documents regarding building case 12/5770 about Kirkegata 22 in Stavanger, and case 19/07885 about Havnegata 4 in Sandnes, and all the documents from the media that regards said building cases. I have in this work tried to find and interpret everything that can be called use of history.

In the conclusion of my thesis, I argue that I have shown a difference in the ways history is used by the participants in a local political debate regarding demolition or conservation of a building. The difference is that participants who wish to conserve the building, mostly focus on the city's and building's past, and how to preserve it and its history in the future, while participants wanting to demolish the building focus more on the future and the further development of the city. Can this also be a part of the reason why the political cases ended as they did, with demolition of the buildings and defeat for those in favor of conservation? One thing is certain: this is an interesting subject with opportunities for a lot more research.

Innholdsliste

| | |
|--|-----------|
| 1. Introduksjon | 7 |
| 1.1 Introduksjon | 7 |
| 1.2 Problemstilling | 7 |
| 1.3 Status innanfor forskning på temaet | 8 |
| 1.4 Kjeldematerialet | 11 |
| 1.5 Metode | 13 |
| 2. Teoretiske omgrep og forskingsfelt | 15 |
| 2.1 Historie og fortida | 15 |
| 2.2 Historiebruk | 16 |
| 2.3 Identitet | 18 |
| 2.4 Historisk trope | 19 |
| 2.5 Kva er ein by? | 20 |
| 3. Bevaring | 21 |
| 3.1 Noregs bevaringshistorie | 21 |
| 3.2 Bevaring som politisk tema | 24 |
| 4. Case nummer 1, Kirkegata 22 i Stavanger | 35 |
| 4.1 Innleiing Kirkegata 22 | 35 |
| 4.2 Stavanger si byhistorie | 36 |
| 4.2 Kirkegata 22 si historie | 39 |
| 4.4 Kronologisk gjennomgåing av byggjesaka | 42 |
| 4.5 Analyse av korleis historie vert nytta | 45 |
| 4.5.3.1 Stavanger Høgre | 54 |
| 4.6 Oppsummering av case 1, Kirkegata 22 | 65 |
| 5. Case 2, Havnegata 4 i Sandnes | 67 |
| 5.1 Innleiing case 2, Havnegata 4 | 67 |
| 5.2 Sandnes si byhistorie | 67 |
| 5.3 Bygget si historie | 72 |
| 5.4 Modernisme og funksjonalisme | 74 |
| 5.5 Kronologisk gjennomgåing av saksgongen i byggesaka | 75 |
| 5.6 Utforsking av korleis historie vert nytta | 80 |
| 5.7 Oppsummering av case 2, Havnegata 4 | 92 |
| 6. Konklusjon | 94 |
| 7. Litteraturliste | 98 |
| 7.1 Primærkjelder | 98 |
| 7.2 Sekundærlitteratur | 110 |

1. Introduksjon

1.1 Introduksjon

Denne oppgåva skal handle om to bygg.¹ Det første bygget stod på adressa Kirkegata 22 i Stavanger frå 1840 og var eit næringsbygg for butikken Norem Baade.² Det andre bygget stod på adressa Havnegata 4 i Sandnes var eit silolager for kraftfôr som vart bygga i 1977. I 2012 kom det inn ein søknad til Stavanger kommune om å få rive Kirkegata 22 for å byggja nybygg. Det same skjedde seinare i 2019, når det kom inn søknad til Sandnes kommune om å få rive silen i Havnegata 4.

Begge desse sakene enda med at søknadane vart innvilga frå kommunen, og byggja vart reve ned. Dette skjedde derimot ikkje utan motstand, båe fagetatar, lokalpolitikarar og enkeltpersonar tok del i debatten om kva ein skulle gjera med desse byggja.

1.2 Problemstilling

Hovudfokuset i oppgåva er å identifisera og drøfta kva slags bruk av historie som vart nytta i debatten og saksgongen. Kven som nytta historie i sine argument, kva historie som vart nytta, og korleis dette påverka saksgongen. Problemstillinga i oppgåva lyder slik:

Kva slags historie vert nytta av dei ulike partane i ei lokalpolitisk sak om riving eller bevaring av eit bygg? Og kan ein seie noko om korleis denne bruken av historie påverka utfallet av saka?

Årsakene til at eg valde Kirkegata 22 og Havnegata 4 til casestudien min er fleire. Eg ville ha eit lokalt perspektiv sidan eg er frå Rogaland og skriv master ved Universitetet i Stavanger. I tillegg verka det interessant å kunne sjå om det var store forskjellar mellom to relativt “like” nabobyar, som fleire eigentleg meiner berre ein stor by. Utanom dette var det også interessant med to litt ulike bygg, eit gammalt næringsbygg som mange i dag ville kalla slitt og stygt og eit industribygg som ikkje lenger har ein funksjon og som eg heller ikkje syns er det vakraste å sjå på. Sjølv om dei begge er gamle og ikkje så fine som dei kanskje ein gong var, så

¹ Dette er ei omarbeida og utvida oppgåve av ei tidlegare versjon av masteroppgåva «Bevaring som ein lokalpolitisk prosess – ei analyse av dei ulike partane sitt syn på verdi i to politiske byggesaker i Sandnes og Stavanger mellom 2010-2019» innlevert til UiS 31.08.2021. Tema, problemstilling, metode, kjeldegrunnlaget og delar av oppgåva er lik tidlegare innleverte delar, desse er ikkje ekstra tydeleggjort med referansar.

² Byantikvarens merknad, datert 14.09.2012, 1.

er dei uansett ein del av historia til byane sine, og fleire personar tok eit aktivt val om å kjempa for dei desse byggja skulle få bestå. Denne kampen som oppstod, og engasjementet som vart vekka er den viktigaste grunnen til at eg valde nettopp desse to casene.

For å svare på denne problemstillinga nyttar eg fleire ulike historiske fagtradisjonar. Spørsmålet eg vil svare på handlar for det første om korleis historie vert framstilt og nytta av personar som tek del i ein lokalpolitisk debatt. Slike debattar går føre seg over heile landet og kan visa oss korleis historie vert nytta i meir lokale og kanskje meir kvardagslege situasjonar, og ikkje berre i talar av statsministeren eller kongen. Dette meiner eg kan vise oss at historie vert nytta heile tida, og ikkje berre i store og høgtidelege situasjonar. Dermed vil eg ta del i den faglege diskusjonen om historiebruk, og korleis ein nyttar historie.

Like nødvendig som spørsmålet om korleis historie vert nytta er spørsmålet om kva historie vert nytta til. I denne oppgåva vert historie nytta for å vinna fram i to bevaringssaker, der partar som vil riva eit bygg står i mot partar som vil bevara bygget i ei form. Dette er ein kamp som vert kjempa om og om igjen i heile Noreg, og dette er ein prosess som til sjuande og sist bestemmer korleis norske byar ser ut, slik dei gjer i dag, og korleis dei kjem til å sjå ut i framtida. Dermed vil eg også ta del i den faglege diskusjonen rundt bevaring.

1.3 Status innanfor forskning på temaet

Eit av dei sentrale forskingsemna denne oppgåva er ein del av er bygningsvern. Sidan oppgåva mi handlar om kvifor nokon vil rive eit bygg, mens andre har lyst til å bevara det i ei form. Eg skriv ein del om dette temaet i eit kapittel av denne oppgåva som heiter “Norsk bevaringshistorie”, her legg eg fram dei sentrale linjene i korleis bevaring i Noreg har blitt sett på og endra seg gjennom historia. Dette er eit forskingsfelt som ofte er i debatt med dei store faglege rapportane som heiter Stortingsmeldingar. Her vert det nemleg lagt fram forslag til politikk og strategiar for bevaringspolitikk i Noreg. I tillegg til Stortingsmeldingane har ofte riksantikvarar vore aktive deltakarar, kanskje spesielt Dag Myklebyst som har skriva mykje om

emnet.³ Andre eg kan nemne er blant anna Reidar Bertelsen.⁴ Om bygningsvern som er mest relevant for denne oppgåva har blant anna Johanne Søggnæs skreve om trehusbyen i Stavanger.⁵

Eit anna sentralt forskingsemne er byutvikling, då bevaring og bygningsvern heng tett saman med byutvikling. Sidan spørsmålet om bevaring er spørsmålet om kva bygg som vert ein del av byen, og dermed korleis byen utviklar seg. Dette kjem fram gjennom arbeidet til blant anna Sveinung Krokann Berg og Kari Charlotte Larsen i “Byutvikling med spor av industri”.⁶ Her legg dei fram fleire ulike strategiar for korleis kulturarv kan nyttast som ein ressurs i byutvikling. Dette er igjen basert på arbeidet i boka til dei danske redaktørane Nicolai Carlberg og Søren Miller Sørensen i “Kulturmiljø: Mellem forskning og politisk status”⁷ som går gjennom korleis kulturmiljø og kulturlandskap vert behandla i dansk forskning og i den politiske prosessen, og kjem med forslag til løysingar på nokre av problema som finnes innanfor temaet. Meir lokalt har blant anna Solveig Holen skrive om korleis sjøhusa i Stavanger kan nyttast i byutviklinga.⁸

Det siste store forskingsemnet er historiebruk, spørsmålet om korleis ein nyttar historie. Historiebruk som forskingsfelt starta for fleire med arbeidet til franskmannen Maurice Halbwach på 1950 talet, før det vart vidareført av blant anna briten Raphael Samuel på 1990 talet.⁹ I Skandinavia har feltet blant anna vorte studert av svensken Peter Aronsson som har skreve mykje om emnet.¹⁰ I Noreg har Jan Bjarne Bøe vore ein viktig deltakar, i tillegg til blant anna Ketil Knutsen, Jan Rune Folkenborg og Teemu Ryymin for å nemne nokon.¹¹

Innanfor historiebruk er identitet og identitetspolitikk eit særskilt viktig tema for denne oppgåva, då spesielt korleis byar kan få ein eigen identitet. Dette er eit tema som er diskutert i fleire arbeid. Blant anna Folkenborg skriv i “En fortid - mange fortellinger” om korleis ein kan

³ Myklebust, *Med vilje og viten*.

⁴ Bertelsen, *Et forsvar for hus som har kommet i knestående*, 201-210.

⁵ Søggnæs, *Bevaring av bygningsmiljøer*, 181-200.

⁶ Berg & Larsen, “Byutvikling med spor av industri,” 38-45.

⁷ Carlberg & Sørensen, red. *Kulturmiljø: Mellem forskning og politisk status*. .

⁸ Holen, *Sjøhusrekken i Stavanger*.

⁹ Halbwachs, *On collective memory*.

Samuel, *Theatres of memory*.

¹⁰ Aronsson, *Historiebruk*.

¹¹ Bøe & Knutsen, *Innføring i historiebruk*.

Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*.

Ryymin, red. *Historie og politikk*.

styrke identiteten til ein stad ved å knyta ein historisk person til staden,¹² og korleis minnesmerke kan ha ein sterk identitetsskapande funksjon.¹³

Sidan eg skriv om blant anna byen Sandnes er det ekstra viktig å sjå på dei andre som har skreve om identitetspolitikk i Sandnes by. Blant anna skriv Bøe & Knutsen om dette i “Innføring i historiebruk”,¹⁴ der dei diskutere korleis Sandnes har nytta sine byjubileum for å visa til ein fellesskap og ein likskap som eksisterer i byen, og at ein av dei viktigaste delane av dette fellesskapet var hardt arbeid. Mykje av den same problemstillinga vert gjennomgått i to masteroppgåver som er skrivne ved Universitetet i Stavanger. “Byjubileene i Sandnes i 1960 og 1985 – En studie av historiebruk”¹⁵ av Beate Aasen Bøe og “Det gamle og det nye Sandnes en studie av historiebruk ved jubilea i 1910 og 1935”¹⁶ av Lene Bøe. Som begge har sett på korleis fortida til Sandnes vert framstilt gjennom sine storslagne byjubileum, og dermed også korleis identitet og minnefellesskap kjem fram.

I tillegg til desse store forskingsemna innanfor historiefaget måtte eg gjera ut djupdykk ned i historia til Stavanger og Sandnes som byar, for å betre kunne forstå korleis personar nyttar historie og fortida i casene eg har vald. For begge byane er det skreve fleire verk om byanes historie. Sjølv om mange av dei fortel i botn og grunn ei historie på det same sannferdige historiske grunnlaget, og forsøker å følgja reglane til vitskapsfaget historie, så er det forskjellar i kva historier som vert prioritert og får størst plass i historiene om byane.

Om byen Stavanger si historie er verket “Stavanger Byleksikon”, spesielt kapittelet som heiter “Fortellingen om Stavanger” av Svein Eigil Omdal interessant.¹⁷ Andre verk er blant anna Anders Haaland sitt verk om “Stavanger bys historie“ i fire bind som tar føre seg fleire av periodane i byens historie.¹⁸ Eit siste viktig verk er “Stavanger mellom sild og olje“ med redaktør Rolf Danielsen.¹⁹ Om Sandnes er det også skreve ein del. Eg nemner blant anna

¹² Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 39-40.

¹³ Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 112.

¹⁴ Bøe & Knutsen, *Innføring i historiebruk*,

¹⁵ Beate Aasen Bøe, “Byjubileene i Sandnes i 1960 og 1985 – En studie av historiebruk” (Masteroppgåve, Universitetet i Stavanger, 2009).

¹⁶ Lene Bøe, “Det gamle og det nye Sandnes en studie av historiebruk ved jubilea i 1910 og 1935” (Masteroppgåve, Universitetet i Stavanger, 2009).

¹⁷ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 8-44.

¹⁸ Haaland, *Stavanger bys historie*.

¹⁹ Danielsen, R., red. *Stavanger mellom sild og olje*.

“Sandneshistorien“ eit verk i to bind av Lars Gaute Jøssand, Svein Ivar Langhelle, Birger Lindanger, Gunnar Nerheim og Olav Tysdal.²⁰ I tillegg til “Sandnes gjennom 100 år“ av Jonas Schanche Jonassen og “Sandnes - ide, innsats og industri“ av redaktør Ernst Lapin.²¹

1.4 Kjeldematerialet

1.4.1 Byggjesaksdokument Stavanger kommune

Innsamlinga av kjeldematerialet byrja med at eg fann ut at det hadde vore omstridd byggjesak i Stavanger nokre år tidlegare i 2012. Eg skreiv til Byantikvaren i Stavanger på mail, og fekk etter kvart tak i byggjesaksnummeret 12/5770 frå ho. Eg fann vidare ut at i Stavanger kommune samlast all byggesaksdokumentasjon i kommunens arkiv. Kommunen har ei innsynsløysning kor ein har tilgang til all byggjesaksdokumentasjon som ikkje er unntatt offentlegheita i alle byggjesaker frå 1. januar 2016 til i dag. Då byggjesaka i Kirkegata 22 er eldre enn 2016 sendte eg mail til Stavanger kommune og spurte om å få alle saksdokument som omhandla byggjesak 12/5770. Kommunen lasta dokumentasjonen opp på eit område på sin disk som eg fekk passordbeskytta tilgang til, og kunne laste ned dokumentasjonen frå der. Sidan dette var måten eg fekk tak i kjeldematerialet mitt, er det her sjølvstøtt er ein sjanse for at det er gjort personlege feil frå kommunen si side, og at dokument kan ha blitt gløymd eller blitt utelat.

1.4.2 Byggjesaksdokument Sandnes kommune

Etter at eg fekk tak i byggjesaksdokumenta til Kyrkjegata 22 var eg på leiting etter ei liknande sak som eg kunne samanlikna med. Valet fall på ei meir nyleg byggjesak i nabobyen Sandnes. Der det hadde føregått ein diskusjon rundt kva ein skulle gjera med siloen ved Havnegata 4 i sentrum av byen. Ved hjelp av Byantikvaren i Sandnes fann eg byggjesaksnummeret til saka 19/07885, og kunne dermed byrje leitinga etter dokumenta.

Eg fann ut at Sandnes kommune hadde eit system som likna på Stavanger kommune sitt, og at all byggjesaksdokumentasjon samlast i kommunens arkiv. Kommunen har ei innsynsløysning kor ein har tilgang til all byggjesaksdokumentasjon som ikkje er unntatt offentlegheita i alle byggesaker frå mars 2013 til i dag. Då byggjesaka i Havnegata 4 er frå 2019 kunne eg sjølve søkje frem dokumentasjonen i denne byggjesaka. Eg gjekk inn på “Innsyn

²⁰ Jøssand & Langhelle & Lindanger & Tysdal, *Sandneshistorien*.

²¹ Lapin. red, *Sandnes - ide, innsats og industri*.

byggjesaks- og eiendomsarkiv”, søkte på byggjesak nr 19/07885, og fann sjølve all tilgjengeleg informasjon. Viss det eventuelt finns noko informasjon som ikkje er tilgjengeleg gjennom denne løysinga, så vart altså dette ikkje ein del av kjeldegrunnlaget mitt. Som ein kan sjå er det tydeleg mindre dokumentasjon i byggesaka om Havnegata 4, dette kan skuldast at det var ein mindre komplisert prosess med færre aktørar, og vedtaket ikkje vart annullert slik som i den andre byggjesaka.

1.4.3 Innsamling av mediekjelder

For å sjå desse byggjesakene i eit meir fullstendig lys valde eg vidare å sjå på korleis den politiske prosessen og dei aktuelle byggja vart skrive om i media. Sidan eg vil hevde at dei fleste innbyggjarar nødvendigvis ikkje følgjer den politiske debatten rundt riving av bygg, men at det derimot er meir sannsynleg at dei les om sakene gjennom media, og at framstillinga i media derfor kan treffe ei større del av befolkninga, og debatten som går føre seg der moglegvis kan framstille ei meir representativt framstilling av opinionen om temaet.

I motsetnad til resten av kjeldene eg nyttar i denne oppgåva, finns det ikkje ei liste med all dokumentasjon i mediedebatten som kommunen har samla saman for meg. I arbeidet med å finne nødvendig dokumentasjon nytta eg google og søkte i historisk arkiv i lokale og nasjonale aviser. Artiklar, meiningar og argument frå følgjande media er nytta i medieanalysen i dei to casene:

- Stavanger Aftenblad papir
- Stavanger Aftenblad
- Sandnesposten
- Rogaland Avis
- NRK

I dette arbeidet er det eg som forskar som har måtte gjort eit utval. Hovudsakleg gjennom korleis eg har vald å søke etter kjeldemateriale. Mine søk i google og avisene sine egne søkemotorar finn sjølvstøtt berre det som er transkribert. Det er dermed mogleg at det finns papirartiklar som ikkje er transkriberte, og som eg dermed ikkje har funne. I tillegg er det mogleg at det er søkeord eg ikkje har komme på, og dermed tekstar eg ikkje har funne. Eg meiner derimot at mitt søk med all sannsyn har klart å finna dei viktigaste og mest leste tekstane som er skreve om bygga.

Om medieinnsamlinga må eg også presisera at eg har gjort litt forskjellige utval i når det gjeld årsperioden eg har vald å hente inn kjelder frå. Debatten om Kirkegata 22 byrja ganske spontant når det kom inn søknad om at Auctus AS ville rive ned bygget i starten av 2012, og saken var heilt ferdig og avgjort før 2013 var ferdig. Så dette er ein periode på ca. 1.5 år. Siloen i Sandnes hadde derimot vore omtalt og diskutert i lang tid før det kom søknad om riving i 2019. Derfor har eg vald å ta med innlegg frå diskusjonen i media som skjedde fleire år før den aktuelle byggjesaka, sidan eg meiner at dei er ein del av ein større diskusjon, og har vore med på å forma historiesynet og folkeopinionen rundt siloen som råda blant politikarar og innbyggjarar i Sandnes.

Som vist i Henrik Bastiansen og Hans Fredrik Dahl sin “Norsk mediehistorie” har korleis media opererer og korleis me som lesarar konsumerer media endra seg mykje sidan nettavisene på internett kom til Noreg for fullt i 1995.²² Sidan den gong har papiravisene sin posisjon stadig svekka seg, og vert utgitt i stadig mindre opplag år for år.²³ Denne tendensen har også vore formande for denne oppgåva, då majoriteten av mediekjeldene er har funne har vore nettaviser, og i fleire av tilfella har det eksistert versjonar av artiklane frå nettavisa i papirversjonen, men at papirversjonen ofte er kortare og har meir notisform enn artikkelform, og eg dermed ikkje har funne mykje nyttig i papirform. Dette er noko som står i sterk kontrast til nettavisenes start, der dei var ein slags reklame for papiravisa.²⁴ I tillegg har eg også nytta eit innlegg frå ei nettside som ikkje er ei nettavis ein gong, men har meir form som ei bloggside. Sjølv om det må nemnast at denne nettsida også vart nemnd i ein avisartikkel, og slik fekk mykje ekstra merksemd. I ei tid der media er dominert av nettaviser er det “klikk” som er oppskrifta på suksess for ein journalist, og derfor kan dette ha påverknad på korleis eit spørsmål rundt riving av eit bygg vert framstilt i media.²⁵

1.5 Metode

Denne oppgåva er som dei fleste historieoppgåver ei kvalitativ oppgåve.²⁶ Kjeldematerialet eg undersøker er ikkje meir enn ca 150 sider med politiske dokument og eit titals artiklar frå media. Eg har gått djupt inn i desse dokumenta og gjort det som i historiefaget

²² Bastiansen & Dahl, *Norsk mediehistorie*, 367-368.

²³ Bastiansen & Dahl, *Norsk mediehistorie*, 368-369.

²⁴ Bastiansen & Dahl, *Norsk mediehistorie*, 367-368.

²⁵ Bastiansen & Dahl, *Norsk mediehistorie*, 372-373.

²⁶ Melve & Ryymin, red. *Historikerens arbeidsmåter*, 101.

heiter ein tekstanalyse.²⁷ Tekstanalyse er eit omgrep som forklarar korleis historikarar analyserer tekstar, noko som er ein stor del av historikarar sitt kjeldemateriale.

Eit av dei viktigaste prinsippa innanfor tekstanalyse er kjeldegransking.²⁸ For ein tekst er meir enn berre fakta, den er ein del av ein meningsberande samanheng som teksten i si heilheit skapar, og som kan granskast av ein historikar. Dette er den hermeneutiske grunnideen om at for eksempel ein del av ein tekst best kan verta forstått i lys av den heilheita den inngår i. Det er ein tanke om at all rekonstruksjon av mening krev ei forståing av den større heilheita.²⁹

Kjeldegransking har båe ein indre og ytre dimensjon. Den indre dimensjonen handlar om den enkelte kjelda, kven skreiv den? Kva perspektiv hadde denne personen? Kan ein stole på kjelda? Kva interesser kan opphavspersonen ha av å ikkje vera sannferdig? Og til slutt spør ein om kjelda kan brukast til å svara på det utvalde forskingsspørsmålet?³⁰ Dette er spørsmål eg må ha i bakhovudet når eg driv tekstanalyse av historiske dokument. Den ytre kjeldegranskinga handlar om korleis kjelda heng saman med ein større samanheng. Kva har andre skreive om dette? Kva er etablert frå før? Til saman utgjer denne indre og ytre dimensjonen mykje av det som i historiefaget heiter kontekst. Eg som historikar må gjennom mitt arbeid bestemma ein del av denne konteksten, finna det som er mest relevant for nettopp mi oppgåve, og forsvare vala eg har tatt.³¹

I denne historiske tekstanalysen valde eg å gjennomføra ein samanlikning mellom to ulike caser. Der den eine casen var den politiske prosessen og debatten som kom som følgje av at nokon ville rive bygget som sto på Kirkegata 22 i Stavanger, mens den andre casen var den politiske prosessen som kom som følgje av at nokon ville rive siloen som stod ved Havnegata 4 i Sandnes. Denne samanlikninga mellom desse to casene vert kalla for komparativ metode, og har utspring frå arbeidet til John Stuart Mill på midten av 1800-talet.³² Innanfor komparativ metode er det fleire dimensjonar som historikarar historisk sett har fokusert på, som også eg vil fokusera på. Skal ein samanlikna synkront, altså å gå djupt inn ved å samanlikna innanfor ein historisk

²⁷ Bratberg, *Tekstanalyse for samfunnsvitere*, 166-167.

²⁸ Bratberg, *Tekstanalyse for samfunnsvitere*, 166-167.

²⁹ Melve & Ryymin, red. *Historikerens arbeidsmåter*, 47.

³⁰ Bratberg, *Tekstanalyse for samfunnsvitere*, 166-167.

Melve & Ryymin, red. *Historikerens arbeidsmåter*, 49-53.

³¹ Melve & Ryymin, red. *Historikerens arbeidsmåter*, 47.

³² Melve, *Komparativ historie*, 63.

periode? Eller diakront ved å samanlikna frå ulike periodar for å finne utviklinga over tid?³³ Ved val av caser som er frå 2012 og 2019, altså særst nær kvarandre i tidsrom, og geografisk, kjem mi oppgåve til å forsøke å gå djupt inn i ein periode, og vil dermed vera ei synkron samanlikning. Ein annan dimensjon ein historikar som arbeider komparativt må ta stilling til er om ein skal sjå etter det som er likt eller sjå etter det som er ulikt.³⁴ Normalt er det slikt at ein kan sjå etter det som er likt når ein har eit stort utval, fordi eit stort nok utval gjer at det ein kan komma med meir valide generelle utsegner om eit tema. Viss ein har eit mindre utval slik som eg har ved desse to casene, vil det vera meir naturleg å sjå etter kva som er ulikt mellom dei to casene og diskutere dette. Dette heng også tett saman med samanlikningas kontrasterande funksjon, som handlar om å finna eigenartar ved å samanlikna forskjellane i dei to casene.³⁵ Formålet med to caser i denne oppgåva er derimot ikkje berre for å få eit komparativt aspekt, då dette ikkje vil gi svar på alle spørsmåla eg vil finna. Derfor kjem denne oppgåva til å sjå på bae likskap og ulikskap mellom dei to casene.

2. Teoretiske omgrep og forskingsfelt

2.1 Historie og fortida

Denne oppgåva handlar om korleis ulike individ i ei politisk sak nyttar bae historie og fortida for å vinne fram med sitt syn i prosessen og debatten. For å utforske dette må ein først sjå på nettopp omgrepa historie og fortida. Historie som eit omgrep har mange forklaringar og definisjonar. Historie kan forståast som vitskapsfelte historie, som er studie av fortida som følgjer dei vitskapelege og akademiske retningslinjene. Det har derimot også andre definisjonar, historie kan vera det som har skjedd men det kan også vera framstillinga av kva som har skjedd.³⁶ Historie som det som har skjedd ligg tett oppom omgrepet fortida, då dette er fortida som har vore og som nå er borte for alltid, altså det som har skjedd før. Fortida i seg sjølv fortel ikkje ei forteljing eller historie. For her kjem framstillinga av det som har skjedd inn i biletet, dette ligg nærare historie som fagfelt og omgrep, og er det som skjer når nokon gjenfortel fortida for å fortelje ei historie. Dette må poengterast, sidan ein viktig tanke her er at ingen kan

³³ Melve & Ryymin, red. *Historikerens arbeidsmåter*, 74.

³⁴ Melve & Ryymin, red. *Historikerens arbeidsmåter*, 74.

³⁵ Melve & Ryymin, red. *Historikerens arbeidsmåter*, 72-73.

Øyvind Bratberg, *Tekstanalyse for samfunnsvitere*, 166-167.

³⁶ Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 15.

gjenfortelja ei historie heilt nøytralt, det vil alltid vera ein forfattar eller eit narrativ. Det er denne delen av omgrepet historie som vil vera viktigast i resten av denne oppgåva.³⁷

For når ein nyttar historie, og skriv ei historie, kva slags syn på fortida og historia kjem fram gjennom denne bruken? For å utforska dette skal eg nytta teori frå historiefaget som fortel oss meir om tre forskjellige tema. Det første teoretiske temaet er historiebruk som eg skal nytta for å forklarar korleis dei ulike partane i byggjekonfliktane nyttar historie og fortida for å vinne fram i den politiske prosessen. Det andre teoretiske temaet eg skal nytta meg av er identitet. Dette skal nyttast for å visa at mykje av bruken av historie og fortida i byggjekonfliktane handlar om identitetar. Det tredje og siste teoretiske temaet vil omhandla by og byutvikling, og skal brukast for å visa at byen og byutviklinga er eit viktig aspekt å ha kontroll på når ein skal forstå kvifor nokre bygg vert rive ned, og nokre vert bevart.

2.2 Historiebruk

Historiebruk er eit av dei viktigaste fagfelte for denne oppgåva, då eg forsøker å utforska korleis dei ulike partane i sakane nettopp nyttar historie og fortida for å vinne fram med sitt synspunkt. Historiebruk er ein del av det ein kallar eit tverrfagleg felt, det er eit tema som har relevans for blant anna historikarar, didaktikarar, kulturviterar, sosiologar, sosialantropologar og filosofar.³⁸ Denne oppgåva skal skrivast som ein del av historiefaget sin tradisjon, men ein må sjølvstøtt vera bevisst på dette tverrfaglege aspektet når ein utforskar historiebruk.

Innanfor historiefaget er historiebruk eit omgrep som høyrer til på historiefaget sitt “metaplan”.³⁹ For historiebruk handlar ikkje om historiske “fakta”, som i kva år andre verdskrig starta, eller vanskelege spørsmål om kvifor det vart verdskrig i utgangspunktet. Historiebruk vert nemleg nytta for å svara på heilt andre spørsmål, som for eksempel å finna ut korleis me i dag nyttar historia om andre verdskrig, gjennom nye framstillingar av fortida.⁴⁰

For å lettare forklara og utforska omgrepet historiebruk har mange historikarar delt omgrepet opp i mange underkategoriar. Som for eks: Vitskapleg, eksistensiell, moralsk, ideologisk, ikkje-bruk og underhaldande bruk av historie.⁴¹ I denne oppgåva kjem eg til å

³⁷ Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 15.

³⁸ Ryymin, red. *Historie og politikk*, 10.

³⁹ Bøe & Knutsen, *Innføring i historiebruk*, 15.

⁴⁰ Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 15.

⁴¹ Bøe & Knutsen, *Innføring i historie*, 6-7.

fokusera mest på Håkon Rune Folkenborg si oppdeling av desse kategoriane. Han deler historiebruk opp i blant anna historiebruksfunksjonar og historiebruksområder.⁴²

Historiebruksfunksjonar handlar om kva slags funksjon ein for eksempel oppfyll ved å knyte ein kjent historisk person til ein stad.⁴³ Den kanskje mest brukte historiebruksfunksjonen er den identitetsskapande funksjonen, den dominerer dei fleste framstillingar som handlar om mennesket eller samfunnsutvikling.⁴⁴ Når ein knyt noko historisk eller ein historisk person til ein stad, så kan du forsterka identiteten til dei som føler eit tilhøyr til denne staden.⁴⁵

Dei andre historiebruksfunksjonane Folkenborg nyttar er underhaldande, eksplorativ-forskande og legitimerande.⁴⁶ Den underhaldande funksjonen er rett og slett av funksjonen til bruken er å underhalda oss, for eksempel gjennom å bruka historie i spel, filmar, teater, denne gruppa er ikkje relevant for denne oppgåva og vert berre nemnd.⁴⁷ Den eksplorativ-forskande funksjonen heng saman med forskning, han heng det saman med dei profesjonsfaglege krava til vitenskapleg historisk arbeid.⁴⁸ Altså at du forsøker å bruka kjelder og historia på ein vitenskapleg måte.

Den siste kategorien er den legitimerande funksjonen, det er når du nyttar historia for å legitimera noko, eksempel som vert nytta er for eksempel korleis historiske dokument som fortel oss kor lenge saman har budd i eit område kan gi legitimitet til deira krav for å bruka området. I tillegg er alt som går i opposisjon til "hegemoniske grunnforteljingar" legitimerande.⁴⁹ Altså at du utfordrar den etablerte historia om eit tema.

Ifølge den svenske historikaren Aronsson heng legitimitet tett saman med tid.⁵⁰ Kor lenge noko har eksistert, eller kor lenge ein har vore ein spesifikk plass, gir meir legitimitet i mange sine auge. I tillegg til tid, er også representasjon viktig, historia om kva personar eller kva gruppe som for eksempel har budd ein stad, eller vore viktig i ei utvikling må vera kjend for å gi legitimitet. Og auka bruk og kjennskap om dette vil derfor kunne gi auka legitimitet. Det hjelper

⁴² Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 38-39.

⁴³ Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 38-39.
Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 40.

⁴⁵ Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 39-40.

⁴⁶ Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 38-43.

⁴⁷ Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 40.

⁴⁸ Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 42.

⁴⁹ Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 41-42.

⁵⁰ Aronsson, *Historiebruk*, 62.

ikkje at du eller ei gruppe har personleg eigarskap til ei historie eller ein stad, viss ingen andre kjenner til denne historia.⁵¹

Nå som me har sett på historiebruksfunksjonane i Folkenborg si definisjon, skal me vidare sjå nærare på historiebruksområder. Folkenborg nytta også her fire omgrep, Vitskapleg, Politisk-ideologisk, kommersiell og offentleg.⁵² I denne oppgåva kjem eg berre til å fokusera på omgrepet han kallar politisk-ideologisk historiebruk, då denne definisjonen treff best på mi oppgåve.⁵³

Det politisk-ideologiske historiebruksområdet har med den delen av samfunnet som er politikken og ideologien å gjera, det handlar om verdiar og syn på verda, og korleis dette vert gjennomført gjennom politikken.⁵⁴ Andre historikarar har skreve at den politiske delen av historiebruken vert hovudsakleg nytta for å overtyda om at ditt standpunkt er rett i ei sak. “Politikerne velger ut og tolker historien slik at det skapes et samsvar mellom nåtid, fortid og fremtid som får velgerne til å mene det same som politikerne” og “I stedet blir de et politisk virkemiddel der målet ikkje er å avdekke sannheten om historien eller problematisere den, men å vinne støtte gjennom stadfesting”.⁵⁵ Altså vert historie i denne samanhengen ikkje noko meir enn eit politisk verkemiddel og ikkje lenger noko ein nyttar for å lære om fortida eller forstå den betre.

2.3 Identitet

Omgrepet identitet som vart nemnd når eg skreiv om historiebruk heng tett saman med den identitetsskapande historiebruksfunksjon, og er eit av dei viktigaste omgrepa innanfor dette fagfeltet. “Begrep om menneskers opplevelse av seg sjølv og andre som de samme, over tid og i ulike sosiale sammenhenger. Identitetsbegrepet har sin opprinnelse i psykoanalysen.⁵⁶ I løpet av 1900-tallet ble begrepet utvidet og omarbeidet slik at man i dag kombinerer psykologiske aspekter ved identitet med den betydningen historiske og sosiokulturelle faktorer har for danningen, slik at identiteten blir sett på som et produkt av samhandling mellom selvet og

⁵¹ Aronsson, *Historiebruk*, 62.

⁵² Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 43-47.

⁵³ Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 45.

⁵⁴ Folkenborg, *En fortid-mange fortellinger*, 43-45.

⁵⁵ Bøe & Knutsen, *Innføring i historie*, 107

⁵⁶ Bøe & Knutsen, *Innføring i historiebruk*, 42.

samfunnet.”⁵⁷ Dette sitatet fortel oss at identitet er eit samspel mellom eit oppleving av eit oss, individet og samfunnet.

Historia sin identitetsskapande funksjon er ein viktig del av historiebruksforskinga. Historiske forteljingar er sentrale studieobjekt som fortel oss viktig informasjon om korleis individuelle og sosiale identitetar vert til, og er med på å forme alt frå vår personlege identitet til ei heil nasjons fellesskapsfølelse, eller fellesskapskjensla til ein by.⁵⁸

Det treng heller ikkje å vera identiteten til ei eit individ eller ei gruppe som er i fokus, det kan vera identiteten til ein stad. Som for eksempel ein by eller ei bygd. Dei fleste definisjonar av stader sin identitet er einige om at denne identiteten er laga av mennesket, og kan endre seg i samvær med andre menneske om og om igjen.⁵⁹ Sidan identiteten er laga av menneske, vil den forsvinne viss menneske sluttar å tenkje at ein stad har ein spesiell identitet, då finnes ikkje identiteten lenger. For eksempel viss eit gammalt fylke eller kommune vert gløymd av dei som bur der, så forsvinn identiteten som kanskje ein gong var der. Denne førestilte identiteten kan vidare bli representert av ein enkelt ting, eit ikon. Landemerker, minnesmerker og historiske bygg kan vere eksempel på slike lokale ikoner, som vert symbol for ein plass sin identitet.⁶⁰

2.4 Historisk trope

Historiske tropar er ein av grunnpilarane i all historieforteljing, og utan, er det kanskje vanskeleg å kalle det historie. For dette handlar om skiljet mellom arkeologi, og det vitskaplege faget historie. For all historieskriving handlar om å gi ting mening, det handlar om å tolka, det handlar om å skapa. Og ein kan ikkje gjera noko av desse tinga, men mindre ein lagar eit bilete av historia som utgangspunkt. At du har ei historie, som så passende namnet på faget nettopp er. Aronsson fortel oss om fleire dominerande tropar som har vorte nytta for å forklara historia i ulike tider. Og som også vert nytta i dag ettersom kva slags syn den enkelte har på historia.⁶¹

Ein trope er tanken om ein gullalder. Då tenkjer ein historie ut frå ein gullalder, ei tid der alt var på sitt beste. Eit populært syn på dette var ei idealisering av antikken som lenge føregjekk, der antikken var “toppen”, og at me nå ikkje kan leva opp til dette etterpå.⁶² Dette synet er

⁵⁷ Bøe & Knutsen, *Innføring i historiebruk*, 42.

⁵⁸ Ryymmin, *Historie og politikk*, 11.

⁵⁹ Bøe & Knutsen, *Innføring i historiebruk*, 43.

⁶⁰ Bøe & Knutsen, *Innføring i historiebruk*, 43-45

⁶¹ Aronsson, *Historiebruk*, 77-79.

⁶² Aronsson, *Historiebruk*, 80-81.

kanskje ein naturleg del av menneskets psyke. Sidan mange menneske ser på barndommen og ungdommen som ein gullalder, og vert sett tilbake på med nostalgi. At alt var betre før, og alt går verre nå, er ein tanke som ein høyrer nesten kvar dag.

Ein annan populær trope er tanken om framsteget. Historia om at mennesket, eller samfunnet vårt alltid har framsteg, og dermed blir betre og betre.⁶³ Dette har vorte ein sterk tanke i for eksempel Norge eller Sverige. Som har vore gjennom nesten utelukkande positiv forandring sidan andre verdskrig. Der dei har gått frå å vera fattige land, til å vera rikare og rikare. For ein person som har levd i denne perioden ville det kanskje vera naturleg å tenkje at alt stadig vert betre?⁶⁴

2.5 Kva er ein by?

Eg har nå presentert historiebruk og identitet slik dei vert nytta innanfor historiefaget, og vil bli nytta i denne oppgåva. Dermed er det på tide å sjå på det temaet som bruken av historie og identitet hovudsakleg vert nytta om i denne oppgåva. Stavanger og Sandnes er begge det som vert kalla byar, og derfor må me sjå på fenomenet by, i ein hovudsakleg historiefagleg kontekst.

Byen er i eit langsiktig perspektiv eit relativt nytt fenomen. Dei første byliknande samlingane av menneske byrja i dei fruktbare områda i Mesopotamia, Egypt, Kina og India.⁶⁵ Overskot av mat gjorde det mogleg for folk å drive med andre jobbar enn berre landbruk. Spesielt i Mesopotamia for rundt 5000 år sidan byrja personar som hadde lærd seg eit handverk eller dreiv med handel å samla seg i på ein stad, og var grunnlaget for at dei første byane oppstod.⁶⁶

Det første spørsmålet ein må svara på for å forstå byar i eit historiefagleg perspektiv er; kva er ein by? Når historikarar skriv om fenomenet by er det to modellar som ofte vert nemnd. Det er Walther Christaller med sin sentralstadsteori og Paul M. Hohenberg og Lynn Hollen Lee med sin nettverksmodell.⁶⁷ I “Norsk byhistorie: Urbanisering gjennom 1300 år“ vert Christaller sentralstadsteori nytta for å definera kva ein by er. Ein by er ein stad som er ein sentralstad, den forsyner eit omland, altså eit område rundt med det det treng. Det må vera ein

⁶³ Aronsson, *Historiebruk*, 84.

⁶⁴ Aronsson, *Historiebruk*, 84.

⁶⁵ Heller & Eliassen & Myhre & Stugu. *Norsk byhistorie*, 9.

⁶⁶ Heller & Eliassen & Myhre & Stugu. *Norsk byhistorie*, 9.

⁶⁷ Heller & Eliassen & Myhre & Stugu. *Norsk byhistorie*, 12-15.

økonomisk sentralstad, som gir omlandet dei varene og tenestene som dei treng, og er ofte heim for handverk og industri. Det er styringssentrum og har politisk og administrativt styring over området rundt. Det er sentrum for religiøs kultus, ved å ha store viktige kyrkjer og katedralar. Og ein sentral kulturfunksjon, med kunst, underhaldning og utdanning.⁶⁸ Altså er det ikkje berre kor mange hus som ein finn på ein stad som definerer om det er ein by i eit historiefagleg perspektiv, det er funksjonen som byen har for omlandet som avgjer dette.

I Noreg var det i lange tider kongen som hadde kontroll over byane. Hovudsakleg ved at handel var sterkt regulert og kontrollert. I 1662 hadde Noreg fått åtte kjøpstadar, altså stader der ein kunne drive med handel.⁶⁹ Stavanger fekk for eksempel status som kjøpstad i 1607 og hadde på eksklusive handelsrettigheter i ein radius på 3 mil, noko som gjorde at dei for eksempel har eksklusive handelsrettigheter i området som i dag er Sandnes.⁷⁰

3. Bevaring

3.1 Noregs bevaringshistorie

For å forstå kva bygg som vert bevart, og den politiske og faglege prosessen bak bevaring i Noreg, treng ein eit historisk perspektiv. For å få dette historiske perspektivet skal eg nå presentera ei kort oppsummering av Noregs bevaringshistorie.

3.1.1 Forstidsminneforeningen

Starten på det ein kanskje kan kalla “moderne bevaring”, altså meir enn at ein berre tek vare på det gamle rundt seg “slik som ein alltid har gjort”, men faktisk byrjar å skriva ned og dokumentera det ein vil ta vare på, kjem i 1844 med stiftinga at Fortidsminneforeningen.⁷¹ Foreininga var ein privat organisasjon som skulle dominera norsk bevaring i mange år framover. Foreiningas medlemmer var hovudsakleg medlemmer av den nye borgarklassen som på 1800-talet vart ei dominerande samfunnsgruppe i Noreg. Denne gruppa med menneske, hovudsakleg menn, hadde meir midlar og ikkje minst meir fritid enn før, og fekk nå interesse for det ein i dag

⁶⁸ Heller & Eliassen & Myhre & Stugu. *Norsk byhistorie*, 13.

⁶⁹ Heller & Eliassen & Myhre & Stugu. *Norsk byhistorie*, 158.

⁷⁰ Heller & Eliassen & Myhre & Stugu. *Norsk byhistorie*, 158.

⁷¹ Christensen, *Kunsten å bevare*, 22.

kallar kulturminne.⁷² Foreininga sine første kampsaker stod hovudsakleg om stavkyrkjene og eldre steinbygg frå mellomalderen.⁷³)

Fortidsminneforeningen fortsette å vera den viktigaste påverkaren av bevaring i Noreg gjennom heile 1800-talet. Fortidsminneforeininga fekk etter kvart litt støtte av staten til sine affærar.⁷⁴ Blant anna vart ein statleg lønna antikvar ansett i 1860 (Med vilje og viten s49), denne stillinga gjekk til leiaren i foreininga Nicolay Nicolaysen.⁷⁵ Han fekk ei løn på 4000 kr av staten.⁷⁶ Sjølv med desse bidraga frå staten var det dei personlege bidraga som drog lasset. Eit eksempel på dette er Fortum stavkyrkje, og vart kjøpt av konsul F.G Gade og frakta til Bergen der den vart reist på nytt som ein attraksjon for den eksotiske gamle byggjekulturen som stavkyrkja er.⁷⁷

På slutten av 1800-talet får fortidsminneforeininga meir og meir legitimitet. I eit skriv frå Indredepartementet i 1871 som vart sendt rundt til amtmennene i landet, vert det blant anna presisert at i saker om oldtidslevningar i stein, som bautasteiner og gravhauger, så skulle Fortidsminneforeningen få “treffe de tiltak den mener berettiget”.⁷⁸ I 1884 sendte Kyrkje- og undervisningsdepartementet ut eit anna skriv, der det vert poengtert at Fortidsminneforeningen må få uttale seg når det vert slutta tiltak om restaurering eller ombygging av alle kyrkjer.⁷⁹ Dette viser at Norge nå hadde fått ein aktør som kunne påverka kva som vart bevart, og korleis det vart bevart. Og at det ikkje lenger var heilt “fritt fram” kva ein gjorde med det gamle.

Men dei verkelege store endringane kjem først på 1900-talet. I 1912 vedtok Stortinget at det skulle opprettast ei riksantikvarstilling.⁸⁰ Antikvaren var ikkje lenger berre ein del av Fortidsminneforeningen, men ansett av staten. Men eit klart skille vart det ikkje, når riksantikvaren endte opp med kontor plass saman med Fortidsminneforeininga.⁸¹ Og at Riksantikvaren frå 1913, Harry Fett, aktivt skreiv artiklar i Fortidsminneforeningen sine

⁷² Christensen, *Kunsten å bevare*, 24-25.

⁷³ Christensen, *Kunsten å bevare*, 36-40.

⁷⁴ Myklebust, *Med viljen og viten*, 47.

⁷⁵ Myklebust, *Med viljen og viten*, 47.

⁷⁶ Myklebust, *Med viljen og viten*, 60.

⁷⁷ Christensen, *Kunsten å bevare*, 52-53.

⁷⁸ Myklebust, *Med viljen og viten*, 49.

⁷⁹ Myklebust, *Med viljen og viten*, 50.

⁸⁰ Myklebust, *Med viljen og viten*, 85.

⁸¹ Myklebust, *Med viljen og viten*, 144

årbøker.⁸² Utover på 1920-talet fekk deimot riksantikvaren nytt kontor, fleire ansette og fleire ressursar, og vart etterkvart ein etablert statleg institusjon.⁸³

3.1.2 Lover

“Lov om Fredning og Bevaring af Fortidslevninger” vart vedteken i 1905 og etablerte den magiske årsgrensa 1537.⁸⁴ Som har bestått heilt til i dag, og gjer at alt som vert datert før dette årstalet er automatisk freda. Noko som gjorde at alt ein i dag vil kalla arkeologiske kulturminne var sikra eit vern av den norske stat.⁸⁵ Den neste viktige lova kom i 1920 og heitt “Lov um bygningsfredning”, her vart det opna for at ein kunne gi vern til bygg som var 100 år eller eldre. Og kanskje det mest revolusjonerande vart at ein kunne verne hus i privat eige, og at staten kunne krenke den private eigedomsretten.⁸⁶ For fram til nå hadde den private eigedomsretten nesten vore ideologisk heilag for borgarklassen.⁸⁷ Ved bruk av denne lova vart det laga ei liste over alle bygg som riksantikvaren ville gi vern til med hemmel i denne lova, lista vart dominert av storgårdsbebyggelsen i Gudbrandsdalen og eldgamle tun i Telemark. Og gir eit bilete av kva ein i denne perioden meinte det var viktig å bevara.⁸⁸

Ei av dei første store sakene der riksantikvaren verkeleg vart involvert var ved bevaringa av Røros. Den gamle gruvebyen i tre hadde vekka interessa til Fortidsminneforeningen allereie i 1891 då den vart nemnd i årboka. Og i 1922 sendte riksantikvaren brev til Herredstyret i Røros der han konkluderte med at 8 trebygg burde vernast, og at over 20 andre burde vurderast nærare.⁸⁹ Vidare følgde ein kamp mellom blant anna Herredstyret og lokale innbyggjarar som ville fornye byen, og dei som ville bevara deler av den gamle byen. Blant anna tok det ikkje lang tid før det kom forslag om å riva eit av dei verna bygga for å bygga ein bensinstasjon.⁹⁰

⁸² Myklebust, *Med viljen og viten*, 139 & 164.

⁸³ Myklebust, *Med viljen og viten*, 181-190.

⁸⁴ Christensen, *Kunsten å bevare*, 96-98.

⁸⁵ Christensen, *Kunsten å bevare*, 96-98.

⁸⁶ Myklebust, *Med viljen og viten*, 171.

⁸⁷ Myklebust, *Med viljen og viten*, 52.

⁸⁸ Myklebust, *Med viljen og viten*, 175.

⁸⁹ Myklebust, *Med viljen og viten*, 210.

⁹⁰ Myklebust, *Med viljen og viten*, 211.

3.1.3 Nye tankar

Dette endra seg i 1968, då starta ei slags rørsle for fult. Dei unge ville bryte med det gamle, og som ein del av dette brotet, måtte ei ny type historie verte fortalt. Der det vanlege folket skulle vera den sentrale aktøren, og ikkje det rike borgarskapet eller storbøndene som det hadde vore før. Dette hang kanskje saman med at nå også vanlege folk hadde fått meir fritid, og hadde som borgarskapet hundre år før, nå anledning til å finne meining med seg sjølv, gjennom historia.⁹¹ På eit vis kan ein seia at denne rørsla enda dominerer i dag, då representasjon og historia til stadig nye grupper fattar interesse innanfor historiefaget.

I dag er bevaringa i Noreg i stor grad profesjonalisert, og riksantikvaren og andre bevaringsaktørar har hemmel i ei stor mengde lover, som eg går djupare inn på i neste del om bevaring som politisk tema.

3.2 Bevaring som politisk tema

Sidan dette er ei oppgåve som omhandlar diskusjonar rundt bevaring av 2 bygg. Byrjar eg med ei gjennomgåing av dei lovene og vedtektene som er mest relevante for bevaringssaker i Stavanger og Sandnes. Slike lokale bevaringssaker er kompliserte og vert som det meste påverka av lover vedteke av Stortinget på eit nasjonalt nivå. Men i tillegg til desse lovene, gjeld ei stor mengd vedtekter på baa fylkes- og kommunalt nivå. Saman utgjer alle desse lovene og vedtektene det juridiske grunnlaget som skal liggja til grunn for alle politiske vedtak som omhandlar bevaring av bygg og kulturminne.

3.2.1 Bevaring på nasjonalt og internasjonalt nivå

Det første spørsmålet er kanskje kvifor Noreg som nasjon i det heile tatt skal bry seg om å verna og vedlikehalda gamle bygg, verdien deira er ikkje alltid like lett å sjå med første augekast. Eit svar på dette spørsmålet kan vera som med mange andre spørsmål, at me har signert ein internasjonal konvensjon. I denne saka heiter ein av desse er UNESCOs verdsarvkonvensjon frå 1972.⁹² Blant anna Bergkunsten I Alta, Bryggen I Bergen og Rjukan-Notodden industriarv står på denne lista. Dermed har Noreg som nasjon inngått ei internasjonal forplikting om å ta vare på

⁹¹ Christensen, *Kunsten å bevare*, 131-132.

⁹² Riksantikvaren, *Verdensarvkonvensjonen og verdensarvlistene*.

desse kulturminna og kulturmiljøa. Fordi det har blitt fastsett at dei har verdi som arv for heile verda, ikkje berre for Noreg som nasjon.⁹³

På eit nasjonalt plan er det derimot vanskeleg å hevda at internasjonale forpliktingar er den hovudsaklege grunnen for bevaring av kulturminne og kulturmiljø I Noreg. For i det i det store og heile er det berre ei handfull med objekt som står på verdsarvlista. I all hovudsak er det lover vedtatt av Stortinget opp gjennom historia som styrar nettopp dette, og som legg grunnlag for bevaring av kulturminne og kulturmiljø I Noreg. Dei to viktigaste lovene i dag er kulturminnelova og plan-og bygningslova, som saman bestemmer det meste om kva slags bygg som skal bevarast eller ikkje, og korleis prosessen for alt frå riving, vern, og til ombygging skal føregå.⁹⁴I tillegg til lovene har regjeringane i Noreg laga Stortingsmeldingar med jamne mellomrom, som har gitt nasjonale føringar for bevaring av kulturminne og kulturmiljø. Her får ein eit direkte innblikk i regjeringas tankar om, og grunngjevingar for bevaring av kulturminne og kulturmiljø I Noreg. Den mest relevante for denne oppgåva er «Stortingsmelding 35 (2012-2013, Framtid med fotfeste- Kulturminnepolitikken».⁹⁵ Det siste eg skal ta for meg som har nasjonal relevans innanfor temaet er fleire ulike databasar som har vorte oppretta og som gir både nasjonale, regionale og lokale myndigheiter oversikt over kulturminne og kulturmiljø som er verna allereie, eller som fagfolk meiner kanskje burde bli bevart. So for eksempel SEFRAK databasen til Riksantikvaren.⁹⁶ Noko som gir lokale politikarar meir direkte og kanskje enklare hjelp, enn lovtekstar og Stortingsmeldingar når ein skal ta lokale avgjerder om bevaring av kulturminne og kulturmiljø i Noreg.

3.2.2 Kulturminnelova

Den viktigaste lova for denne oppgåva er kulturminnelova som vart vedtatt i 1978, og blei gjeldande frå 1979.⁹⁷ Dette er den primære lova for vern og bevaring av alle kulturminne i Noreg. Lova definerer klart og greitt kva eit kulturminne er: «Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske

⁹³ Riksantikvaren, *Verdensarvkonvensjonen og verdensarvlistene*.

⁹⁴ Kulturminneloven, 1979.

Plan- og bygningsloven, 2009.

⁹⁵ Miljøverndepartementet, 2013

⁹⁶ Riksantikvaren, Sefrak.

⁹⁷ Kulturminneloven, 1979

hendelser, tro eller tradisjon til”.⁹⁸ Etter lovas definisjon er det klart at alle bygg kan vera eit kulturminne, og at ei vidare definisjon og avgrensing for kva kulturminne som skal vernast er nødvendig.

Den første gruppa av bygg som vert nemnd i denne lova er dei automatisk freda kulturminna. Her finn me blant anna alle bygg, og alle spor etter bygg frå før år 1537.⁹⁹ Desse er dei eldste kulturminna me har, og vert automatisk freda viss dei vert oppdaga. Dei same reglane gjeld for restar av samiske kulturminne frå før år 1917. I tillegg er byggverk frå perioden 1537-1649 automatisk freda viss dei har blitt erklært som eit ståande byggverk. Desse bygga slepp altså lange prosessar rundt freding, det må berre bli fastsett at dei vart bygga i denne perioden, så er dei automatisk freda.¹⁰⁰ På grunn automatikken i denne prosessen, er spørsmål rundt bevaring av automatisk freda kulturminne meir eit fagleg spørsmål for fagpersonar som definerer om eit kulturminne er automatisk freda, enn eit lokalpolitisk spørsmål. Og er derfor ikkje like relevant for denne oppgåva.

Kulturminnelova fortel oss at: «Ingen må – uten at det er lovlig etter § 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.”.¹⁰¹ Dette viser oss at vernet som desse kulturminna får gjennom loven er sterk.¹⁰² Dette sterke vernet heng nok saman med desse kulturminna sin alder, det utvalet av automatisk freda kulturminne som er att er ikkje stort, og det blir berre mindre og mindre for kvart år. Ein viktig grunn til dette litle utvalet er at ein del av kulturminna går tapt kvart einaste år, tal frå ein offentleg rapport hadde anslag i 2001 som vurderte det årlege tapet av automatisk freda kulturminne til ca 1%. Og sidan desse kulturminna ikkje er ein gjenbrukbar ressurs, så fører dette til at det vert færre og færre automatisk verna kulturminne. Dette tapet er spesielt stort i tettbygde strøk der det er større press på bygningsmassen på grunn av blant anna utbygging. Mens det i andre deler av landet skjer mest på grunn av mangel på vedlikehald.¹⁰³

⁹⁸ Kulturminneloven, 1979, §2.

⁹⁹ Kulturminneloven, 1979, §4

¹⁰⁰ Kulturminneloven, 1979, §4

¹⁰¹ Kulturminneloven, 1979, §13.

¹⁰² Kulturminneloven, 1979, § 3-4

¹⁰³ NOU 2002:1: 278-279

Kulturminnelova er derimot ikkje berre relevant for vern av dei dei aller eldste kulturminna i Noreg. I §15. “Fredning av bygninger, anlegg m.v. fra nyere tid” vert det formulert at departementet kan freda bygg uavhengig av alder. Dei kan freda bygg eller deler av bygg av kulturhistorisk eller arketektonisk verdi. Og at dei freda bygga ikkje kan endrast på eller øydeleggjast utanom vanleg vedlikehald utan dispensasjon.¹⁰⁴ Altså gir kulturminnelova departementet moglegheit til å verna alle bygg i Noreg som dei meiner har kulturhistorisk eller arketektonisk verdi, utan at alder har noko å seia.¹⁰⁵ Denne paragrafen er meir relevant for denne oppgåva enn automatisk freda kulturminne. Sidan spørsmålet om eit bygg har kulturhistorisk eller arketektonisk verdi er både eit fagleg og politisk spørsmål der ein kan komma til ulike avgjerder.

3.2.3 Plan- og bygningslova

Den andre lova som er særskild relevant når ein skriv om bevaring av bygg i Noreg er Lov om planlegging og byggjesaksbehandling, som resten av denne oppgåva vil bli omtala som plan- og bygningslova, som er namnet som oftast ver nytta for denne lova.¹⁰⁶ Dette er ei stor og omfattande lov som er delt opp i fleire deler, og som tilsaman bestemmer så godt som alt om kva ein kan gjera med både nye eller gamle bygg. I lova står det at den gjeld alle tiltak knytta til fast eigedom. Loven meiner vidare at eit tiltak inneber blant anna: «oppføring, riving, endring, herunder fasadeendringer, endret bruk og andre tiltak knyttet til bygninger».¹⁰⁷ Ei så grundig opprøysing av kva lova gjeld, betyr at det er ganske små endringar du kan gjera på eit bygg før du må tenkje på plan- og bygningslova. Derfor har plan- og bygningslova ein sentral posisjon i alle dei 2 eksempla eg skal nytta i denne masteroppgåva. Då denne lova legg ein del av grunnlaget for dei politiske prosessane som eg utforskar.

Den første delen i plan- og bygningslova omhandlar plandelen. I plandelen vert det stadfesta at kommunane i Noreg er plikta til å utreia planar for kva kommunen skal gjera dei neste åra.¹⁰⁸ For å nemna nokre eksempel på det som skal planleggast: Sette mål for blant anna det økonomiske og kulturelle utviklinga i kommunen, sikre jordressursar og vern av verdifulle

¹⁰⁴ Kulturminneloven, 1979, §15

¹⁰⁵ Kulturminnelova, 1979, § 15

¹⁰⁶ Plan- og bygningsloven, 2009.

¹⁰⁷ Plan- og bygningsloven, 2009, kort om loven.

¹⁰⁸ Plan- og bygningsloven, 2009, §3-1.

landskap og kulturmiljø, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling og leggja til rette for god utforming av bygde omgjevnader. Som desse eksempla frå plandelen viser oss, er desse planane vide og skal ta stilling og omsyn til ei stor mengd ulike prioriteringar. Omsyn til for eksempel den økonomiske utviklinga i kommunen må balanserast mot omsyn for vern av verdifulle kulturmiljø. Men eksempla: «vern av verdifulle landskap og kulturmiljø, og god utforming av bygde omgivelsar», er spesielt to punkt som viser oss at bevaring av kulturminne og kulturmiljø har, og skal ha, ein viktig plass i kommunale planar.¹⁰⁹

Ansvar for denne planlegginga ligg ifølge loven hos kommunestyra, regionale planmyndigheiter og Kongen. Sidan dette er lokale eksemplar som ikkje er av spesiell nasjonal interesse er det i alle hovudsak kommunestyra og regionale planmyndigheiter som har laga dei relevante planane. Fylkesmannen (Statsforvaltaren), i mine eksemplar Fylkesmannen (Statsforvaltaren) i Rogaland er den som har ansvar for å sørge for at kommunen oppfyller plikta til planlegging etter lova.¹¹⁰ Det må også nemnast at Fylkesmannen (Statsforvaltaren) etter 2021 har nytta namn stil Stasforvalteren, eg har nytta tittelen Fylkesmann for å ikkje gi alt for mykje forvirring fråvik frå kjeldene.¹¹¹

Byggjesaksdelen av plan- og bygningsloven er også relevant for denne oppgåva. I Plan og- bygningsloven står det at: «Byggjesaksdelen inneholder regler om hvordan byggesaker skal behandles, om når det foreligger søknadsplikt, om at tiltak skal forstås av et foretak med ansvarsrett, om hvilke krav som stilles til søknaden og kommunens tilsynsplikt med byggearbeider».¹¹² Altså er det byggjesaksdelen som gir oss alle køyrereglane for korleis byggesaker i Noreg skal gjennomførast. Akkurat som i plandelen har Fylkesmannen (Statsforvaltaren) ei viktig rolle for å gjera kommunar ansvarlege viss dei bryt lova. Fylkesmannen (Statsforvaltaren) er klageinstans i alle byggjesaker og kan oppheva alle tiltak som er gjort av kommunen. Det er hans oppgåve å sørge for at desse «køyrereglane» frå byggjesaksdelen har vorte f¹¹³_{OBJ}

¹⁰⁹ Plan- og bygningsloven, 2009, §3-1.

¹¹⁰ Plan- og bygningsloven, 2009, § 3-2.

¹¹¹ Vabo, "Fylkesmann."

¹¹² Plan- og bygningsloven, 2009, kort om loven.

¹¹³ Statsforvalteren, *Regler ved klagebehandling*, 5.

Desse lovene Kulturminnelova og Plan-og byggesakslova er altså lovverket som ligg til grunn for all bevaring av kulturminne og kulturmiljø i Noreg. Men i tillegg er det relevant å gi ei oversikt over alle dei spesifikke planane og vedtaka på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå (Nasjonen, fylkeskommunen og kommunen), som har ein påverknad på byggjesakene som eg skriv om i case delen.

3.2.4 Stortingsmeldingar og register

På eit nasjonalt nivå er det Stortingsmeldingar som er det førande dokumentet for bevaringsarbeidet av kulturminne og kulturmiljø. Sidan det regelmessig kjem nye Stortingsmeldingar, og derfor finns ei rekkje med Stortingsmeldingar frå opp gjennom åra, vel eg å berre fokusere på den nyaste Stortingsmeldinga innanfor temaet kulturminne og kulturmiljø. Den Stortingsmeldinga heiter «Framtid med fotfeste – Kulturminnepolitikken» og vart vedteken i 2013.¹¹⁴ Her får me presentert alt frå status for bevaring av kulturminne i Noreg, til den økonomiske situasjonen, eller kanskje viktigast, regjeringa si vidare politikk framover i tida som kjem. I Stortingsmeldinga vert det blant anna dratt fram som eit særskilt viktig mål at dei freda kulturminne i Noreg skal verte meir representative fram mot 2020 enn dei er i dag. Geografisk, sosial, næringsmessig og tidsmessig må breidda bli betre, og på ein betre måte representere heile Noreg.¹¹⁵

I tillegg til førande dokument som stortingsmeldingar, har ein opp gjennom åra oppretta fleire nasjonale register der offentlegheita og andre kan få tak i informasjon om kva kulturminne som finns, kva som er verneverdig, og kva som er verna. Slik kan både lokale myndigheiter og eventuelle tiltakshaverar i byggjesaker få informasjon om kva som gjeld for eit konkret bygg, eller miljø. Lover og reglar kan ikkje verne noko som ingen veit om, og her gir databasar viktig utfyllande informasjon. I dag er så godt som all informasjon omkring freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø lagt inn i Askeladden-databasen. Den er drifta av Riksantikvaren og inneheld alt som er freda etter kulturminnelova, plan-og bygningslova og alt som er kulturminnefagleg vurdert som verneverdig. Ein annan viktig database er SEFRAK-databasen.¹¹⁶ Den inneheld informasjon om alle bygg i Noreg frå før år 1900, eller før 1945 i Finnmark. Denne

¹¹⁴ Miljøverndepartementet, 2013.

¹¹⁵ Miljøverndepartementet, 2013, 36.

¹¹⁶ Riksantikvaren, *Sefrak*.

lista gir ikkje automatisk vern til nokon av bygga på lista, men gir dei kommunale myndigheitene, og private verksemder informasjon om at dette er bygg som er gamle, og som kan ha verneverdi ved eventuelle byggjesaker.

3.2.5 Riksantikvaren

Riksantikvaren er eit direktorat underlagt Klima- og miljødepartementet som er ein viktig aktør innan bevaring på både nasjonalt og lokalt nivå.¹¹⁷ Dei er den overordna kulturminnemyndigheita i Noreg, og har ansvaret for at den vedtekne nasjonale kulturminnepolitikken verk sett ut i live. Hei har eit fagleg ansvar ovanfor blant anna fylkeskommunane og kommunane som gjer mykje av arbeidet innanfor bevaring av kulturminne, og er også klageinstans for alle vedtak som er tekne regionalt og lokalt innanfor kulturminnefeltet.¹¹⁸

3.2.6 Bevaring på fylkeskommunalt nivå

På fylkeskommunalt nivå er det det plandelen av plan- og bygningslova som er mest relevant. For denne oppgåva kjem eg berre til å fokusera på Rogaland fylkeskommune sine planar, sidan alle eksempla eg har vald ligg i Rogaland. Rogaland fylkeskommune har laga ein eigen regional kulturplan for Rogaland fylkeskommune, den gjeldande kulturplanen heiter «Regional kulturplan for Rogaland fylkeskommune 2015-2025». I denne planen under temaet kulturarv i Rogaland er det tre hovudmål: «Rogaland fylkeskommune skal bidra til å forvalte vår felles kulturarv på en bærekraftig måte i samsvar med nasjonale og regionale føringer», «Kulturarven skal bidra til å skape bo – og kulturmiljøer som bidrar til livskvalitet og oppleves som attraktive» og «Kompetansebehovet for å kunne være en aktiv utviklingsaktør innen kulturminnevern skal ivaretas».¹¹⁹ Måla viser at Rogaland fylkeskommune er ein viktig aktør innan bevaring av kulturminne og kulturmiljø. I planen står det også meir spesifikt om fylkeskommunens oppgåver: «Som regional kulturminnemyndighet har fylkeskommunen et lovpålagt ansvar for å ivareta nasjonale og regionale kulturminneinteresser i plan- og byggesaker» og «Fylkeskommunen har også en sentral rolle som veileder overfor kommuner og private aktører». I tillegg har

¹¹⁷ Riksantikvaren, *Riksantikvaren*.

¹¹⁸ Riksantikvaren, *Riksantikvaren*.

¹¹⁹ Rogaland fylkeskommune, 2015, 47.

fylkeskommunen myndigheit gjennom kulturminnelova i fleire saker rundt kulturminne, blant anna har dei ansvar for automatisk freda kulturminne.¹²⁰

3.2.7 Bevaring på kommunenivå

Lokalt på kommunenivå vert det vedtatt mange vedtak rundt bevaring av bygg og kulturminne. Kommunane må følge alle dei nasjonalt vedtekne lovene og vedtektene, og nytta desse for å forma vedtak som bestemmer skjebnane for enkelte bygg som eit kulturminne eller heile kulturmiljø. Slik vert dei generelle lovene satt ut i praksis og kulturminnepolitikken formar alt frå store planar for byplanlegging til enkelte byggjesaker. I denne oppgåva er det nettopp dette arbeidet, og desse vedtaka som vert fatta kommunalt som vil vera i hovudfokus.

I begge dei to kommunane eg skriv om har dei i tillegg ein ekstra fagleg instans som er relevant for denne oppgåva, for både Stavanger og Sandnes har ein Byantikvar. Byantikvaren si hovudoppgåve er å ta vare på vore kulturarven til byen. Dei skal vera ein fagleg aktør som kjem med utsegner som sikrar at objekt som inngår i kommunens kulturminneplan eller på andre vis kan vurderast som verneverdige vert bevart.¹²¹ I Stavanger er dette arbeidet stort sett gjort av Hanne Windsholt, mens det må påpeikast at Anne Merethe Skogland hadde denne stillinga i 2013, mens det i Sandnes er gjort av Gro Persson.¹²²

3.2.8 Stavanger kommune

Stavanger kommune er den eine av 2 kommunar eg har vald å studera byggjesaker frå. Kommunen har i henhold til blant anna plan- og bygningsloven vedteke fleire kommunale planar, der bevaring av bygg og kulturmiljø er ein del av desse kommunale planane. «Kommuneplan 2010-2025, sammen for en levende by» er den mest relevante arealplanen for tidsrommet til casene i denne oppgåva. Men det kulturhistoriske innhaldet i denne planen er sær

¹²⁰ Rogaland fylkeskommune, 2015, 48.

¹²¹ «Byantikvaren i Stavanger», henta 20. april 2023 frå <https://www.byggogbevar.no/ressurser/byantikvarer/byantikvaren-i-stavanger>.

¹²² Frode Olsen, «Byantikvaren har rollen som vaktbikkje en rolle som kan gjøre en svært upopulær hos mange», Sandnesposten, 08.01.2023. Henta 20. april 2023 frå: <https://www.sandnesposten.no/byantikvaren-har-rollen-som-vaktbikkje-en-rolle-som-kan-gjore-en-svart-upopular-hos-mange/s/5-105-686931>.

«Byantikvaren i Stavanger», henta 20. april 2023 frå: <https://www.stavanger.kommune.no/bolig-og-bygg/byantikvaren/>.

begrensa. For Stavanger kommune laga i 2010 ein heilt eigen kommuneplan for kulturminne: «Kommunedelplan for kulturminner 2010-2025». I planens forord vert trehusbyen, kulturlandskap, oljealderens kulturminne, forsvars og krigsminne, sjøhusa og fabrikkbygningane dratt fram som planens hovudfokus.¹²³ Det vert konstatert at kommunedelplanens hovudmål er som følgjande: «Styrke Stavangers identitet som trehusby, formidle kunnskap om kulturminner og kulturmiljøer i Stavanger og gi rammer for bevaring av disse for ettertiden.» Men det som kanskje er mest interessant er dei meir konkrete delmåla. «Sikre autentiske områder og bygningar, inkludert butikkfasader i sentrum, mot uønskede endringer», “Sikre tilpassing av tilbygg og nybygg til den eksisterende helheten” og “Bevare et utvalg av kulturminner som representerer ”tapte” næringer og aktiviteter”¹²⁴ er alle mål som er høgst relevante og i kjernen av problemstillingane i casene mine.

Det største verna kulturmiljøet i Stavanger er den såkalla «Trehusbyen i Stavanger». Dette er eit kulturmiljø som dekkjer store deler av Stavanger sentrum og strekkjer seg ut i dei nærliggande bydelane. Kulturmiljøet består i dag av over 8000 trehus i ulik alder og i ulike byggjestilar. Stort sett alle trehusa i kulturmiljøet er frå før andre verdskrig, og størrelsen gjer det til Europas største samanhengande busetnad av trehus.¹²⁵

Trehusbyen i Stavanger har gjentatte gonger vorte nemnt i kommunale planar. I «Kommunedelplan for kulturminner 2010-2025 står det blant anna i hovudmålet for planen at ein skal «Styrke Stavangers identitet som trehusby» og «Beholde den sammenhengende trehusbebyggelsen»¹²⁶ mens i «kommuneplan 2014-2029 Stavanger» står det at “Den kulturhistorisk verdifulle bebyggelsen skal søkes bevart og områdenes særpregete miljø skal sikres og videreutvikles”. Tiltaka som vert nytta for å oppnå dette målet er mange. Alle tiltak som endrar utsjånaden til bygget på nokon måte skal byggjemeldast. Når originale byggjeelement må erstattast, skal det nye stå i stil med bygget. Og nybygg eller utbygg må tilpassast dei eksisterande bygningane i området.¹²⁷ I tillegg kjem det tiltak som kommunen har satt til seg sjølv, ved at dei skal bevare kvartalsstruktur, gateløp, parkar og bevare verdifulle tre. Alt i alt gjer dette at det er ei sær stor mengde bygg i Stavanger sentrum som eigaren langt

¹²³ Stavanger Kommune, 2010, 5.

¹²⁴ Stavanger kommune, 2010, 23.

¹²⁵ Bygg og Bevar, 2020.

¹²⁶ Stavanger kommune, 2010, 23.

¹²⁷ Stavanger kommune, 2015, 101.

ifrå kan endre på slik han sjølv vil. Noko som er relevant i ei oppgåve som omhandlar bevaring av kulturminne og kulturmiljø.

Dei siste åra har det blant anna vore ei sær s omtalt sak med solceller på taket av ei trehusbygg i trehusbyen. Der eigaren fekk avslag på søknad og fekk påbod om å fjerna solcellene på taket, sidan solcellene gjekk klart imot kommunen sin plan for trehusbyen. Det blei derimot mykje oppstandelse sidan fleire meinte at eit klimavennleg tiltak som solceller på taket ikkje kunne fjernast berre fordi det «ikkje passar inn» i eit kulturmiljø.¹²⁸

Eit anna viktig kulturmiljø i Stavanger kommune som må nemnast er mellomalderbyen i Stavanger. Stavanger er ein by som vaks fram i mellomalderen rundt år 1125, blant anna Domkyrkja, bispekapellet og grunnmuren frå Kongsgård er frå denne perioden på 1100-1200 talet, og er blant byens eldste kulturminne.¹²⁹ I tillegg til desse få gjenverande bygga frå perioden er bygrunnen i store deler av Stavanger sentrum automatisk freda, på grunn av rester av mellomalderbyen som ligg under den moderne byen. På grunn av dette trengs det tillating frå riksantikvaren for nybygg og arbeid som kan skada restane etter mellomalderbyen under bakken.¹³⁰

3.2.9 Sandnes kommune

Sandnes kommune som er den andre kommunen eg har vald å sjå på ei byggjesak frå. Her har dei også laga ein kommuneplan slik dei er pålagt av plan- og bygningslova å gjera. Sidan saka eg her ser på er frå 2019, er det naturleg å sjå på kommuneplanen som vart vedteken i nettopp 2019. I planen står det at kulturminne skal vurderast i alle arealplanar som vert laga av kommunen, og i alle tiltak som vert vedtatt, både på lang og sjø. Og ved tiltak må det alltid verta dokumentert kva konsekvensar det får for eventuelle kulturminne som vert berørt. Vidare står det at: «Målet for vern er å bevare kulturminner og kulturmiljøer mest mulig autentisk, som kilde til kunnskap, opplevelse og verdiskaping.» Kulturminne og kulturmiljø skal altså vera ein viktig del av politiske avgjerder rundt arealbruk i Sandnes.¹³¹

¹²⁸ Jupskås, ”Får avslag på solceller på grunn av trehusbyen”.

¹²⁹ Stavanger kommune, 2010, 62.

¹³⁰ Stavanger kommune, 2010, 64.

¹³¹ Sandnes kommune, 2019, 4-5.

I den generelle kommuneplanen er derimot ikkje kulturminne og kulturmiljø hovudfokuset. Dette har heller fått hovudfokuset i ein heilt eigen kommuneplan som heiter «Kommunedelplan for kulturminner og kulturmiljøer i Sandnes 2005-2017, Vel bevart i Sandnes?». I planens formål står det at kulturminne og kulturmiljø er ressursar for kunnskap, opplevingar og verdiskaping. Og skal vera styrande for politiske vedtak som påverkar alle registrerte kulturminne og kulturmiljø.¹³²

Sjølv om «Kommunedelplan for kulturminner og kulturmiljøer i Sandnes 2005-2017, Vel bevart i Sandnes?» ikkje burde vera like relevant i ein case frå 2019, så var det i 2019 den seinaste vedtekne kommunedelplanen innanfor bevaring av kulturminne og kulturmiljø. Sjølv om det må nemnast at ei ny kommunedelplan var på høyring mens byggejsaka eg skriv case om føregjekk i 2019-2020. Med namnet «Kommunedelplan for kulturminner og kulturmiljøer 2020-2035» I planbeskrivelsen for kommunedelplanen står det at planen er delt i 3 hovuddeler, der 2 av delene er ganske relevante. Del 1 omhandlar oppdatering av kunnskap om alle byens kulturminne og kulturmiljø, spesielt gjennom bruk av eit digitalt kulturminneregister som skal gi informasjon om alle kjente kulturminne og kulturmiljø. Mens del av planen inneheld aktivitetar og tiltak som skal stimulera interesse rundt byens kulturminne og slik gjera dei til ein ressurs som ein kan nytta i byutviklinga.¹³³

3.2.10 Oppsummering bevaring

Som denne gjennomgangen av dei mest relevante lovene og vedtektene har vist, så er det ikkje mangel på omsyn ein må ta når ein skal ta lokale politiske vedtak som omfattar kulturminne eller kulturmiljø. Internasjonale avtalar, nasjonale lover, og ikkje minst lokale planar som vert utforma etter plan og- bygningslova gjer at det er mykje ein må setta seg inn i. Derfor kan politiske saker rundt bevaring og riving av moglege kulturminne og kulturmiljø vera baa kompliserte og langdryge.

¹³² Sandnes kommune, 2005, 8.

¹³³ Sandnes kommune, 2020, 4.

4. Case 1, Kirkegata 22 i Stavanger

4.1 Innleiing Kirkegata 22

Hovudfokuset i første case i denne masteroppgåva er byggjesak 12/5770 i Stavanger kommune. Det er ei byggjesak som vart behandla gjennom 2012-2013 og som enda med at det gamle bygget med rester frå 1840 vart rive ned til grunnen i 2014, og seinare vart erstatta av eit moderne nybygg som i dag husar den spanske kleskjeda Zara. Byggjesaka har ei mengd med aktørar, der dei viktigaste er Auctus AS, som er tiltakshavar for å få reve bygget, kommunalstyret for byutvikling i Stavanger, som er dei som innvilgar søknaden om dispensasjon, Fylkesmannen (Statsforvaltaren) i Rogaland, som blant anna opphevar eit av vedtaka på grunn av saksbehandlingsfeil, Byantikvaren i Stavanger, som kommenterer søknaden, og kulturavdelinga i Rogaland fylkeskommune, som uttalar seg på vegne av Byantikvaren på eit tidspunkt. Nå er det som vert omtala som Fylkesmann i båe kjeldene mine og i denne oppgåva det som frå 2021 heiter Statsforvaltar.¹³⁴

I dei lokale media føregjekk det ein debatt parallelt med den politiske prosessen. Denne offentlege debatten hadde mange av dei same aktørane som byggjesaka, men også nokre andre som kom med ytringar om temaet. Dei mest sentrale aktørane her er personar med tilknytning til Auctus AS, som er tiltakshavar for riving av bygget, representantar frå Brandsberg-Dahls arkitektkontor AS, medlemmer av kommunalstyret for byutvikling, med ein klart størst representasjon frå partiet Høgre, Byantikvaren i Stavanger og kultursosiolog Eirik Fossaskåret.

Eg byrjar med ei gjennomgåing av historia til Stavanger for å betre kunne forstå kvifor historie vert nytta slik den blir av partane i saka. Så kjem ei gjennomgåing av historia til Kirkegata 22 for å få eit enda betre innsyn i kva historie som er mest relevant for nettopp dette bygget. Etter dette vert byggjesaka gjennomgått kronologisk for å etablera kva byggjesaka handla om, når den føregjekk, og korleis byggjesaka utvikla seg over tid. Deretter skal eg gå djupare inn i byggjesaksdokumenta og analysere dei ulike dokumenta i eit historiebruksperspektiv, samtidig som eg kjem til å gjera rette for korleis saka gjennom prosessen vart framstille i media, hovudsakleg regional- og lokalaviser som omtala byggjesaka. Slik skal eg forsøka å avdekkja forskjellar eller likskapar i korleis saka går føre seg i den

¹³⁴ Vabo, Signy Irene. "Fylkesmann". Henta 19. Mai 2023 frå: <https://snl.no/fylkesmann>

offentlege byggjesaka og i media. Saman er målet at dette skal gi eit givande innblikk i baa saka og dei ulike aktørane.

Det eg vil utforska er korleis dei ulike aktørane i den offentlege byggjesaksprosessen og i det offentlege mediebiletet nyttar tilvising til fortida og historia si betydning for samtida i sin argumentasjon og sine innspel. Eg vil også drøfta korleis denne historiebruken kan ha påverka utfallet av byggjesaka, og korleis ulik historiebruk heng saman med rolla til vedkommande, politisk tilknytning og ikkje minst byen sin unike byhistorie, som gir eit grunnlag for korleis individ nyttar historia på dei måtane dei gjer.

4.2 Stavanger si byhistorie

Stavanger sin start som by heng tett saman med opprettinga av bispedømme for Rogaland, Agder, Valdres og Hallingdal. Dette byrja så smått i 1125 då den dåverande kongen Sigurd Jorsalfare innsette ein biskop for dette nye bispedømmet, som fekk hovudsete i Stavanger.¹³⁵ Kor viktig kyrkja var for byen Stavanger kan ein sjå i 1160, då kong Magnus Erlingsson underteikna eit dokument som gav kyrkja heile Stavanger by.¹³⁶ På slutten av 1200-talet hadde byen som enda var under kyrkja sin kontroll fått fem kyrkjer, og byrja å ta form som ein liten by, mykje på grunn av sin gunstige geografiske posisjon.¹³⁷ Etter reformasjonen, som endra kyrkja på ei grunnleggande måte, og med styret av landet flytta til Danmark, var det dårlege tider for byen Stavanger på midten av 1500-talet.¹³⁸ I tillegg var bispedømmet nært å bli delt mellom Bergen og Oslo, men bestod.¹³⁹

I 1682 skjedde det noko som skulle endre byen Stavanger frå den kyrkjebyen den hadde vore. Byen mista bispesetet sitt etter 600 år, då bispesetet vart flytta til den nye byen Kristiansand lenger sør.¹⁴⁰ Dei mista og kjøpstadsrettigheitene sine, men fekk dei att i 1690, og fekk dermed behalda moglegheita til å driva med handel.¹⁴¹

Då 1800-talet byrja var Stavanger langt frå den byen den er i dag, den hadde mista bispesetet som dominerte byen i 600 år, for lenge sidan, og var på dette tidspunktet denne den

¹³⁵ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 10.

¹³⁶ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 11.

¹³⁷ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 12.

¹³⁸ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 14.

¹³⁹ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 14

¹⁴⁰ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 18.

¹⁴¹ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 18.

åttande største byen i Noreg med sine 2460 innbyggjarar.¹⁴² Ei befolkning som i samanlikning med i dag ville vera ein liten tettstad i Noreg. I 1808 kom derimot eit stort skifte for byen, store mengder med sild kom til området, og dette vart starten på ein enorm opptur.¹⁴³ På hundre år auka folketalet frå 2460 til 38 000, og Stavanger hadde blitt ein viktig handelsby, primært gjennom handel med sild.¹⁴⁴ Innbyggjarane i Stavanger vart dermed dratt inn ei ny finansiell tid, der ein kunne tena mykje pengar eller gå konkurs. Men sjølv om byen vart dominert av næringslivet, vende ikkje Stavanger seg vekk frå Gud, som hadde vore så viktig i byen sin historie, og Stavanger vart “Den lavkirkelige kristendommens hovedstad”.¹⁴⁵

På slutten av 1800-talet gjekk Stavanger oppover eller nedover ettersom om det var nok sild til fiske eller ikkje.¹⁴⁶¹⁴⁷ I 1878 byrja derimot ein ny industri i Stavanger, nemleg hermetikkproduksjon. Hermetikkproduksjon av brisling vart eit industrieventyr for Stavanger. Frå 1890 til 1914 vart talet på industriarbeidarar i Stavanger åttedobla, og Stavanger var plutsleg Noregs tredje største industriby. Veksten kunne verka uendeleg, men når første verdskrig enda i 1918, fall etterspurnaden etter hermetikk som ein stein, og to av byen sine bankar gjekk konkurs i 1923.¹⁴⁸ Som ein del av den internasjonale kapitalistiske marknaden, fekk ikkje Stavanger det noko lettare utover i mellomkrigstida, som var prega av internasjonale økonomiske kriser.¹⁴⁹

På slutten av 1800-talet hadde Stavanger fått eit livleg næringsliv og ei befolkning på ca. 24 400, som var nok til at byen hadde stadfesta posisjonen som Noregs fjerde største by.¹⁵⁰ Likevel vert byen beskriven som ganske liten og slitt av tilreisande frå større byar.¹⁵¹ Dette kan ha samband med at byen mangla store bygg i stein, og mangla dei store monumentalbygga som gav inntrykk av vekst og velstand. Bygningar som kommunehus, sjukehus og skulebygg var stort sett laga av tre i Stavanger, med visse unntak som for eksempel Domkyrkja og eit par

¹⁴²Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 20.

¹⁴³ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 20.

¹⁴⁴ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 20-21.

¹⁴⁵ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 22.

¹⁴⁶ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 28-30.

¹⁴⁷ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 27-30.

¹⁴⁸ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 30-31.

¹⁴⁹ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 32-33.

¹⁵⁰ Haaland, *Industribyen*, 12.

¹⁵¹ Haaland, *Industribyen*, 12.

viktige næringsbygg.¹⁵² Den vanlegaste typen bygg var små og låge trehus som ofte låg i kupert terreng.¹⁵³

Stavanger var derimot meir enn berre trehusa på slutten av 1800-talet, den var også sine innbyggjarar, eit folk som gav grunnlag for ei lågkyrkjeleg vekkingsrørsle i denne perioden.¹⁵⁴ Stavanger vart eit sentrum for ei stor mengde kristne rørsler, blant anna vart Det norske misjonsselskap skipa her i 1842, Det norske totalavholdsselskap skipa her i 1859, i tillegg til eit nærvær av kvekarar, metodistar, haugianarar og Frelsesarmeen.¹⁵⁵ Stavanger sitt folkelege kulturliv vart dominert av kristelege rørsler i denne perioden.¹⁵⁶ Denne kristendominerte folkekulturen fekk blant anna påverknad gjennom forbodsåra. Etter at forbodet mot brennevin kom i 1918 vart det i Stavanger gjeldande heilt fram til 1946, mens det dei fleste andre stader hadde snudd for lenge sidan.¹⁵⁷ Eit anna eksempel er kampen som føregjekk i 1910/1911, då byen sine lærarar fann ut at kino øydela byens unge, og “paavirker børn umoralsk”.¹⁵⁸

Mot midten av 1900-talet vart derimot framtida på full veg inn i Stavanger. Fleire var nok lei av at Stavanger bar preget til “ein gamal småby”.¹⁵⁹ Håpet om ein meir moderne by gav krav om endringar i den litle byen Stavanger, og i 1946 vedtok eit einstemmig bystyre ein reguleringsplan som planla å jamna store deler av Stavanger sentrum ved jorda for å gi plass til det nye og moderne.¹⁶⁰ Desse planane vart aldri sett ut i livet på grunn av dårleg økonomiske tider som gjorde at alle slike planar måtte settast på pause, og i 1951 byrja Aftenbladet ein kampanje for å kjempa for bevaring i staden for riving av det gamle sentrum i tre.¹⁶¹ Dette gjorde at moderniseringa av Stavanger sentrum vart moderert, og allereie i 1956 vart den første delen av trehus i Stavanger sentrum freda.¹⁶² Også i dag er Stavanger langt ifrå tom for gamle bygg. Faktisk har Stavanger tatt vare på ei større mengde bygg enn mange andre byar, spesielt ved

¹⁵² Haaland, *Industribyen*, 18-19.

¹⁵³ Haaland, *Industribyen*, 20.

¹⁵⁴ Danielsen. R, red. *Stavanger mellom sild og olje*, 7.

¹⁵⁵ Danielsen. R, red. *Stavanger mellom sild og olje*, 7.

¹⁵⁶ Danielsen. R, red. *Stavanger mellom sild og olje*, 8-9.

¹⁵⁷ Danielsen. R, red. *Stavanger mellom sild og olje*, 25.

¹⁵⁸ Danielsen. R, red. *Stavanger mellom sild og olje*, 23-24.

¹⁵⁹ Danielsen. R, red. *Stavanger mellom sild og olje*, 37.

¹⁶⁰ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 38.

¹⁶¹ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 40.

¹⁶² Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 40.

dagens omfattande bevaring av “Trehusbyen”, som er nemnd i detalj i bevaringsdelen av oppgåva.

Eventyret som har forma Stavanger mest i moderne tid byrja i 1969, med funn av olje i Nordsjøen. Oljeselskapet Phillips frå Oklahoma i USA gjorde det første funnet av olje, og det var amerikanske og utanlandske selskap som dominerte dei første epokane og oljeeventyret til Noreg¹⁶³. Ordførar i Stavanger Arne Rettedal kjempa hardt for at Stavanger skulle bli det openberre valet for oljeselskap. På rekordtid vart det ordna nye bustadar for amerikanske familiar, og skular for dei amerikanske ungane kom raskt etter i 1966.¹⁶⁴ Sjølv i dag finn ein blant anna International School of Stavanger, som ifølge egne nettsider har 650 elevar som får ein skulegang på eit anna språk enn norsk.¹⁶⁵

I 1972 vart det vedteke at hovudkvarteret for eit nasjonalt oljeselskap og eit direktorat for oljeverksemd skulle liggja i Stavanger, og Stavanger vert frå nå av “oljehovudstaden” i Noreg.¹⁶⁶ Dette førte til at store internasjonale oljeselskap fekk hovudkvarter i Stavanger, og det vart ei stor innvandring av høgt utdanna europearar og amerikanarar.¹⁶⁷

Resultatet er Stavanger slik byen er i dag. Enda ein by med hjarta for Gud, men mykje meir liberal enn før, ein by som var fattig, men som i dag er rik og med ein porsjon av det internasjonale som kanskje er større enn i mange andre norske byar.¹⁶⁸

4.2 Kirkegata 22 si historie

Ein kan ganske enkelt ikkje skriva historia til bygget med adresse Kirkegata 22, utan å byrja med Kirkegata si historie. Ei historie mykje eldre enn dette bygget. Gata har heilt sidan mellomalderen vore eit viktig gateløp mellom Domkyrkja og hamna ved Pottemakerstraen og Holmen.¹⁶⁹ Framover mot moderne tid har gata fortsett å ha ei viktig stilling i Stavanger ettersom Stavanger vaks fram som ein større, moderne by. Frå 1800 til 1950 var gata rekna som Stavanger

¹⁶³ Omdal, et al., *Stavanger Byleksikon*, 40.

¹⁶⁴ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 41.

¹⁶⁵ ”Welcome to the international school of Stavanger”, ISS.


¹⁶⁶ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 41.

¹⁶⁷ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 41.

¹⁶⁸ Omdal, et al., *Stavanger Byleksikon*, 42-43.

¹⁶⁹ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 265.

si hovudgate på grunn av si sentrale plassering.¹⁷⁰ Gata avspeglar i dag fleire epokar i arkitekturhistoria, då bygga i nordre del alle er byggja etter bybrannen i 1860.¹⁷¹ I dag er Kirkegata enda rekna som ei viktig gate i Stavanger sentrum sitt bybilette, og er ei lang og stor gågate full av alle typar butikkar.¹⁷²



I biletet til venstre, frå Stavanger byarkiv¹⁷³, kan ein sjå korleis bygget såg ut før totalrenoveringa i 1936. Bygget husar som ein kan sjå på skiltet forretninga Norem Baade. Bygget har ein fasade som består hovudsakleg av tre, men har store vindauge ut mot Kirkegata, mest sannsynleg for utstilling.

Bygget Kirkegata 22, er både eit gammalt bygg, og eit relativt nytt bygg på same tid. Sjølv bygget vart for første gong oppført i 1840 som eit trehus i to etasjar, men sidan den gong har det vorte endra vesentleg fleire gonger opp gjennom åra.¹⁷⁴ Bygget vart for første gong utbetra i 1860 etter ein brann som brann ned store deler av Kirkegata, og ei ny lita ombygging

skjedde i 1893, men dei største endringane kom først seinare i meir moderne tid.¹⁷⁵ I 1936 vart bygget totalrenovert, og fasaden av tre vart erstatta av puss og mur. Fasaden vart vidare totalt endra igjen allereie i 1958, då den vart kledd i glasplater og aluminium i ein meir moderne stil.¹⁷⁶ Dette var også fasaden bygget hadde når det vart riven rett etter byggesaka i 2012-2013 var ferdig behandla. Bygget var dermed ikkje berre eit bygg frå 1840, det var vel så mykje eit bygg frå 1936 og 1958.¹⁷⁷

¹⁷⁰ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 265.

¹⁷¹ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 265.

¹⁷² Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 265.

¹⁷³ Stavanger Byarkiv. *Norem Baades Fasade*.

¹⁷⁴ Byantikvarens merknad, datert 14.09.2012, 1-2.

¹⁷⁵ Byantikvarens merknad, datert 14.09.2012, 1-2.

¹⁷⁶ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 265.

Byantikvarens merknad, datert 14.09.2012, 1-2.

¹⁷⁷ Byantikvarens merknad, datert 14.09.2012, 1-2.



I bildet til venstre kan ein sjå bygget Kirkegata 22 i 1981.¹⁷⁸ Bygget var på denne tida enda lokala til Norem Baade. Fasaden er her nesten totalt dominert av glas, og er ganske annleis enn den gamle fasaden dominert av tre.

Bygget har i perioden 1843 til 2010 husa den tradisjonsrike tekstil- og utstyrsbutikken Norem Baade AS.¹⁷⁹ Norem Baade vart opna av Ole Johan Baade i 1843, og var ved opninga ein enkel krambodhandel.¹⁸⁰ Ved opninga i 1843 hadde Stavanger nett passert Bergen og blitt den viktigaste sjøfartsbyen i Noreg på grunn av den gode sildeeksporten.¹⁸¹ Men byen hadde ikkje eit stort borgarskap med kapital, så handelen vart dominert av mange mindre skuter og mindre aktørar. I Stavanger fekk den meir alminnelege bonden moglegheit til å bli kapitalist, i staden for at store pengesterke aktørar dominerte.¹⁸²

Opninga av forretninga må også sjåast i samanheng med den nye handelslova i Noreg som vart vedteken året før i 1842.¹⁸³ Handelslova opna opp handelen i byane, og gjorde det mykje lettare for vanlege folk å starta handelsbedrift enn tidlegare. Noreg sin økonomi var rett og slett blitt meir kapitalistisk og liberalistisk.¹⁸⁴ Det var ikkje berre lenger dei gamle byborgarane og embetsmennene som styrte økonomien.¹⁸⁵

Kirkegata 22 er altså eit forretningsbygg som har endra både innhald og utsjånad gjennom 170 år for å halda seg oppdatert med tidene. Slik er det eit tidleg eksempel på korleis kapitalisme endra Noreg og Stavanger. Dette er kanskje grunnen til at det vart konflikt i

¹⁷⁸ Stavanger byarkiv, *Kirkegata 22*.

¹⁷⁹ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 266.

¹⁸⁰ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 266.

¹⁸¹ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 21.

¹⁸² Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 21.

¹⁸³ Handelsloven, 1842.

¹⁸⁴ Omdal, *Fortellingen om Stavanger*, 21

¹⁸⁵ Handelsloven, 1842.

byggjesaka og i media når ein ville riva bygget for å byggja nytt, og at historiebruk vart nytta for å argumentera i saka.

4.4 Kronologisk gjennomgåing av byggjesaka

Byggjesaka byrjar med ein forhandskonferanse den 01.03.2012.¹⁸⁶ Der blant anna tiltakshavar Auctus AS (Hans Øyvind Nordvik) og arkitektkontoret Brandsberg-Dahl arkitektkontor AS (Per Christian Omvik) har sendt ein representant, som møter blant anna Byantikvaren i Stavanger (Anne Margrethe Skogland) og ein byggjesaksansvarleg frå Stavanger kommune (Roger Hansen). Her presenterer Auctus AS og Brandsberg-Dahl arkitektkontor AS sine intensjonar om å byggja eit nybygg som skal husa butikken Zara. Auctus AS poengterer at dette vil vera ein betydeleg oppgradering av sentrum, mens Brandsberg-Dahl arkitektkontor fortel at dei har tatt omsyn til nabobygga sine høgder og dimensjonar på vindauga i sitt design. Byantikvar kjem med innspel om at fasaden er verna og lista i kulturminneplanen.¹⁸⁷

Byggjesaksavdelinga i Stavanger kommune får den 04. mai 2012 får ein søknad om rammetillating og ein søknad om ansvarsrett for Kirkegata 22.¹⁸⁸ Søkar er Brandsberg-Dahls arkitektkontor AS, som søkar på vegne av tiltakshavar Auctus AS.¹⁸⁹ Søkar Brandsberg-Dahl arkitektkontor skriv i søknaden at dei meiner at det dei søker om ligg innanfor rammene til gjeldande reguleringsplan og at dei dermed ikkje søker om nokon dispensasjon.¹⁹⁰

Den 24. mai 2012 kjem Byantikvaren i Stavanger med sin første merknad til søknaden mottatt den 04. mai 2012 om Kirkegata 22. Byantikvaren konkluderer på 1,5 sider at bygget sin eksisterande bygningsmasse har vorte endra såpass drastisk at det ikkje er verneverdig i seg sjølv, og at dei dermed ikkje argumenterer sterkt mot riving av bygget.¹ Men dei argumenterer sterkt for at byggets fasade mot Kirkegata må bevarast på best mogleg vis, for å bevare Kirkegata sitt intime preg og karakteristiske atmosfære. Dermed må dei foreløpige planane for prosjektet endrast for å bevare stilen i Kirkegata på ein betre måte.¹⁹¹

¹⁸⁶ Forhandskonferanse, datert 04.mai.2012, 1.

¹⁸⁷ Forhandskonferanse, datert 04.mai.2012, 1.

¹⁸⁸ Søknad om rammetillatelse, datert 04.mai.2012, 1.

¹⁸⁹ Søknad om rammetillatelse, datert 04.mai.2012, 1.

¹⁹⁰ Søknad om rammetillatelse, datert 04.mai.2012, 1.

¹⁹¹ Byantikvarens merknad, datert 24.05.2012, 1-2.

Den 13. juni 2012 sender byggjesakssjef eit foreløpig svar på søknaden mottatt den 04. mai 2012.¹⁹² Her vert det kommentert at Byantikvaren har komme med ei utsegn om saka og at element i fasaden mot Kirkegata må bli tatt med i nybygget. Byggjesakssjefen kommenterer også at byggjesøknaden søker om såpass store endringar i bruken av eigedommen at krav om regulering ikkje er uaktuelt i denne saka.¹⁹³ Byggjesakssjefen kommenterer derimot også at han tek omsyn til at det er gitt signal til utbyggjar om at søknaden kan bli behandla som ei byggjesak utan regulering av eigedommen.¹⁹⁴

Den 13. september 2012 har kommunalstyret for byutvikling møte og behandlar for første gong sak 12/5770.¹⁹⁵ Kommunalstyret vedtar einstemmig at søkar får medhald av plan- og bygningslova §19-2 og får dispensasjon for utbygging av Kirkegata 22 til eigedomsgrense. Dei får derimot ikkje dispensasjon frå kommuneplan §1.06.1, ved at dei ikkje får parkering på eigen grunn som dei hadde søkt om, og får heller ikkje avkøyringstillating til Sundtebakken. Kommunalstyret gav også søkar rammetillating for omsøkte tiltak med riving av eksisterande bygg og oppføring av nytt bygg i størrelse ca 3000 m² BRA, altså 3000 kvadratmeter bruksareal.¹⁹⁶

Den 18. oktober 2012 vert vedtaket til kommunalstyret for byutvikling frå den 13. september 2012 påklaga av eigaren til Kirkegata 24. Dei meiner at det i vedtaket om dispensasjon ikkje er tatt omsyn til deira nabobygg.¹⁹⁷ Dei påpekar at dei ikkje vil kunne utføra effektivt vedlikehald på grunn av liten avstand mellom bygg, mangel på lys på grunn av nybygg og auka fare for fuktskadar på grunn av lukking av vegg.¹⁹⁸

Den 29. januar 2013 sender Fylkesmannen (Statsforvaltaren) i Rogaland eit brev der vedtaket til kommunalstyret for byutvikling vert oppheva.¹⁹⁹ Fylkesmannen (Statsforvaltaren) argumenterer for at eigedommen i tiltaket er omfatta av *Reguleringsplan 681 for Stavanger sentrum*, og i tillegg ligg innanfor ei fastsett omsynssone med bandlegging etter

¹⁹² Foreløpig svar byggesøknad, datert 13.06.2012, 1-3.

¹⁹³ Foreløpig svar byggesøknad, datert 13.06.2012, 2.

¹⁹⁴ Foreløpig svar byggesøknad, datert 13.06.2012, 2-3.

¹⁹⁵ Melding om politisk vedtak, datert 24.09.2012, 1-6.

¹⁹⁶ Melding om politisk vedtak, datert 24.09.2012, 1-

¹⁹⁷ Klage på vedtak, datert 18.10.2012, 1.

¹⁹⁸ Klage på vedtak, datert 18.10.2012, 1.

¹⁹⁹ Fylkesmannen opphever kommunens vedtak, datert 29.01.2013.

Kulturminnelova.²⁰⁰ Fylkesmannen (Statsforvaltaren) meiner derfor at kommunen ikkje har kontrollert godt nok om tiltaket er i strid med bestemmingar frå Plan- og bygningslova. I tillegg meiner Fylkesmannen (Statsforvaltaren) at det på bakgrunn av reguleringsplan 681 er rivingsforbod i dette aktuelle området. Bygningar skal berre rivast dersom alderdom gjer det påkravd å riva bygget, og at Fylkesmannen (Statsforvaltaren) ikkje har funne dokumentasjon på at dette er nødvendig. Den mest openberre grunnen til at Fylkesmannen (Statsforvaltaren) opphevar vedtaket er mangel på søknad om dispensasjon frå høgdebestemminga i pbl. §29.4.²⁰¹ Fylkesmannen (Statsforvaltaren) meiner at kommunen har gjort alvorlege saksbehandlingsfeil ved vedtaket, han opphevar dermed vedtaket, og krev at kommunen må behandla saka på nytt i samsvar med det som er nemnd i brevet.²⁰²

Den 08. april 2013 kjem Fylkesrådmannen i Rogaland med utsegn om ny rammesøknad frå Brandsberg-Dahls arkitektkontor.²⁰³ Utsegna er underskriven av kultursjef i Kulturavdelinga til Rogaland fylkeskommune og ein fylkeskonservator. I utsegna stiller Fylkesrådmannen seg bak Byantikvaren si originale utsegn om saka frå 24. mai 2012, og er derfor ikkje direkte imot riving av Kirkegata 22. Fylkesrådmannen stiller likevel krav om vidareføring av den verneverdige fasaden mot Kirkegata.²⁰⁴

Vidare argumenterer Fylkesrådmannen for at denne saka ikkje burde bli avgjort gjennom ei dispensasjonssak.²⁰⁵ Saka om Kirkegata 22 burde heller verte tatt med som ein reguleringsendring i den nye reguleringsplanen for sentrumshalvøya som var på høyring, slik at ein fekk vurdert saka i ei større samanheng. Fylkesrådmannen konkluderer med å råda i frå at det vert gitt dispensasjon til den nye søknaden i si gjeldande form.²⁰⁶

Kommunalstyret for byutvikling har igjen møte der dei behandlar saka rundt Kirkegata 22 den 11. april 2013.²⁰⁷ Kommunalstyret for byutvikling vedtok einstemmig at dei i medhald av Plan- og bygningslova §19-2 ga «dispensasjon for riving av Kirkegata 22 og oppføring av nybygg i 4 etasjer». I medhald av Plan- og bygningslova §19-2 ga dei også dispensasjon til

²⁰⁰ Fylkesmannen opphever kommunens vedtak, datert 29.01.2013, 2-4.

²⁰¹ Fylkesmannen opphever kommunens vedtak, datert 29.01.2013, 4.

²⁰² Fylkesmannen opphever kommunens vedtak, datert 29.01.2013, 4-5.

²⁰³ Fylkesrådmannen regionalutviklingsavdelingen, datert 09.04.2013, 1-4.

²⁰⁴ Fylkesrådmannen regionalutviklingsavdelingen, datert 09.04.2013, 4.

²⁰⁵ Fylkesrådmannen regionalutviklingsavdelingen, datert 09.04.2013, 3.

²⁰⁶ Fylkesrådmannen regionalutviklingsavdelingen, datert 09.04.2013, 3.

²⁰⁷ Melding om politisk vedtak, datert 15.04.2013, 1.

utbygging av Kirkegata 22 til eigedomsgrensa. Kommunalstyret ga også «rammetillatelse for omsøkttiltak med riving av eksisterende bebyggelse og oppføring av nytt bygg i størrelseorden ca. 2560m2 BRA».²⁰⁸ Innhaldet og vedtaka frå møtet vert framlagt i melding om politisk vedtak som vert skriven den 15. april 2013 av Byggjesakssjefen.²⁰⁹

Etter siste vedtak i kommunalstyret for byutvikling måtte forkjemparane for bevaring gi tapt. Aftenbladet kunne fortelja at Fylkesmannen (Statsforvaltaren) sa endeleg ja til planane i september 2013 og Riksantikvaren i november 2013.²¹⁰ Dermed var alt duka for riving av bygget som byrja i starten av mars 2014.²¹¹ Den 9. oktober 2015 kunne ”Byas” fortelja var det “endeleg” duka for storslått opning av klesbutikken Zara i nybygget, med lange køar utanfor lokalet ved opning. I 2023 er det enda Zara som driv klesbutikk i nybygget i Kirkegata 22.²¹²

4.5 Analyse av korleis historie vert nytta

Byggjesaka føregjekk altså i eit års tid, og enda etter protestar og saksbehandlingsfeil med at det bygget vart heilt rive, og eit moderne nybygg vart reist i 2014, med ferdigstilling i 2015. Vidare i denne oppgåva skal eg utforska argument og ordlyd som vart nytta av partane som ville bevara noko ved dette bygget, og dei som ville riva bygget. Fortel dei ei historie? Kva etablert historie er det dei nyttar seg av, eller kanskje er ein del av? Rett og slett korleis er historiebruken i ei slik sak?

4.5.1 Representantar for søkar Brandsberg-Dahl arkitektkontor AS og utbygger Auctus AS

I denne hovuddelen vel eg å setja Brandsberg-Dahls arkitektkontor AS og Auctus AS saman til ein interessepart i saka. Brandsberg-Dahl er arkitektkontoret som er hyra til å både teikna og søka om rammetillating frå kommunen, på vegne av Auctus. Auctus er den som skal byggja og eiga det potensielle nybygget, og ønskjer å leiga det ut til klesforretninga Zara. Representantar frå begge selskapa har dermed sterke insentiv for at søknaden om riving og nybygg skal verte godkjent. Representantar frå Brandsberg-Dahl arkitektkontor AS og Auctus

²⁰⁸ Melding om politisk vedtak, datert 15.04.2013, 1-2.

²⁰⁹ Melding om politisk vedtak, datert 15.04.2013, 1.

²¹⁰ Moi, *Nå begynner byggingen av Zara.*

²¹¹ Moi, *Nå begynner byggingen av Zara.*

²¹² Tiller, *Endelig har Zara åpnet dørene i Stavanger sentrum.*

AS vil stort sett verte omtala som Brandsberg-Dahl eller Auctus i staden for personlege namn vidare i oppgåva, då dette vil klargjera deira rolle i saka.

4.5.1.1 Brandsberg-Dahls arkitektkontor AS

I rammesøknaden gir Brandsberg-Dahl argument for at utbygger skal få dispensasjon frå § 2 og dermed få riva bygget.²¹³ Søkar Brandsberg-Dahl byrjar med å argumentera for at det som vert kalla eit rivningsforbod i sentrum har vorte praktisert ulikt for dei ulike delane av Stavanger sentrum gjennom dei siste 40 åra. Altså har presedensen ikkje vore like sjølv sagt som eit riveforbod burde tilseia, og dette viser at riving er eit meir sjølv sagt alternativ enn ein kanskje skulle trudd.²¹⁴

Søkar nyttar vidare to sitat frå kommunen sjølv for å underbyggja sin konklusjon.

Kommunen skriv:

Det ses som svært positivt å få i stand et samarbeid om Kirkegaten 22 i Stavanger. Vurdering av omfang av en ombygging (for tidstilpasset bruk) med nybygg i bakgården eller oppføring av et nybygg tilpasset en fremtidig bruker hører naturlig hjemme i dette reguleringsarbeidet.²¹⁵

Dette sitatet med ordbruk som “svært positivt”, “tidstilpasset bruk”, “nybygg” og “naturlig hjemme” gir eit bilete av at også kommunen ser positivt på nybygg og ny bruk av bygget – akkurat som søkar. Både søkar og kommunen har altså eit positivt syn på ombygginga, som kan sjåast på som eit framsteg for både bygget og kanskje aller mest for Stavanger by.

Det andre sitatet frå kommunen som søkar brukar i sin argumentasjon, viser at sjølv ikkje kommuneplanen for kulturminner 2010-2025 meiner at bygget har noko å ta vare på:

Vi er enig i at fredagens befaringsavtale av Kirkegata 22 viste at det var få spor av den opprinnelige bebyggelsen igjen, og at bygget befinner seg i en dårlig befatning. Det var lite igjen å bevare rent bygningsmessig og det er som det fremstår i dag ikke er egnet til det formålet bygget er tiltenkt (handel/forretning). Vedtatt kommuneplan for kulturminner 2010-2025 viser til at det ikke er noe igjen av opprinnelig fasade fra 1840.²¹⁶

²¹³ Rammesøknad supplerande opplysningar, datert 26.02.2013, 1.

²¹⁴ Rammesøknad supplerande opplysningar, datert 26.02.2013, 1-2.

²¹⁵ Rammesøknad supplerande opplysningar, datert 26.02.2013, 1.

²¹⁶ Rammesøknad supplerande opplysningar, datert 26.02.2013, 1.

Derfor konkluderer søkar til slutt med at både dei og kommunen burde vera einige i at det å riva bygget ikkje vil gå imot gjeldande reguleringsplan.²¹⁷

Brandsberg-Dahl sender 23. august 2012 inn eit revurdert sett med teikningar og revurdert rammetillating.²¹⁸ Her har dei lagt med nye teikningar som viser forslag til fasade mot Kirkegata. Dei meiner at dei har tatt inn dei elementa som Byantikvaren meinte mangla i det første forslaget – eit skilje mellom første og andre etasje og ein noko inntrykket fasade.²¹⁹

Brandsberg-Dahl sine arkitektar sender inn den første rammesøknaden datert den 04.05.2012. Dette er den første skikkelege søknaden som vert sendt inn i denne saka. Søkar skriv at “Eksisterende bygg er i svært dårlig stand og ønsker derfor revet” – som er den einaste beskrivinga deira av bygget dei ønsker å riva.²²⁰ Dei nyttar derimot søknaden til å fortelje oss om det positive nybygget vil føre til og at “politikere har uttrykt det svært positivt til tiltaket” og at ein ser på “Zara som et tilskudd som vil styrke sentrum”.²²¹ Det gamle bygget vert dermed berre ein liten notis, mens potensialet til det nye bygget er det som får fokus i søknaden

Dette grepet kan tolkast som ei medviten bortveljing. Bygget si historie vert ikkje fortalt, det vert gøymd bort og ignorert, det er enkelt og greitt ikkje meir enn det “Eksisterende bygget”. Dette kan gi oss eit inntrykk av eit bygget ikkje har ei historie, det er historieløst. Dette bygget har eksistert fram til nå, men nå skal det ikkje eksistera meir. At bygget er historieløst, gjer at ein ikkje treng å bevare det.

4.5.1.2 Auctus AS

Allereie den 17.04.2012 kjem ein artikkel med tittelen “Zara inntar Kirkegata”.²²² Artikkelen er nærast eit intervju med dagleg leiar Per Christian Omvik i Brandsberg-Dahls arkitektkontor AS og Hans Øyvind Nordvik frå Auctus AS.²²³

Auctus seier blant anna i dette intervjuet at dei allereie har hatt fleire rundar med Byantikvaren for å finna ut om det var viktige kulturhistoriske verdiar i det eksisterande

²¹⁷ Rammesøknad supplerande opplysningar, datert 26.02.13, 2.

²¹⁸ Revurdert teiningsett, datert 23.08.2012, 1-2.

²¹⁹ Revurdert teiningsett, datert 23.08.2012, 1-2.

²²⁰ Søknad om rammetillatelse, datert den 04.05.2012, 1.

²²¹ Søknad om rammetillatelse, datert den 04.05.2012, 1.

²²² Jupskås, ”Zara inntar Kirkegata”.

²²³ Jupskås, ”Zara inntar Kirkegata”.

bygget.²²⁴ Dei fann ingenting frå “fordums tid” og at alt stamma frå 30- og 50-åra.²²⁵ Dei peka på at dei mange ombyggingane på eigedommen har etterlate seg lite eller ingenting av det opphavlege bygget.²²⁶

Auctus gir seg sjølv rolla som konservator, og tar aktivt eigarskap over kva historiske verdiar bygget har. Han byrjar med å fortelje oss at ombyggingane ikkje har etterlate noko frå “fordums tid”.²²⁷ Det verkar ganske implisitt her at det kunne vore ei moglegheit for bevaring viss bygget hadde vore frå “fordums tid”, men at eit bygg frå 30-og 50-åra ikkje har “viktige kulturhistoriske verdiar”, og at ein derfor ikkje treng å ta vare på det. For å gi utsegnene sine kredibilitet innanfor kulturhistorie, nemner han samtalar med Byantikvaren.²²⁸

Vidare seier Auctus at Kirkegata 22 er ein bygard som har vorte sett opp og tatt ned etter handelsnæringa sitt skiftande behov gjennom tidene.²²⁹ Nå er det nødvendig å byggja nytt nok ein gong, for å gi eigedommen ny økonomisk berekraft.²³⁰ Auctus seier at dei tar sikte på å byggja eit motehus i Stavanger, og at det derfor ikkje er eit alternativ å byggja opp att det han kallar ei kulisser av eit gammalt bygg. Dei treng eit moderne bygg, som dei skal forsøka å tilpassa til omgivnadane sine.²³¹ Dette fell saman med Miljøverndepartementet sitt pilotprosjekt for å revitalisera sentrum i norske byar, fordi ny bruk er det beste vern for å hindra at Stavanger sentrum døyr.²³²

Ideen om at nettopp kontinuerleg endring og tilpassing til samtida sitt behov er ein del av bygget si historie, er interessant. Det er mogleg å setja ein parallell mellom denne tankegangen som vert presentert her og Aronsson sin historiske trope om framsteget.²³³ Verda endrar seg stadig, og den endrar seg til det betre.²³⁴ Bygget sine stadige ombyggingar, eller moderniseringar, kan sjåast på som positive framsteg, som har enda opp med dette nye positive

²²⁴ Jupskås, ”Zara inntar Kirkegata”.

²²⁵ Jupskås, ”Zara inntar Kirkegata”.

²²⁶ Jupskås, ”Zara inntar Kirkegata”.

²²⁷ Jupskås, ”Zara inntar Kirkegata”.

²²⁸ Jupskås, ”Zara inntar Kirkegata”.

²²⁹ Jupskås, ”Zara inntar Kirkegata”.

²³⁰ Jupskås, ”Zara inntar Kirkegata”.

²³¹ Jupskås, ”Zara inntar Kirkegata”.

²³² Jupskås, ”Zara inntar Kirkegata”.

²³³ Aronsson, *Historiebruk*, 84.

²³⁴ Aronsson, *Historiebruk*, 84.

framsteget som Stavanger by nå må ta. Det får ein til ved å modernisera bygget, og slik gi bygget og heile Stavanger sentrum ei lysare framtid.

Auctus, ved Hans Øyvind Nordvik, skriv i mail ein kommentar til Byantikvaren sine merknadar frå 24. mai 2012.²³⁵ Han tolkar Byantikvaren sitt ønske om at den eksisterande fasaden skal bevarast i det nye bygget som eit forsøk på å ta vare på merkevara til konfeksjonsforretninga (altså Norem Baade). Nordvik er ikkje einig i dette ønsket, og påpeikar at “Når det skal oppføres en ny bygning i (2012/2013), mener vi det er naturlig at bygget blir preget av dagens tidsånd både arkitektonisk og funksjonelt.”²³⁶

Altså vil dei byggje noko nytt og moderne, som passar inn i det moderne Stavanger, og ikkje ta vare på rester av noko som er borte. Det Byantikvaren kallar særpreg, er for Auctus merkevara for ei gammal bedrift, og det kan med det synet vere forståeleg at ein ikkje vil fortsette å reklamera for. Auctus påpeiker at “Fasaden som ‘merkevare’ for byggets virksomhet er således flere ganger vært tilpasset tidens epoke, hvor hvert bygg fikk sin byggestil tilpasset sin egen tid”.²³⁷ Fasaden må rett og slett fortsette å endre seg, og vera ei ny merkevare for ei ny bedrift i ei ny tid.

Vidare skriv han at “For Kirkegata 22 vil dessuten en slik løsning være å videreføre eiendommens “historie” fordi historien nettopp er preget av at eiendommen har endret totalt form og uttrykk ved hver ombygging”. Bygget si historie vert altså i denne framstillinga nettopp ei historie om stadig endring og modernisering. Og ikkje om å ta vare på det gamle, når dette ikkje lenger oppfyll bygget sin funksjon, slik Byantikvaren ønsker.²³⁸

Det Auctus gjer her er å gi bygget ei historie og ein identitet Dei separate hendingane, altså kvar oppussing og ombygging, vart sett inn i ei historie om eit bygg som endrar seg. Frå å vera separate hendingar, er dei nå ein del av ei historie om framsteg og framtidig næringsverksemd. Ei historie om eit Stavanger i stadig endring for å dyrka og hjelpa næringslivet

²³⁵ Mail til saksbehandlar Asgeir Bell, datert 06.06.2012.

²³⁶ Mail til saksbehandlar Asgeir Bell, datert 06.06.2012, 1.

²³⁷ Mail til saksbehandlar Asgeir Bell, datert 06.06.2012, 1.

²³⁸ Mail til saksbehandlar Asgeir Bell, datert 06.06.2012, 1-2.

i fortida, i nåtida og inn i framtida, altså ein del av Stavanger si næringshistorie, og denne endringa som ein del av bygget sin identitet.

Avslutningsvis skriv Nordvik at:

Vi meiner altså at ombygging bør ha en byggestil som er tilpassa sin egen epoke med den målsetting at eigendommen skal fungere forretningsmessig godt over mange nye år. Dette vil også bidra som en positiv drivkraft for sentrum som et levende kulturområde fordi fornying på utalte steder i bystrukturen med lønnsam drift og bærekraftige aktiviteter vil være det beste vern for hele sentrumsområdet. Den nye reguleringsplanen for sentrumshalvøya har slike føringar for den framtidige byutviklinga.²³⁹

Altså vert det argumentert for at fornying er nødvendig for å kunne ha butikkdrift i framtida. Denne fornyinga av bygget vert framstilt som ei positiv drivkraft for heile det gamle sentrum, som ifølge Auctus treng noko nytt for å overleve.²⁴⁰ Ein kan tolke det som at fornying av dette bygget vil gjera at dei andre gamle bygga vert verna gjennom eit meir moderne og økonomisk berekraftig sentrum.²⁴¹

Dette synet er som Auctus sjølv påpeikar inspirert av den nye reguleringsplanen for sentrumshalvøya i Stavanger.²⁴² Men ein kan også hevde at dette er ei vidareføring av vern gjennom bruk-synet som har dominert Stortingsmeldingar, som for eksempel "Framtid med fotfeste – Kulturminnepolitikken" som var i fullt arbeid i 2012 og vart vedteken i 2013.²⁴³ Dette synet er at ein nettopp vernar det gamle ved at det vert nytta for næringsutvikling og bruk. For sjølv om dette gamle huset vert rive, så kan ein tenkja ut frå argumentasjonen at denne aktive bruken av eit bygg i Stavanger sentrum, vil skapa bruk, og dermed vern, av andre delar av sentrum.

4.5.2 Utsegner frå fagetatane

4.5.2.1 Byantikvaren i Stavanger

Den første fagetaten som uttalar seg i den offentlege byggjesaka er Byantikvaren i Stavanger.

Den 24. mai 2012 kjem Byantikvaren i Stavanger med sin første merknad til søknaden motteke

²³⁹ Mail til saksbehandlar Asgeir Bell, datert 06.06.2012, 1-2.

²⁴⁰ Mail til saksbehandlar Asgeir Bell, datert 06.06.2012, 1.

²⁴¹ Mail til saksbehandlar Asgeir Bell, datert 06.06.2012, 71.

²⁴² Mail til saksbehandlar Asgeir Bell, datert 06.06.2012, 2.

²⁴³ Miljøverndepartementet, 2013.

den 04. mai 2012 om Kirkegata 22.²⁴⁴ Byantikvaren konkluderer på 1,5 sider at bygget si eksisterande bygningsmasse har vorte endra såpass drastisk at den ikkje er verneverdig i seg sjølv, og at dei dermed ikkje argumenterer sterkt mot riving av bygget. Likevel argumenterer dei sterkt for at byggets fasade mot Kirkegata må bevarast på best mogleg vis, for å bevare Kirkegata sitt intime preg og karakteristiske atmosfære.²⁴⁵ Dermed må dei foreløpige planane for prosjektet endrast for å bevare stilen i Kirkegata på ein betre måte.²⁴⁶

Byantikvaren nyttar mykje historie for å argumentera for bevaring av fasaden til Kirkegata 22 i sin dåverande tilstand i 2012. Først set ho bygget inn i ei forteljing om Norem Baade, ei bedrift som, ifølgje ho, har vore ein viktig del av Stavanger sitt handelssentrum.²⁴⁷ Byantikvaren meiner vidare at fasaden slik den var i 2012 er eit viktig uttrykk for denne historia til bygget.²⁴⁸ Heile historia til namnet og merkevara Norem Baade vert dermed tileigna fasaden til bygget, og den vert dermed noko mykje meir enn berre ein fasade. Den vert det ein kallar eit symbol, eit symbol for ein lokal identitet tatt frå denne historia.²⁴⁹ Av Knutsen og Bøe vert eit symbol ofte kalla eit lokalt ikon, og det er det dette historiske bygget vert i forteljinga Byantikvaren fortel.²⁵⁰ Den vert båe ein direkte del av, og symbol på, Kirkegata si handelshistorie gjennom Norem Baade. Ein kan også lett tenkje seg at dette kan setjast inn i historia til heile handelsstaden Stavanger, noko utsegna om at bygget har vore ein viktig del av Stavanger sitt handelssentrum underbyggjer vidare.

Vidare drar Byantikvaren inn at Kirkegata er ein del av det mellomalderske gatenettet i Stavanger.²⁵¹ Altså vert bygget sett inn i ein kontekst med mellomalderen, som er perioden der Stavanger oppstod som by.²⁵² Dette er ein effektiv kontekst å nytta, i og med at den mellomalderske dominerande domkyrkja og den omfattande verna mellomaldergrunnen i heile sentrum er noko som har eit sterkt vern i Stavanger i dag, som eg har vist i delen om bevaring i

²⁴⁴ Byantikvarens merknad, datert 24.05.2012, 1-2.

²⁴⁵ Byantikvarens merknad, datert 24.05.2012, 1-2.

²⁴⁶ Byantikvaren si uttaling, datert 24.05.2012.

²⁴⁷ Byantikvarens merknad, datert 24.05.2012, 1.

²⁴⁸ Byantikvarens merknad, datert 24.05.2012, 1.

²⁴⁹ Bøe & Knutsen, *Innføring i historiebruk*, 43.

²⁵⁰ Bøe & Knutsen, *Innføring i historiebruk*, 43.

²⁵¹ Byantikvarens merknad, datert 24.05.2012, 1.

²⁵² Byantikvarens merknad, datert 24.05.2012, 1.

Stavanger. Kulturminne som er så gamle som mellomalderen har, som vist tidlegare i oppgåva, hatt eit historisk sterkt vern, og var noko av det første som vart verna i Noreg si vernehistorie.

Slik gir Byantikvaren altså eit tydeleg signal om at bygget er ein del av noko gammalt og verneverdig. Det er ein del av ei gate som har røter heilt tilbake til Stavanger sin start som by, og er slik ein del av noko større enn seg sjølv, altså eit gammalt handelshus med rester frå 1840. Som er det sjølv Byantikvaren går med på at huset i seg sjølv eigentleg ikkje er verneverdig i konklusjonen sin.²⁵³

Byantikvaren er derimot ikkje berre ein del av debatten i den offentlege byggjesaka, ho tar også ei aktiv rolle i media. Ho er spesielt aktiv i to saker om utviklinga av Stavanger sentrum på nrk.no, den 09. oktober 2012.^{254,255} Nyheitssakene handlar hovudsakleg om tre nylege saker som blant anna Byantikvaren har vore involvert i: Skagenfondene som vil byggja høgare rundt Domkyrkja, eit storhotell på Holmen som krev at 5 trehus vert rivne, og ikkje minst Norem Baade-bygget (Kirkegata 22).²⁵⁶ Desse tre bygga vert trekt fram i artikkelen som eit eksempel på ein tendens som føregår i utviklinga av Stavanger sentrum. Politikarane tillèt nemleg store endringar i sentrum sjølv etter innvendingar frå Riksantikvaren, Fortidsminneforeningen, Kyrkja og Fylkeskommunen.²⁵⁷

Byantikvaren fortel at ho dei siste månadane har vorte overkøyrd av politikarane.²⁵⁸ Ho arbeidar for å bevara Stavanger sitt særpreg med 8000 små trehus og arbeidarbustadar, som fortel ei historie om ein fattig tettstad som vart ein by på grunn av sild og skipsfart.²⁵⁹

Her nyttar Byantikvaren ei historie om Stavanger som ein liten fattig trehusby som gjennom sild og skipsfart vaks til ein storby. I denne historia er det dei gamle, og til dels små, trehusbygga som er hovudattraksjonen. Ut frå konteksten kan ein tolka det som at Kirkegata 22 er ein del av det eldre Stavanger sentrum og dermed ein del av denne historia. Fokuset på dei små trehusbygga og fattigdommen gjer også at det er det “vanlege” eller “små” folka si historie

²⁵³ Byantikvarens merknad, datert 24.05.2012, 2.

²⁵⁴ Larsen & Espeland & Evensen, ”Forskrekkelsen kommer som regel etter at man har revet”.

²⁵⁵ Larsen & Espeland, ”-idyllen i Stavanger forsvinner”.

²⁵⁶ Larsen & Espeland, ”-idyllen i Stavanger forsvinner”.

²⁵⁷ Larsen & Espeland, ”-idyllen i Stavanger forsvinner”.

²⁵⁸ Larsen & Espeland, ”-idyllen i Stavanger forsvinner”.

²⁵⁹ Larsen & Espeland, ”-idyllen i Stavanger forsvinner”.

som er mest i fokus i denne historia. Det er ikkje historia om Stavanger sine store menn, der for eksempel Alexander Kielland er heltane.

Men denne forteljinga om Stavanger utelet mykje anna av Stavanger si historie. Byen har endra seg mykje sidan tidene der sild, skipsfart og små trehus var det som byggja Stavanger opp frå grunnen. For eksempel den internasjonale byen, oljebyen, hovudstaden i bibelbeltet og byen som blir dominert av næringslivet vert ikkje gitt plass i Byantikvaren si historie om Stavanger sentrum. Som konklusjon kan ein sei Byantikvaren har eit heilt anna fokus enn dei andre, og fokuserer på ein by og ein identitet som er i fortida, og kanskje ikkje like mykje i nåtida.

4.5.2.2 Kulturavdelinga i Rogaland fylkeskommune

Kulturavdelinga i Rogaland fylkeskommune fekk den 08. april 2013²⁶⁰ i oppgåve frå Riksantikvaren å uttala seg om saka. Dei nyttar ikkje mykje eigne argument i konklusjonen sin, men nyttar Byantikvaren sin argumentasjon, og er derfor einig med Byantikvaren om at fasaden i funkisstil og mellomaldergrunnen må tas omsyn til.²⁶¹ Dei nyttar eit byråkratisk og til dels nøytralt språk, der argument er grunngjeve med planar eller saksgongar, og lite direkte historiebruk. Blant anna vert det nemnd at bygget er ein del av ein omsynssone for bevaring av kulturmiljø pbl, 11-8 c i kommunedelplanen for kulturminne, at sentrumshalvøya og trehusbyen er ein del av Riksantikvarens NB-liste, og bygget er ein del av sentrumshalvøya.²⁶² Kulturavdelinga nemner også at Riksantikvaren er den myndigheita som kan gi dispensasjon frå Kulturminnelova jf 8, sidan mellomaldergrunnen er eit automatisk freda kulturminne. Heile saka bør derfor verte ein del av reguleringsplan 2222 for sentrumshalvøya.²⁶³

4.5.2.3 Kultursjef i Rogaland fylkeskommune

Mykje seinare i saka i ein NRK-artikkel frå 10. mai 2013 er det Jan Gunnar Johnsen, kultursjef Rogaland fylkeskommune, som forsvarar Kirkegata 22.²⁶⁴ Han seier at dette er eit område som har kulturminneverdi, og at fasaden må bli tatt vare på. Norem Baade sin fasade har vorte ein del av den viktige Kirkegata som hovudferdselsåre i byen, og er derfor ein del av både bybiletet og kulturidentiteten til Stavanger.²⁶⁵ Han støtter med desse utsegnene Byantikvaren og

²⁶⁰ Fylkeskommune uttalselse, datert 08.04.2013.

²⁶¹ Fylkeskommune uttalselse, datert 08.04.2013, 3.

²⁶² Fylkeskommune uttalselse, datert 08.04.2013, 2-3.

²⁶³ Fylkeskommune uttalselse, datert 08.04.2013, 3.

²⁶⁴ Larsen & Stenberg, "Er denne fasaden verneverdig?"

²⁶⁵ Larsen & Stenberg, "Er denne fasaden verneverdig?"

Fylkeskommunen sine faglege utsegner om saka. Og med sterke ord som ein del av bybiletet og kulturidentiteten, vert bygget plassert i midten av heile historia til Stavanger by.²⁶⁶ Han ikkje utdjupa særleg om kva denne byhistoria er, men det er kanskje ikkje så rart når han skal forsvare eit standpunkt på to avsnitt.²⁶⁷

4.5.3 Andre partar sine innspel

Den neste samlinga med meningar og utsegner er dei partane som ikkje er direkte involvert med utbyggjar eller ein del av ein offentleg etat. Dette er ei samansett gruppe av politikarar, privatpersonar, næringsdrivande og andre spesielt interesserte. Dette er ei gruppe menneske som eg vil hevda er ein meir “frivillig” deltakar i debatten, og fleire av dei kan ha hatt stor påverknad på debatten, ikkje minst framståande lokalpolitikarar.

4.5.3.1 Stavanger Høgre

Den dominerande parten i denne debatten er lokalpolitikarar frå partiet Høgre. Elin Nedrebø Aga, Erlend Jordal og Krister Høyner Mathiassen representerer alle partiet, og som eg skal visa vidare, var dei sær involverte i debatten i media. Dette tyder på at saka var sær viktig for Stavanger Høgre.

For å forstå kvifor høgrepolitikarane har involvert seg så sterkt i denne saka har eg leita etter Stavanger Høgre sitt partiprogram frå lokalvalet i 2011, ved å spørja blant anna Stavanger Høgre sjølv, men dette har derimot ikkje latt seg gjera. Derfor vel eg som erstatning å sjå etter svar i Høgre sitt gjeldande nasjonale partiprogram “Høyres partiprogram 2009-2013”.²⁶⁸

Her har Høgre blant anna ei eigen del tileigna bevaring av kulturarven. Fokuset er derimot ikkje på det gamle, det er ikkje nemnd nokre mål om å for eksempel verne meir eller spesifisert kva dei vil ta vare på.²⁶⁹ Hovudfokuset ser ut til å vera korleis staten kan hjelpe enkeltpersonar og bedrifter som vert pålagt å ta vare på kulturarv maksimalt, slik at dette ikkje vert ei byrde for den enkelte.²⁷⁰

²⁶⁶ Larsen & Stenberg, “Er denne fasaden verneverdig?”.

²⁶⁷ Larsen & Stenberg, “Er denne fasaden verneverdig?”.

²⁶⁸ Høyres Stortingsvalgprogram 2009-2013.

²⁶⁹ Høyres Stortingsvalgprogram 2009-2013, 14.

²⁷⁰ Høyres Stortingsvalgprogram 2009-2013, 14.

Det kan også vera relevant å sjå kva Høgre seier om næringsliv, då dette er ei vel så viktig del av saka. Dei skriv blant anna at dei vil “kutte bedriftenes kostnader knyttet til regel- og skjemaveldet»²⁷¹, “trekke næringsdrivende inn i arbeidet med å forenkle offentlig sektor»²⁷², og “at det skal lønne seg for kommunene å drive en næringsvennlig politikk ved at de får beholde en del av selskapsskatten lokalt”.

Den lange prosessen som Auctus AS måtte gjennom før dei fekk rive Kirkegata 22 kan absolutt tenkjast som ein del av “regel og skjemaveldet“, og ”forenkling av offentlig sektor” vil nok hjelpe med dette problemet. I tillegg vil altså Høgre oppfordre kommunar til å driva ein næringsvennleg politikk, og at dette skal gi gevinst for dei aktuelle kommunane. Alt dette ligg altså til rette for at det kanskje ikkje er vern av fleire bygg og krokete byråkrati som Høgre i Stavanger kjempar for, men heller den næringsvennlege politikken.

Den første høgrepolitikaren som omtalar saka er Elin N. Aga, som kjem med eit debattinnlegg i Stavanger Aftenblad den 7. februar 2013.²⁷³ Ho skriv at sentrum i Stavanger må leve, og for å halda sentrum i live treng ein spanande spesialbutikkar, som gjer at folk kan handla der og ha gode opplevingar.²⁷⁴

Det som vert presentert som det som “drep” sentrum er det gamle, her presentert med Norem-Baade-bygget (Kirkegata 22) og deira forkjemparar Fylkesmannen (Statsforvaltaren) og Fylkesrådmannen, som, ifølge Aga, berre bryr seg om å ta vare på mellomalderbyen under Stavanger.²⁷⁵ Ho skriv at det er viktig med ei viss fornying av sentrum, og at me som lev i dag også fortener å bidra med nokre praktbygg til det ho kallar den dynamiske miksen av tidsepokar som finst i Stavanger sentrum.²⁷⁶ I staden for å la sentrum bli eit museum som er frose fast i tida i all æve, må ein opne opp for utvikling også inn i framtida.²⁷⁷ I avslutninga er hennar direkte sitat følgande: “I dag er det nye krefter som ønsker å bidra med eit kapittel i sagaen om Stavanger. De som har gode prosjekter, og som bidrar positivt til byens estetikk og utvikling i områder som i dag trenger oppgradering, bør få lov til det”.²⁷⁸ Sitatet verkar, ut ifrå sin kontekst,

²⁷¹ Høyres Stortingsvalgprogram 2009-2013, 22.

²⁷² Høyres Stortingsvalgprogram 2009-2013, 23.

²⁷³ Aga, Debattinnlegg, 27.

²⁷⁴ Aga, Debattinnlegg, 27.

²⁷⁵ Aga, Debattinnlegg, 27.

²⁷⁶ Aga, Debattinnlegg, 27.

²⁷⁷ Aga, Debattinnlegg, 27.

²⁷⁸ Aga, Debattinnlegg, 27.

å handla direkte om saka om Kirkegata 22, og taler klart for at dette er eit prosjekt som Stavanger sentrum treng, og bør få gjennomføra.

Aga er særst positiv til Zara-bygget, nye Straensenter og Ankekvarter, som er tre nye prosjekt frå denne tida.²⁷⁹ Dette vil gi Stavanger eit “arkitektonisk løft”, der Stavanger i dag har “Triste bakgårder og gårlige gateløp”. Ho er derimot ikkje negativ til alt det gamle i Stavanger sentrum. Ho skriv at sentrum er ei blanding av bygg frå ulike epokar og “Det har en slags protestantisk estetikk som forteller om en praktisk og arbeidsom befolkning som hovedsakelig har hatt blikket rettet framover”.²⁸⁰

Ho nemner overraskande lite historie til at ho har eit så sterkt syn på den historiske utviklinga av sentrum. Aga er berre positiv til Stavanger sentrum som ei heilheit, og “vil alltid ta det beste fra fortiden med oss inn i fremtiden”.²⁸¹ Dei konkrete eksempla som mellomalderbyen blir nemnt med ein negativ undertone, og det same vert Norem-Baade-bygget. Ingen konkrete bygg, gater eller inntrykk vert positivt omtala.²⁸² Gjennom eit relativt langt innlegg nemner ho heller ingen eksempel på Stavanger som historisk handelsby, trehusby eller kyrkjeby.²⁸³

Måten høgrepolitikaren nyttar Stavanger by si historie på, kan fremma eit formål. Dette formålet kan vera å byggja opp eit bilete av ein spesifikk identitet for både byen Stavanger og dagens innbyggjarane. Me vert i innlegget fortalt om ein by som stadig utviklar seg, og som har innbyggjarar som er eit arbeidsamt folk som har hatt “blikket venda framover”.²⁸⁴ Her vert det altså konstruert ein identitet for innbyggjarane i Stavanger som hardtarbeidande og framtidsretta menneske. Denne identiteten nyttar Aga vidare for å argumentera for korleis Stavanger derfor må fortsetta å utvikla seg inn i framtida.

Høgrepolitikaren nyttar ein del av det same historiesynet og argumentasjonen som utbyggjar i lesarinnlegget. Spesielt når ho hevdar at Høgre har eit mantra “At vi må fornye for å bevare”. Dette synet er som tatt rett ut av (det dominerande bevaringssynet i) “Framtid med fotfeste – Kulturminnepolitikken” frå 2013, og er det same argumentet utbyggjar nytta for å

²⁷⁹ Aga, Debattinnlegg, 27.

²⁸⁰ Aga, Debattinnlegg, 27.

²⁸¹ Aga, Debattinnlegg, 27.

²⁸² Aga, Debattinnlegg, 27.

²⁸³ Aga, Debattinnlegg, 27.

²⁸⁴ Aga, Debattinnlegg, 27.

argumentera for at ein måtte utvikle og fornye sentrum for å redde resten av det historiske sentrum.

Aga er veldig opptatt av historie som ei endring, som noko som ikkje er sett i stein. Historia er flytande og må endra seg saman med nåtida. Eit slikt historiesyn ligg nært den historiske tropen om at verda endrar seg til noko betre.

Ein annan høgrepolitikar Erlend Jordal kjem litt seinare på banen den 10. mai 2013 i ein artikkel i/på NRK om bygget.²⁸⁵ Han seier at kommunen byrjar å få nok av at denne saka ikkje er løyst, når dei har einstemmig vedteke å godkjenne nybygg to gonger allereie. Larsen & Stenberg, ”Er denne fasaden verneverdig?”. Det dei vil ha er ny aktivitet og nye butikkar i sentrum, og at Zara-bygget vil bli nettopp ei slik styrking av sentrum. Om vern seier han noko interessant, at dei arbeidar for å finna ein balanse mellom vern av trehusbyen og å få byggja nytt.²⁸⁶ Jordal meiner at Zara-bygget med sin nye fasade i glas passar inn i Kirkegata. Slik blir Zara-bygget eit eksempel på balansen mellom vern og nybygg – et nybygg som passar inn i den verna Kirkegata.²⁸⁷

Jordal uttrykkjer dermed eit syn som ikkje er heilt ulikt hans partikollega Elin N. Aga uttrykte eit par månader før i prosessen. Noko som ikkje er så overraskande sidan dei er med i same parti. Han òg argumenterer for at ein må gje plass til det nye i sentrum for å sikra ny aktivitet.²⁸⁸ Jordal peikar også på at ein må finna ein balanse mellom det nye og gamle, og dreg her inn trehusbyen som eit eksempel på kor mykje som vert tatt vare på i Stavanger sentrum allereie.²⁸⁹ Det omfattande vernet av trehusbyen vert dermed nytta som eit slags argument for at ein må ofra noko gammalt når ein tar vare på så mykje anna.²⁹⁰ Vern må altså vera ein balanse mellom bevaring og fornying.

Den tredje og siste høgrepolitikaren vert intervjuet for ein artikkel om saka den 23. august 2013.²⁹¹ Kristen Høyér Mathiassen seier at Stavanger ikkje kan gå glipp av det økonomiske toget

²⁸⁵ Larsen & Stenberg, ”Er denne fasaden verneverdig?”.

²⁸⁶ Larsen & Stenberg, ”Er denne fasaden verneverdig?”.

²⁸⁷ Larsen & Stenberg, ”Er denne fasaden verneverdig?”.

²⁸⁸ Larsen & Stenberg, ”Er denne fasaden verneverdig?”.

²⁸⁹ Larsen & Stenberg, ”Er denne fasaden verneverdig?”.

²⁹⁰ Larsen & Stenberg, ”Er denne fasaden verneverdig?”.

²⁹¹ Søndeland, ”Nå går Zara toget”.

som er Zara.²⁹² Mathiassen meiner at dette kan bli det største grepet ein gjer for Stavanger sentrum dei neste åra, sidan Zara som merke har auka omsetninga i områda rundt med 25% i andre byer.²⁹³ Dermed må ombygginga gjennomførast for å få nytt liv i sentrum.²⁹⁴ Om sjølve bygget seier han at ingen tener på at bygget “blør” slik det gjer i dag, og at det ikkje er bra at bygget ligg der utan aktivitet og vert meir forringa for kvar dag som går.²⁹⁵

Han er altså også svært opptatt av sentrum si utvikling, men er meir opptatt av den økonomiske utviklinga av sentrum, ikkje bygget si utvikling. Hans einaste kommentar om bygget er at det står tomt.²⁹⁶ Men det som ikkje vert nemnd kan også vera interessant. Utelating av alt som har med vern og verneverdi kan tolkast som at han ikkje meiner at bygget har noko verneverdi, og iallfall at potensialet eit nybygg med Zara har for sentrum, er mykje viktigare for Stavanger sentrum si utvikling enn å ta vare på ein gammal fasade.

Krister Høyer Mathiassen er også intervjuet i ein NRK-artikkel frå 09. oktober 2012.²⁹⁷ Der han er intervjuet som ei motstemme mot dei som meiner at politikarane i Stavanger raserer den gamle byen. Han seier at dei skal verne ein del eigedommar i sentrum, men også laga eit levande sentrum som næringslivet kan leva av.²⁹⁸ Samtidig skal byens innbyggjarar kunne kosa seg og vera i Stavanger sentrum.²⁹⁹ Til svar på om dei gamle bygga, som for eksempel trehusbyen, har vorte viktige turistattraksjonar, seier han at ein ikkje kan leva av berre attraksjonar, og at ein treng noko anna i sentrum òg.³⁰⁰ Han ikkje ønsker at folk skal gå rundt i eit museum når dei besøker sentrum.³⁰¹ Her vert balanseongongen mellom vern og næringsliv nok ein gong understreka, og påpeika som det viktigaste for Stavanger by.

4.5.3.2 Andre næringsinteresser

Høgrepolitikarar i Stavanger er derimot ikkje åleine i å støtta utbyggingane i denne saka. Andre partar med særinteresser for næringslivet i Stavanger deler også eit positivt syn på å få eit nybygg i sentrum. Blant anna Cecilie Christ, leiar i Stavanger Sentrum AS, engasjerer seg i saka.

²⁹² Søndeland, ”Nå går Zara toget”.

²⁹³ Søndeland, ”Nå går Zara toget”.

²⁹⁴ Søndeland, ”Nå går Zara toget”.

²⁹⁵ Søndeland, ”Nå går Zara toget”.

²⁹⁶ Søndeland, ”Nå går Zara toget”.

²⁹⁷ Larsen & Espeland, ”Idyllen i Stavanger forsvinner”.

²⁹⁸ Larsen & Espeland, ”Idyllen i Stavanger forsvinner”.

²⁹⁹ Larsen & Espeland, ”Idyllen i Stavanger forsvinner”.

³⁰⁰ Larsen & Espeland, ”Idyllen i Stavanger forsvinner”.

³⁰¹ Larsen & Espeland, ”Idyllen i Stavanger forsvinner”.

Stavanger sentrum AS er, ifølge si eige heimeside, ein medlemsorganisasjon for bedrifter i Stavanger sentrum, og er eit samarbeid mellom bedriftene i sentrum, men har også Stavanger kommune som deleigar.³⁰² Som leiar for ein bedriftsorganisasjon vil det vere naturleg at hovudfokuset er å kjempa for interessene til medlemsbedriftene. Dette kan kanskje forklare kvifor utsegnene hennar er på linje med “næringspartiet” Høgre i denne saka.

Christ seier at ho har stor respekt for kulturminna i Stavanger, men at det er delte meiningar om dette bygget er eit kulturminne eller ikkje.³⁰³ Ho trur også at det vil bety mykje for både Kirkegata og byen at Zara kjem. Zara-bygget vil gjera at handelen kjem tilbake til denne delen av sentrum, som har opplevd mykje konkurranse frå dei andre delane av sentrum og kjøpesentera i regionen.³⁰⁴ Butikken vil også forsterka byen sitt internasjonale preg, ved etablering av denne internasjonale kjeda.³⁰⁵ Ho avsluttar med å seie at den nye fasaden i moderne and vil skape balanse med dei gamle bygga i tre.³⁰⁶ Leiaren i Stavanger sentrum AS sitt hovudbodskap er altså at det viktigaste er utviklinga av Stavanger sentrum, og at Zara er den butikken som skal sikra den vidare utviklinga av sentrum inn i framtida.³⁰⁷

Det mest interessante Christ kjem med er utsegna om Stavanger sitt internasjonale preg. Denne utsegna heng mest sannsynleg saman med Stavanger si utvikling gjennom den første moderne næringsutviklinga og den omfattande utanlandshandelen på 1800-1900-talet. Dette gjorde at Stavanger fekk kontakt med den store verda, som den hamnebyen den er. Dette kan ein også hevda har forsterka seg ytterlegare sidan Stavanger vart ein oljeby. Med «olja» fekk byen stor pågang av utanlandske oljeselskap og fekk internasjonale skular på engelsk, som sjølv i dag er representert med blant anna ISS, International School of Stavanger.³⁰⁸

Ein kan tyde dette som at Christ meiner at det internasjonale, eller eit internasjonalt preg, er ein del av Stavanger sin identitet. Det internasjonale er ein del av Stavanger som by, og at etableringa av ei ny internasjonal klesbutikk vil forsterke og vidareføre denne etablerte

³⁰² ”Praktisk informasjon om oss”.

³⁰³ Arnesen, “Zara åpning tidligst neste år.”

³⁰⁴ Arnesen, “Zara åpning tidligst neste år.”

³⁰⁵ Arnesen, “Zara åpning tidligst neste år.”

³⁰⁶ Arnesen, “Zara åpning tidligst neste år.”

³⁰⁷ Arnesen, “Zara åpning tidligst neste år.”

³⁰⁸ ”Welcome to the international school of Stavanger”, ISS.

identiteten. Etableringa av denne klesbutikken kan altså passa inn i ei større forteljing om den internasjonale byen Stavanger.³⁰⁹

Utsegna om at den moderne fasaden i glas vil skapa balanse med dei gamle bygga i tre, er også særst interessant.. Dette er det heilt motsette synet til dei som vil bevare eit heilt uttrykk eller kulturmiljø som sentrumshalvøya eller Kirkegata. Dette synet på at det gamle og nye må eksistera side om side er også noko som var særst gjentakande i høgrepolitikarane sitt syn på bevaring.

Den andre personen med næringsinteresser som kjem med utsegner i media om denne saka, er butikkeigar Dag Bjørnsen. Han driv ein butikk i eit av nabobygga til Kirkegata 22, og seier at det er trist med bygget slik det er i dag.³¹⁰ Bygget er ein trist utsikt frå butikken hans akkurat nå, og han er allereie lei av å sjå på bygget som står tomt og forfell.³¹¹ Han fortel at særst mange legg merke til dette forfallet slik det er nå. Han nemner ikkje byggjesaka eksplisitt, men utsegnene hans tydar på at alt er betre enn slik det er nå, sidan han vil bli kvitt det forfallet som øydeleggjar utsikta frå butikken hans. Dette er iallfall eit heilt anna syn på bygget enn fagetatane, som ser på bygget som ein viktig del av gata sitt uttrykk.³¹² Utsegnene hans viser også at spørsmålet om vern og estetikk ikkje alltid er eit enkelt og upartisk spørsmål.³¹³

4.5.3.3 Kultursosiolog Eirik Fossaskåret

Eit anna innlegg i denne debatten kjem til syne i to NRK-artiklar frå 09. oktober 2012, som omhandlar endringane som er i ferd med å skje i Stavanger sentrum.³¹⁴ Kultursosiologen Erik Fossaskåret er forskrekka over alle dei store endringane som nå er planlagt i Stavanger sentrum.³¹⁵ Han minner om at det var like før trehusbyen i Stavanger vart jamna med jorda ein gong i tida, og at nokre tok til orde for å sanera heile Stavanger sentrum. Derfor må ein læra frå dette i dag og ikkje vera så snare med å riva.³¹⁶ Skrekken over det ein har gjort kjem ofte etterpå, meiner Fossaskåret, men då er det for seint å endra på kva ein har gjort, og bygga er borte for

³⁰⁹ "Welcome to the international school of Stavanger", ISS.

³¹⁰ Larsen & Stenberg, "Er denne fasaden verneverdig?"

³¹¹ Larsen & Stenberg, "Er denne fasaden verneverdig?"

³¹² Larsen & Stenberg, "Er denne fasaden verneverdig?"

³¹³ Larsen & Stenberg, "Er denne fasaden verneverdig?"

³¹⁴ Larsen & Espeland, "-Idyllen i Stavanger forsvinner".

Larsen & Espeland & Evensen, "Forskrekkelsen kommer".

³¹⁵ Larsen & Espeland & Evensen, "Forskrekkelsen kommer".

³¹⁶ Larsen & Espeland & Evensen, "Forskrekkelsen kommer".

alltid.³¹⁷ Han meiner at deler av trehusa i Stavanger sentrum er i fare på grunn av utbygginga til «kapitalistane», som har fått stor påverknad på utviklinga av sentrum.³¹⁸ Han nemner blant anna Norem Baade, Kirkegata 22, som eit eksempel på denne utviklinga.³¹⁹

Ikkje alle som deltek i denne debatten i media har lyst på eit nybygg i Kirkegata. Fossaskåret engasjerer seg for at ein ikkje må rive gamle bygg, som for eksempel Kirkegata 22. Hans argument går i grunn ut på at ein ikkje må forhasta seg når ein skal rive gamle bygg. Han nyttar fleire eksempel frå Stavanger si historie for å visa at synet på historia endrar seg over tid.³²⁰ Og at trehusbyen og gamle Stavanger sentrum begge vart forsøkt rivne, fordi ein ikkje meinte det var noko å ta vare på. I dag er dei er symbol for Stavanger si historie og identitet. Dette er, som skriven bevaringsdelen av denne oppgåva, ikkje berre eit problem for Stavanger. Bryggen i Bergen er ein anna eksempel på ein stoltheit som nokon ville riva på eit tidspunkt, sidan dei ikkje såg verdien i å bevare den.³²¹ Den historia som dagens menneske syns er viktig, og som er vår historie, er i stadig endring. Derfor er det vanskeleg å spå kva som er viktige deler av framtidens historie.³²² Derfor kan det, som Fossaskåret påpeikar, vera viktig å ta vare på fleire bygg.³²³

På slutten av artikkelen kjem Fossaskåret direkte inn på Stavanger si historie. Han seier at byen Stavanger har ein veldig grunn historie, og at det som finst, berre kom tilfeldig på 1800-talet med silda.³²⁴ Mangelen på eit sterkt borgarskap gjorde at det er få praktbygg som vart tatt vare på, og at dette er ein av grunnane til at politikarane gjerne riv ned gamle bygg for å få nye høghus i Stavanger sentrum.³²⁵

Dette tolkar eg som at Fossaskåret meiner at Stavanger si historie, og ikkje minst arkitektur, ikkje er bra nok for politikarane i dag. Det er lettare å ta vare på det han kallar “praktbygg” enn for eksempel gamle hus for “folk flest”/Folk flest setter større pris på praktbygg, derfor er det lettare å ta vare på desse enn for eksempel gamle hus utan særleg

³¹⁷ Larsen & Espeland & Evensen, “Forskrekkelsen kommer”.

³¹⁸ Larsen & Espeland & Evensen, “Forskrekkelsen kommer”.

³¹⁹ Larsen & Espeland & Evensen, “Forskrekkelsen kommer”.

³²⁰ Larsen & Espeland & Evensen, “Forskrekkelsen kommer”.

³²¹ Larsen & Espeland & Evensen, “Forskrekkelsen kommer”.

³²² Larsen & Espeland & Evensen, 2012.

³²³ Larsen & Espeland & Evensen, “Forskrekkelsen kommer”.

³²⁴ Larsen & Espeland & Evensen, “Forskrekkelsen kommer”.

³²⁵ Larsen & Espeland & Evensen, “Forskrekkelsen kommer”.

særpreg. ³²⁶ Dette meiner altså Fossaskåret er eit ekstra stort problem for Stavanger, sidan eit svakt borgarskap har gitt oss færre av desse klassiske “praktbygga” enn mange andre byar. ³²⁷

Her er ein inne på kven sin historie ein fortel, og kven sin historie ein tar vare på. Som vist i den bevaringshistoriske delen av oppgåva, har ein historisk i store deler av bevaringshistoria til Noreg hovudsakleg tatt vare på det “storslåtte”. Bygg etter borgarskapet eller storbøndene har vore særdominerande, mens meir vanlege kvardagshus har ikkje vore ein prioritet. Så det kan vera ei viss sanning i desse utsegnene frå Fossaskåret.

4.5.3.4. Venstrepolitikar Per A. Thorbjørnsen

Ein annan forkjempar for bevaring er Venstrepolitikaren og sosiologen Per A. Thorbjørnsen. Han kjem med sitt syn på Stavanger si historie og historiesyn i den same NRK-artikkelen som Fossaskåret. Han skriv at byen Stavanger enda er prega av at den var sjølv “gullspenna i bibelbeltet”, og at forkynninga har forma byen på mange måtar. ³²⁸ Det vart ein del av byens tankegang at så lenge ein bøygde kneet for Jesus, kunne ein gjera det ein ville med naturen, skaparverket og dei estetiske verdiane. Alt dette kunne ein setja til side for det større formålet som var å tena pengar. ³²⁹ Dette meiner han er grunnen til at så mykje gammalt vert riva for at nye næringsbygg kan reisa seg i Stavanger sentrum den dag i dag, og at det er eit direkte resultat av restane etter denne kristne tankegangen, som enda er til stades i byen. ³³⁰

Her fortel altså Thorbjørnsen ei historie om ein by dominert av to krefter, kristendommen og næringslivet med sine kapitalkrefter. ³³¹ Noko som byggjer på at Stavanger nettopp vaks opp som by rundt Domkyrkja i Stavanger, og har vore ein del av det mest konservative og religiøse området av vårt land, det såkalla “bibelbeltet”. ³³² At kristendommen og konservativismen enda stod sterkt i Stavanger og Rogaland i 2013 kan ein sjå på resultatane av Stortingsvalet i 2013, då KRF fekk 10.6% av stemmene i Rogaland, ³³³ mot berre 5.6% i heile landet. ³³⁴ Næringslivet sin

³²⁶ Larsen & Espeland & Evensen, “Forskrekkelsen kommer”.

³²⁷ Larsen & Espeland & Evensen, “Forskrekkelsen kommer”.

³²⁸ Larsen & Espeland & Evensen, “Forskrekkelsen kommer”.

³²⁹ Larsen & Espeland & Evensen, “Forskrekkelsen kommer”.

³³⁰ Larsen & Espeland & Evensen, “Forskrekkelsen kommer”.

³³¹ Larsen & Espeland & Evensen, “Forskrekkelsen kommer”.

³³² James Godbolt, “Bibelbeltet”. Henta 7. april 2023 frå: <https://snl.no/bibelbeltet>.

³³³ «Rogaland Stortingsvalg 2013». Henta 7. april 2023 frå: <https://valgresultat.no/rogaland?type=st&year=2013>.

³³⁴ «Tall for hele Norge Stortingsvalg 2013». Henta 7. april 2023 frå: <https://valgresultat.no/?type=st&year=2013>.

historisk sterke posisjon i Stavanger har eg også dekkja i mi gjennomgåing av historia om Stavanger.

Han nyttar vidare denne historia om Stavanger til å forklara kvifor ein i dag vel å rive ned så mykje gammalt for å byggja nye næringsbygg i Stavanger sentrum. Det eine er eit direkte resultat av det andre, ifølge Thorbjørnsen. Kanskje ein må endre på denne årsaka før ein faktisk klarar å ta vare på gamle, verneverdige bygg?

Den historia om Stavanger han fortel, kan også nyttast for å laga ei slags identitet, men i dette tilfellet ei negativ identitet. Ein by som er så dominert av kristendommen og næringslivet at dei ikkje klarer å ta vare på si eige historie, fordi det ikkje er ein del av tankegangen at ein må ta vare på noko. For å klara å ta vare på meir av si historie må altså Stavanger by må endre denne identiteten sin.

4.5.3.5 Thomas Middelton frå Vårt Stavanger

Thomas Middelton er ein del av foreininga Vårt Stavanger. Av det litle eg har funne ut om denne organisasjonen er det viktigaste at den vart skifta rundt 1969. Den vart stifta av “patriotar” for å redde historiske sentrumsmiljø frå “tidenes fremskritt”. Målet deira verkar å vera å ta vare på dei gamle og historiske delane av Stavanger.³³⁵

Middelton fortel at han er sjokkert, fordi Høgre går inn for “kapitalkreftene” i full fart, og dermed gløymer å ta vare på Stavanger si sjel.³³⁶ Han meiner at politikarane vil rasera det Stavanger han elskar.³³⁷ Ved å gi blaffen i at trehusbyen står på Riksantikvarens liste over kulturmiljø med nasjonal interesse, og at sentrum er regulert til spesialområde for bevaring, tar dei ikkje vare på byen.³³⁸ Dei må ta vare på den historiske byen og ikkje berre løpa næringa sine interesser.³³⁹

Middelton nyttar deretter kampen om trehusbyen for å understreka sitt poeng. Han fortel om Einar Heden som på 50-talet leia kampen mot politikarane som ville riva trehusbyen, som i dag er ein av byens store turistattraksjonar.³⁴⁰ Han fryktar at politikarane ikkje forstår at ein må

³³⁵ Haram & Kalvik & Middelton. ”Hvor ble det av bypatriotene?”.

³³⁶ Larsen & Espeland, ”-Idyllen i Stavanger forsvinner”.

³³⁷ Larsen & Espeland, ”-Idyllen i Stavanger forsvinner”.

³³⁸ Larsen & Espeland, ”-Idyllen i Stavanger forsvinner”.

³³⁹ Larsen & Espeland, ”-Idyllen i Stavanger forsvinner”.

³⁴⁰ Larsen & Espeland, ”-Idyllen i Stavanger forsvinner”.

bruka den gamle byen for å skapa liv og aktivitet, og ikkje ved å riva det gamle.³⁴¹ Ved å setja den nye kampen rundt Stavanger sentrum i same kontekst som kampen om trehusbyen på 50-talet, gir han si eige side mykje legitimitet i denne saka. Dette er ikkje berre ein ny kamp, dette er ein kamp som har føregått lenge og ”dei” har kjempa den lenge. ”Dei“ er grunnen til at trehusbyen i Stavanger enda finst, og er ein viktig del av Stavanger – både som eit symbol for byen og som ein turistattraksjon som gir byen inntekter og merksemd.³⁴²

Middelton fortel ei historie om ein kamp som har føregått lenge. Ein kamp med politikarane og ”kapitalkreftene” på den eine sida, og med Riksantikvarens liste over kulturmiljø, den historiske byen, trehusbyen og alle forsvararane av dette, her representert ved Einar Heden, på den andre sida.³⁴³ Ein kamp der den eine sida vil ”rasera” Stavanger, og gløymer å ta vare på ”Stavanger sin sjel”, og den andre sida kjemper ein evig kamp for å ta vare på Stavanger, som vist gjennom blant anna kampen om bevaring av trehusbyen. Etter Middelton sitt syn er det nok ein klar ”vond” og ei klar ”god” side i denne kampen.

4.5.3.6 Sameiget Kirkegata 24

Sameiget Kirkegata 24 er eigaren av det næraste nabobygget til Kirkegata 22. Dei engasjerer seg i saken sidan dei er næraste nabo, og er både positive og negative til eit nybygg ved sida av. Dei skriv først at det er positivt at eigedommen vert tatt i bruk, sidan dette er positivt for aktiviteten i heile Kirkegata.³⁴⁴ Dette kan sjåast på som ein del av historia til Kirkegata som ei viktig handlegate. Dei skriv vidare at begge bygga er særleg gamle, og ein del av Stavanger sitt historiske sentrum. At bygga i sin tilstand og utforming i dag er eit resultat av denne historia.³⁴⁵ I Sameiget si historie vert byutviklinga av Stavanger sett på som ein organisk prosess, der tilfeldigheter har skapa det historiske resultatet som er sentrumet me har i dag. Denne «organiske prosessen» har gjort at Kirkegata 24 tidlegare har fått bygd heilt ut til si tomtegrense mot blant anna Kirkegata 22.³⁴⁶ Altså at Kirkegata 24 har fått nytta heile si tomt, mens Kirkegata 22 ikkje har det fram til nå.

³⁴¹ Larsen & Espeland & Evensen, 2012.

³⁴² Larsen & Espeland, ”-Idyllen i Stavanger forsvinner”.

³⁴³ Larsen & Espeland, ”-Idyllen i Stavanger forsvinner”.

³⁴⁴ Klage sameiget Kirkegata 24, datert 22.02.2013.

³⁴⁵ Klage sameiget Kirkegata 24, datert 22.02.2013.

³⁴⁶ Klage sameiget Kirkegata 24, datert 22.02.2013.

For her snur sameiget og argumenterer for at den organiske prosessen som skapa Kirkegata slik den er i dag ikkje lenger er det ein treng for å forme framtida.³⁴⁷ I dag veit me betre, seier dei, og me har reglar og forskrifter for bygg, som må følgast i dette tilfellet.³⁴⁸ Derfor kan ikkje Kirkegata 22 få lov til å reisa eit nybygg heilt inntil bygget deira, sidan dette bryt med dei gjeldande reglane.³⁴⁹ Dermed vert byutviklinga som Stavanger sentrum har gått gjennom i hundrevis av år, nytta som eit argument mot at den nye utbyggjaren skal få endre på bygget sine proporsjonar, ved å utvida den nye bygningsmassen ut mot tomtegrensa til nabobygget Kirkegata 24.³⁵⁰

4.6 Oppsummering av case 1, Kirkegata 22

Ved å gå gjennom Stavanger si byhistorie og Kirkegata 22 si historie forsøkte eg å gi eit grunnlag som ein kunne nytta for å forstå og tolka kva slags historie som vert nytta og fortalt av deltakarane i denne saka.

Eg val å dela tolkinga opp i tre ulike kategoriar, der den første inneheld dei som direkte representerer utbyggjar og søkar, Auctus og Brandsberg-Dahls arkitektkontor. Denne gruppa var aktiv i den offisielle saksgongen, slik ein kan sjå gjennom eit stort utval av søknadar og mailar som er ein del av saksdokumenta. Gruppa var også aktive i media, gjennom å stilla opp og kommentera saka i eit vidt utval av artiklar.

I båe saksdokumenta og i media kjem dei med det same budskapet og den same historiebruken. Dei fortel ei historie om eit bygg som er gammalt, men som ikkje er autentisk. Eit bygg som eigentleg berre er frå 1958 og som ikkje har noko igjen av det gamle som må vernast. Dei fortel om eit bygg som har vore ein del av ei handlegate, men som samtidig har endra seg etter næringslivet sitt behov, og at dette bygget si historie handlar om å endra seg med tida, ikkje ved å halda ved den butikken som ein gong har vore. Dei fortel om ein fasade som ein

³⁴⁷ Klage sameiget Kirkegata 24, datert 22.02.2013.

³⁴⁸ Klage sameiget Kirkegata 24, datert 22.02.2013.

³⁴⁹ Klage sameiget Kirkegata 24, datert 22.02.2013.

³⁵⁰ Klage sameiget Kirkegata 24, datert 22.02.2013.

gong hadde ein funksjon, men som nå er gammal og utdatert, og treng fornying for eit nytt formål.

Fagetatane som eg har vald å samla saman i ein eigen kategori, har eit litt anna syn på bygget. Denne gruppa er mest aktiv i den offentlege saka, kanskje openbart, sidan å vera aktiv i den offentlege saka er ein del av jobben deira, mens å vera ein aktiv del av debatten i media ikkje er det. Dei fortel ei historie om eit bygg som er ein del av både Stavanger sentrum og ikkje minst Kirkegata si historie. Dei omtalar fasaden som eit landemerke og ikon, og argumenterer for at den er ein viktig del av miljøet og heildomsinntrykket som i dag er Kirkegata. Kirkegata 22 vert sett inn i historia om Stavanger by, ein liten og fattig trehusby som gjennom sild og skipsfart vart til den byen den er i dag.

Den tredje kategorien eg har kalla andre partar, er ein samansett og komplisert kategori. Hovudsakleg består den av privatpersonar med ei ekstra stor interesse for saka og engasjerte politikarar frå lokalpolitikken i Stavanger. Personane i denne kategorien har ikkje openberre interesser i saka, og ein kan konkludera med at dei engasjerer seg på grunn av eit ektefølt engasjement og interesse.

På den eine sida her står høgrepolitikarar, butikkeigarar og ein sentrumsleiar i Stavanger. Dei fortel alle ei historie om nyskaping og eit levande sentrum. Eit sentrum som treng nye butikkar og internasjonale impulsar, og ikkje eit gammalt bygg som ikkje lenger har ein funksjon. Dei nemner eigentleg bygget særst lite direkte, men er meir opptatt av potensialet som nyskaping og det moderne har for byen og sentrum.

På den andre sida står engasjerte privatpersonar og ein venstrepolitikar som er opptatt av at sentrum sitt særpreg vert øydelagt av kapitalkreftene og næringslivet. Det som er i ferd med å skje er ei katastrofe, på linje med dei som før i tida hadde lyst til å riva ned heile trehusbyen og sanera Stavanger sentrum. I deira forteljing om Stavanger er alle dei gamle særprega som har vorte til gjennom historia det som gjer Stavanger til Stavanger, og at ein ikkje må riva ned alt det som gir særpreg berre fordi dette kanskje er betre for næringslivet akkurat nå.

5. Case 2, Havnegata 4 i Sandnes

5.1 Innleiing case 2, Havnegata 4

Heilt innerst i Gandsfjorden ligg Sandnes by, ein by som har vakse fram frå industri og landbruk. Heilt innerst, der sjø møter land, i hjarta av byens sentrum, reiser det seg brått eit bygg som ruver langt over alle sine nabobygg. 10 siloceller i betong og stål reiser seg saman som eit grått tårn, eit tårn som ikkje lenger vert nytta til noko. Tårnet fortel oss om ei tid som nettopp var, men som likevel er borte? Den neste delen av oppgåva skal handle om konflikten som oppstod når nettopp denne siloen vart vedteken reven.

Hovudfokuset i første case i denne masteroppgåva er byggjesak 19/07885 i Sandnes kommune. Ei byggjesak som føregjekk i 2019-2020 og som enda med at silobygget er under riving i 2023. Byggjesaka har ei mengd med aktørar, blant anna søkar Norconsult som søker på vegne av Sandnes eiendom invest AS, Byantikvaren i Sandnes som kjemper for bevaring av siloane, Rogaland fylkeskommune som kjempar saman med Byantikvaren.

I tillegg til denne prosessen i den offentlege byggjesaka har siloen ved Havnegata 4 vore ein del av ein lengre offentleg mediedebatt som har føregått i lang tid. Her har kome utsegner frå blant anna utbyggjararar, lokalpolitikarar, leiar frå lokale aviser, Byantikvaren og ein arkitektstudent som nytta oppgåva si til å forsvare siloen.

Eg byrjar med ei gjennomgåing av Sandnes by sin historie for å få betre forståing for historia som vert nytta av partane i debatten. Så kjem ei gjennomgåing av bygget si historie, for å få ei enda betre forståing av bruken av historie. Etter dette kjem ein del om modernisme og funksjonalisme for å få enda betre forståing av stilarten og tradisjonen som bygget er byggja i. Deretter kjem ei kronologisk gjennomgåing av den offentlege byggjesaka for å få full oversikt over korleis denne føregjekk. Før eg avsluttar med ei analyse av korleis historie vert nytta av deltakarar i både den offentlege byggjesaka og debatten rundt bygget i media.

5.2 Sandnes si byhistorie

Sandnes hadde i motsetnad til Stavanger aldri ein viktig institusjon som ei domkyrkje som byen kunne veksa opp rundt. Sandnes oppstod først og fremst som ein liten strandstad og

hamn for Jæren på 1600-talet³⁵¹, kanskje hovudsakleg på grunn av sin posisjon heilt innerst i Gandsfjorden, sidan dette gav kortast mogleg landveg for blant anna tømmer inn til Jæren.³⁵²

Sandnes var ved starten særst lite, ved ei kyrkjeteljing i 1759 hadde Sandnes berre 93 innbyggjarar.³⁵³ Det som skapte vekst for det som i dag er ein by, var den første teglverksindustrien som vart etablert i 1784.³⁵⁴ Denne veksten var derimot ikkje større enn at det skulle gå nesten 100 år før Sandnes tok sine første steg mot å bli ein eigen by.³⁵⁵

Utover på 1800-talet vart Sandnes meir og meir viktig for områda rundt seg, og fekk meir og meir ei byrolle.³⁵⁶ I 1845 var for eksempel ein tredjedel av overhovuda i hushalda handverkarar.³⁵⁷ Noko som kan henge saman med at bakkane rundt Gandsfjorden i Sandnes hadde særst rike førekomstar av leire av høg kvalitet. Dette gav grobotn for handverkarar som pottemaker og etter kvart til meir og meir teglverkindustri utover på 1800-talet.³⁵⁸ Produksjonen var hovudsakleg av grovt steintøy, som kjøkkentøy, fat, bollar og syltekrukker.³⁵⁹ Transporten av teglvarene gjekk stort sett føre seg på mindre, sjølveigne fartøy ut gjennom Gandsfjorden.³⁶⁰

Inn mot 1860 var det ein kamp for at Sandnes skulle bli ein ladestad, og dermed kunne driva med handel. I sin argumentasjon meinte dei at der Stavanger var den naturlege plassen for sjønæringane, så var Sandnes den beste staden for Jæren.³⁶¹ I saksgongen kom det fram at ein meinte at ei styrking av Sandnes ville kunne svekke Stavanger, då ein meinte at dei begge ville vera avhengige av sildefiske, og konkurrera mot kvarande.³⁶² Heldigvis for Sandnes enda det til slutt med at Stavanger sine forkjemparar tapte, og Sandnes vart eigen ladestad i 1860.

Statusen som ladestad var startskotet for at Sandnes kunne bli noko heilt anna enn den hadde vore til nå. Frå 1855 til 1865 gjekk Sandnes frå å ha ca 300 til å ha ca 750 innbyggjarar,

³⁵¹ Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 11.

³⁵² Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 11.

³⁵³ Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 11.

³⁵⁴ Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 12.

³⁵⁵ Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 11.

³⁵⁶ Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 14.

³⁵⁷ Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 14.

³⁵⁸ Schanche, *Sandnes gjennom 100 år*, 67.

³⁵⁹ Schanche, *Sandnes gjennom 100 år*, 71.

³⁶⁰ Schanche, *Sandnes gjennom 100 år*, 73.

³⁶¹ Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 24.

³⁶² Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 24.

altså meir enn ei dobling.³⁶³ Sandnes hadde teke eit stort skritt mot å bli den byen den er i dag. Og utover på 1870-talet førde dette til at meir og meir av handelen frå nærområda som før gjekk til Stavanger, nå gjekk til Sandnes i staden for. Dette hang saman med at handelsmennene i Sandnes både hadde låge prisar, og fekk til eit bra samarbeid med områda rundt på Jæren. Denne framgangen kan ein lett sjå gjennom talet på handelsfolk i Sandnes. I 1875 hadde Sandnes 20 handelsfolk, allereie i 1890 hadde dette auka til 46.³⁶⁴

Ei anna viktig del av Sandnes si historie sidan 1860 er påverknaden kristendommen fekk på byen. Fleire organisasjonar som avhaldsrørsla og haugiansmen vart viktige deler av Sandnes sitt byliv,³⁶⁵ og etterkvart vart det nesten ei nødvendighet å vera ein del av desse fellesskapa, sidan det var her ein kunne få råd, støtte og hjelp til forretningar.³⁶⁶ Haugianarane var særskild opptatt av sjølvdisiplin, ein skulle arbeide hardt, men ein skulla ikkje bruka overskotet på seg sjølv. Dermed vart det mange arbeidsame og suksessfulle føretak som sparte og investerte inntektene sine bra.³⁶⁷ Dette kan vera ein av grobotnane for dei mange industrielle føretaka som vaks opp i Sandnes i denne periode.

For industrier vart det i Sandnes, i tillegg til den nemnde teglverkindustrien vaks det fram fleire andre viktige industrier på slutten av 1800-talet. Ei av desse var treindustrien, den starta for fullt i 1868 når det vart opna eit ”maskinsnekkeri” i Sandnes, som etterkvart vart til fleire “snekkeri” og møbelfabrikkar. I 1870-åra laga dei alt frå dører til vindauge og alle slags furutremøbler.³⁶⁸ Og sidan Sandnes ligg i eit område utan dei største førekomstane av tre, vart råvarene skipa inn frå andre stader i sør og austlandet, men også frå utlandet. Dette skil seg frå den tidlegare Teglindustrien som vart oppretta på grunn av dei lokale førekomstane av leire. Det var altså ein annan grunn til at desse industrier vaks opp i Sandnes. Seinare var det spesielt ferdighus som Sandnes laga mykje av, ein produksjon som etter kvart vart dominert av Block Watne.³⁶⁹

³⁶³ Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 29.

³⁶⁴ Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 79-82.

³⁶⁵ Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 50-51.

³⁶⁶ Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 53.

³⁶⁷ Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 53.

³⁶⁸ Schanche, *Sandnes gjennom 100 år*, 283.

³⁶⁹ Schanche, *Sandnes gjennom 100 år*, 283.

Den siste store industrien i denne perioden var tekstilnæringa. Med ull som dominerande råstoff, mykje på grunn av Sandnes sin geografiske nærleik til Jæren, som hadde mykje sau og jordbruk. Sandnes Uldvarefabrikk og Sandnes Kamgarn Spinneri byrja i 1888 og vart ein anna viktig eksportindustri for Sandnes.³⁷⁰ I dag finst enda Sandnes Garn, som er den direkte vidareføringa av desse bedriftene, og i følge seg sjølv er dei i dag Nord -Europa sin største produsent av garn.³⁷¹ Dette tydar på at dei har stått imot tidas tann betre enn mange av Sandnes sine andre industriar.

Sjølv om Sandnes var ein by full av industriarbeidarar, så var det ikkje “arbeidarane sin by”. Etter 1925 arbeida ikkje lenger den store arbeidarstokken for store omveltingar, dei gjekk heller inn i samarbeid med det dominerande borgarlege partiet Venstre.³⁷² Dette kan henga saman med at Sandnes i motsetnad til mange andre byar var dominert av mindre bedrifter, der eigar og arbeidar gjekk meir hand i hand, i tillegg til at byen i seg sjølv var liten, og alle måtte kunne leve med kvarandre.³⁷³ Byen var rett og slett ikkje så delt mellom klasselag som mange andre.

Bøe & Knutsen argumenterer i sitt arbeid for at for at ein sjølv i dag kan finna rester av dette tankesettet.³⁷⁴ At det moderne Sandnes fremmar eit bodskap om framsteg, og at Sandnes gjennom hardt arbeid og flittigheit hadde arbeida seg opp frå tronge kår, til den byen den etter kvart blei.³⁷⁵ At eit fellesskap av hardt arbeid var målet for Sandnes. I byjubileet i 1960 vart byen konsekvent omtala som “arbeidets by”.³⁷⁶ “Arbeidets by” viser til ei ein by der arbeidet var prega av konfliktfri einigheit, dette er noko som kanskje vart tatt nytte av, då Sandnes hadde dårlege lønnskår i store periodar av 1800-1900-talet.

Så seint som i 1931 vart Sandnes by omtala som eit industrisentrum på vestlandet, og sjølv om byen var liten i innbyggjarar (2968 innbyggjarar i 1930)³⁷⁷, så hadde den flest industribedrifter per innbyggjar og høgast industriomsetnad per innbyggjar i heile Noreg.³⁷⁸

³⁷⁰ Schanche, *Sandnes gjennom 100 år*, 285.

³⁷¹ <https://www.sandnesgarn.no/om-oss>

³⁷² Jøssang & Langhelle & Tysdal, *Sandneshistorien*, 212.

³⁷³ Jøssang & Langhelle & Tysdal, *Sandneshistorien*, 213.

³⁷⁴ Bøe & Knutsen, *Innføring I historiebruk*, 99-104.

³⁷⁵ Bøe & Knutsen, *Innføring I historiebruk*, 101-102.

³⁷⁶ Bøe & Knutsen, *Innføring I historiebruk*, 103-104.

³⁷⁷ Jøssang & Langhelle & Tysdal, *Sandneshistorien*, 193.

³⁷⁸ Jøssang & Langhelle & Tysdal, *Sandneshistorien*, 181-182.

Dette var derimot ikkje noko som kom til å vara evig, tenestesektoren si tid hadde byrja. For vidare utover på 1900-talet vart Sandnes sentrum heim for ei stor mengde nye spesialbutikkar, som blant anna kolonialbutikkar, bakeri, kjøtbutikkar og motebutikkar.³⁷⁹ I tillegg vart mange av butikkane samla i såkalla forretningsgardar, som kan samanliknast med nåtidas kjøpesenter.

Etterkrigstidas Sandnes vart etter kvart nesten total dominert av ein enkelt aktør, Jonas Øglend. Jonas Øglend AS hadde vorte etablert allereie i 1868. Jonas Øglend var ein lokal ung mann som starta si første landhandel i Sandnes.³⁸⁰ Landhandelen fekk etter kvart eit fokus på både byfolket og bøndene, og fekk suksess ved å blant anna selja kunstgjødsel og kraftfor til det sterkt veksande jordbruket på Jæren.³⁸¹ Utover på 1900-talet hadde derimot det som hadde vore ei lita bedrift blitt eit konsern.

Konsernet Øglend AS var det ein kallar hjørnesteinsbedrift for Sandnes og sto i periodar for store delar av kommunen sine skatteinntekter.³⁸² Med lokalt eigarskap som ei familiebedrift med familien Øglend som eigar hadde dei sterke lokale røter, og vart verkeleg ein del av Sandnes. Øglend forma nærast sitt eige samfunn i Sandnes, der dei dominerte både sosialt, kulturelt og religiøst. Dei laga tilbod til arbeidarane sine, blant anna ferieheimar og kulturtilbod. Alt var ein del av “Ø-kulturen”,³⁸³ der alle arbeidarane og sine familiar skulle få bli med. Dette gav lojale arbeidarar, men forma sjølvstekt byen og innbyggjarane på fleire måtar. Ikkje minst gjennom nærværet til Øglendkonsernets industribygg som har dominert Sandnes sitt bybilet fram til i dag, noko siloen i Vågen er eit perfekt eksempel på.³⁸⁴

Industrien som tradisjonelt stod veldig sterkt i Sandnes har dei siste åra vore i sterk tilbakegang. Og industrien er som i Stavanger totalt dominert av Olje-næringa, heile 67% av industriarbeidarane arbeida innanfor kategorien bergverk/oljeutvinning i 2019. Faktisk arbeider ein høgare del av befolkninga i Stavanger (20%)³⁸⁵ i industrien i dag enn i Sandnes (15%)³⁸⁶, noko som er ei stor endring for industribyen Sandnes.³⁸⁷

³⁷⁹ Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 183.

³⁸⁰ Sandnes gjennom 100 år, 113

³⁸¹ Sandnes gjennom 100 år, 121

³⁸² Schanche, *Sandnes gjennom 100 år*, 128.

³⁸³ Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 260.

³⁸⁴ Jøssang & Langhelle & Tysdal, Sandneshistorien, 260.

³⁸⁵ Geir Thorsnæs, “Stavanger”. Henta 2. mai 2023 frå: <https://snl.no/Stavanger>.

³⁸⁶ Per Roger Lauritzen, “Sandnes”. Henta 2. mai 2023 frå: <https://snl.no/Sandnes>

³⁸⁷ Lauritzen, “Sandnes”.

I nyare tid har Sandnes som by endra seg drastisk. Den tidlegare industribyen er i dag, som mange andre byar ein hovudsakleg servicedominert by. På heimesida til kjøpesenteret AMFI vert det aktivt fortald om at den gamle garnfabrikken som tidlegare dominerte sentrumsbiletet i dag husar eit kjøpesenter. Dei verna fabrikkveggene har slik fått nytt liv, lenge etter at industrien forsvann.³⁸⁸

5.3 Bygget si historie

Havnegata 4 er ein silo og eit kraftfôrlager som var ferdig bygga i 1977, midt i sentrum av Sandnes by.³⁸⁹ Det har ikkje gjennomgått nokre større ombyggingar sidan ferdigstillinga i 1977. Bygget vart bygga av Jonas Øglænds landbruksavdeling. Bygget vart nytta som kornlager frå bygginga i 1977 til 1993, då den dåverande eigaren Felleskjøpet flytta all sin produksjon til siloane i Stavanger. Dermed vart siloane i Sandnes ståande tomme, noko dei har gjort fram til den dag i dag.³⁹⁰

Siloen ved Havnegata 4 vart teikna av det lokale arkitektkontoret Tonning & Øglænd og skulle i tråd med tidsanda vera primært berre funksjonell.³⁹¹ Bygget er eit klart eksempel på funksjonalismen, der form, val av materiale og funksjon smelta saman. Funksjonalismen kvitta seg med alt som var unødvendig på eit bygg, det einaste ein trengte var det som var nødvendig for å oppfylla bygget sin gitte funksjon. For eit silobygg betyr at det må vera eit bygg som enkelt og effektivt er i stand til å oppbevara store mengder korn på ein god og funksjonell måte.

³⁸⁸ “Fra Uldvarefabrik til Mathall”. Henta 2. mai 2023 frå:

<https://amfi.no/amfi-vagen/magasin/eksperttips/fra-uldvarefabrik-til-mathall/>

³⁸⁹ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 1.

³⁹⁰ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 2.

³⁹¹ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 2.



I dette bildet av siloane frå 2013 kan ein tydeleg sjå teikna på funksjonalismen. Ein kan klart sjå seks av dei til saman ti sylinderforma siloane som reiser seg 40 meter opp mot himmelen.³⁹² Kvar av desse sylindrane er utan pynt og detaljar av noko slag, og den einaste brytinga er eit lite vindaug eller dør heilt øvst på den eine kortsida av bygget. Heile bygget sitt ytre består av ei enkel fasade i betong.

I Sandnes sette funksjonalismen sitt preg på byen blant anna gjennom arbeidet til Tonning & Øglænd som også står bak Havnegata 4.³⁹³ Utover 1960-talet blei stadig fleire nye bygg i Sandnes bygd ved hjelp av prefabrikkerte betongelement og dei moderne byggjeteknikkane.³⁹⁴ I tillegg vart også store mengder eksisterande bygg i sentrum modernisert ved hjelp betongelement som vart sette utanpå fasaden. Sidan dei enklaste måtane å byggje funksjonalistisk på inneheld flate tak og reine veggflater. Noko som førde til at veldig mange funksjonalistiske bygg vart for like. Dette gjorde at Sandnes sentrum fekk det som vart omtala som eit monotont og trist bymiljø, og vart etterkvart utskjelt.³⁹⁵

³⁹² Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 2.

³⁹³ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 2.

³⁹⁴ Sørby & Paavola, Sandnesarkitektur, 95-96.

³⁹⁵ Sørby & Paavola, Sandnesarkitektur, 95-96.

5.4 Modernisme og funksjonalisme

“Begrepene modernisme og funksjonalisme kan vekke bildet av en ren, klar form med enkle geometriske linjer og abstraherende uttrykk. Men “funksjonalisme” viser samtidig til noe mer, noe som minner om en tidsånd preget av fremtidsoptimisme og klippefast tro på forbedringer I hverdagslivet med kunstnere som gjorde “stadig nye kast ut I det ukjente”.³⁹⁶

Findal skildrar her enkelt modernismen og funksjonalismen, og deira komplekse definisjonar. Modernisme og funksjonalisme heng tett saman, modernisme er eit breitt omgrep som beskriv den kvasse endringa som starta rundt 1910, hovudsakleg i Europa. I vår samanheng er det modernismen i eit arkitekturhistorisk perspektiv som er mest interessant, sjølv om eg kjem til å nemne litt om korleis modernismen som ideologi/tankegong påverka større deler av samfunnet.³⁹⁷

Funksjonalismen er ein underkategori av modernismen og oppstod etter første verdskrig mellom 1920 og 1940, og er på folketunge kalla “funkis i dag”.³⁹⁸ Funksjonalismen sin start heng saman med at nye og moderne byggjemateriala som stål og armert betong vart gode nok, og populære nok til å byggja på nye måtar. Med bruk av moderne sterkt stål, og armert betong kunne ein byggje høgt og enkelt, der stålet vart bygget sitt skjelett, mens armert betong dekkja ytterveggene. Dessutan var desse nye byggjemetodane billigare enn dei gamle, og gav etterkvart moglegheit for masseproduksjon innanfor byggjeindustrien.³⁹⁹

Dette gav også arkitektane heilt nye moglegheiter, og det vart sagt at «arkitektur skulle være uttrykk for sin tids teknikk og materialer».⁴⁰⁰ For dei nye byggja var ikkje berre bygg, dei skulle i mange tilfelle vera vitnemål om dei sentrale aspekta i modernistisk tenking. Dette vart kalla det ”Moderne liv”, og innebar at folk skulle få betre levestandard⁴⁰¹ og det dominerte ein optimisme for framtida med tru på at ein kunne gjera liva våre betre.⁴⁰²

I Noreg fekk funksjonalismen først sitt gjennombrøt i 1927, då Restaurant Skansen i Oslo stod ferdig.⁴⁰³ Ein glatt bygningskropp med eit flat tak var nok annleis enn mykje anna ein hadde

³⁹⁶ Findal, *Norsk modernistisk arkitektur*, 7.

³⁹⁷ Findal, *Norsk modernistisk arkitektur*, 8.

³⁹⁸ Findal, *Norsk modernistisk arkitektur*, 8.

³⁹⁹ Brekke & Nordhagen & Lexau, *Norsk arkitekturhistorie*, 309.

⁴⁰⁰ Byantikvarens uttalelse

⁴⁰¹ Findal, *Norsk modernistisk arkitektur*, 48.

⁴⁰² Findal, *Norsk modernistisk arkitektur*, 7.

⁴⁰³ Findal, *Norsk modernistisk arkitektur*, 44-45.

sett i landet før.⁴⁰⁴ Innan norske industri vart det også modernistiske og funksjonalistiske endringar, det var slutt på dei dyre praktbygga som hadde dominert starten av 1900-talet, som for eksempel kraftstasjonen på Vemork.⁴⁰⁵ Nå vart det bygga enkelt, siloanlegget for Christiansands Møller som vart teikna i 1936 bestod av enkle geometriske former, rektangulært bygg ved sidan av rekker med silotårn, utan noko som heilt dekor.⁴⁰⁶ Dette er også nesten identisk stilen som er nytta for Siloen ved Havnegata 4 Sandnes som er det den neste delen av denne oppgåva skal handle om.

5.5 Kronologisk gjennomgåing av saksgongen i byggjesaka

For å gi eit overblikk over byggjesaka som føregjekk i Sandnes kommune i 2019 skal eg i den neste delen leggja fram ei kronologisk gjennomgåing. Her vil ein få eit innblikk i korleis saka føregjekk frå første søknad vart levert, til siste vedtak var vedteke, og korleis saka enda til slutt.

Byggjesaka startar offisielt med ein søknad datert 21. mai 2019.⁴⁰⁷ Her vart det søkt om dispensasjon for riving av kornsiloar ved Havnegata 4. Søknaden var sendt av Norconsult på vegne av Sandnes Eiendom Invest AS. I søknaden vart det søkt om dispensasjon frå kommuneplan for Sandnes 2019-2035, søknaden lyd som følgande:

På vegne av Sandnes Eiendom Invest AS søkes det i medhold av Plan og bygningsloven §19-1 om dispensasjon fra §1.2 i bestemmelsene til Kommuneplan for Sandnes 2019-2035 om at tiltak etter plan og bygningsloven ikke kan gjennomføres før området inngår i en reguleringsplan.⁴⁰⁸

Dei skriv vidare at området vart sett av som grøntstruktur allereie i kommunedelplan for sentrum 2011-2025 (plan 2010122) som vart vedteke den 6. september 2011, og at området der tiltaket ønskes gjennomført, enda er sett av til formålet park / grønnstruktur / friområde i plankartet til kommuneplan for Sandnes 2015-2030.⁴⁰⁹

⁴⁰⁴ Findal, *Norsk modernistisk arkitektur*, 45.

⁴⁰⁵ Brekke & Nordhagen & Lexau, *Norsk arkitekturhistorie*, 292-293.

⁴⁰⁶ Brekke & Nordhagen & Lexau, *Norsk arkitekturhistorie*, 333.

⁴⁰⁷ Dispensasjonssøknad, Nr: 19/071885-1, 1.

⁴⁰⁸ Dispensasjonssøknad, Nr: 19/071885-1, 1.

⁴⁰⁹ Dispensasjonssøknad, Nr: 19/071885-1, 1.

Grunnane til at dei bør gi dispensasjon meiner søkar ligg i ordlyden til plan- og bygningsslova §19-2, og lyd som følgande: “Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller medhold av denne lov.”⁴¹⁰ I tillegg til:

Dispensasjonen kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det disponeres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.⁴¹¹

Søkar meiner at riving av kornsiloane ikkje vil hindra at ein kan regulera området seinare, men heller at det vil gjera reguleringa enklare i framtida. I tillegg meiner søkar at bygget er ein fare for helse, miljø og sikkerheit og riving av bygget vil gi betre tilgjengelegheit i området. På grunn av dette meiner søkar at fordelane ved å gi dispensasjon til riving av bygget er klart større enn ulempene. Og at dispensasjonen dermed bør verta innvilga.⁴¹²

I følgebrev til rammesøknad for riving av kornsiloar og tilhøyrande bygningar i stål som er sendt saman med søknaden den 25. juni 2019 står det enkelt og greitt kva dei søker om:⁴¹³ På vegne av Sandnes Eigedom Invest AS vert det søkt om rammetillating for rivearbeid på Havnegata 4. Dei ønsker å gjennomføra riving for å gjera tomte klar for vidare utbygging i samsvar med Kommuneplan for Sandnes 2019-2035. Vidare står det at Norconsult AS har gjennomført miljøkartlegging av bygningane, og at desse prøvane har vist overskriding av grenseverdien for at ein kan nytta massane vidare. Som betyr at betongen ikkje kan nyttast vidare, og derfor skal bli levert til godkjent mottak.⁴¹⁴

Den 05. juli 2019 sender Sandnes kommune ut samordning og anmodning om utsegn til søknad om riving av silo på Havnegata 4.⁴¹⁵ Den vert sendt til dei aktuelle aktørane i slike saker for å få utsegner om søknaden. Her vert byggjesaka presentert, det blir forklart at det er søkt om å riva kornsiloane. Det vert så presentert at bygget er nemnd i baa sentrumsplan og kommuneplanen for Sandnes. Og at det dermed er eit plankrav som må gjennomførast for

⁴¹⁰ Dispensasjonssøknad, Nr: 19/071885-1, 2.

⁴¹¹ Dispensasjonssøknad, Nr: 19/071885-1, 2.

⁴¹² Dispensasjonssøknad, Nr: 19/071885-1, 3.

⁴¹³ Søknad om rammetillatelse, Nr: 19/071885-1, 1.

⁴¹⁴ Søknad om rammetillatelse, Nr: 19/071885-1, 1.

⁴¹⁵ Samordning om anmodning, Nr: 19/071885-2, 1.

eigedommen, med mindre kommune gir dispensasjon frå plankravet.⁴¹⁶ Det vert så presentert at eit nytt planarbeid for området er i gang, og kan ha påverknad på saka. Og det vert nemnd at siloane i kulturminneplanen vert angitt som verneverdige. Til slutt vert det presentert at det er nettopp dispensasjon frå dette plankravet som det vert søkt om, og søker si grunngeving for dispensasjon vert gitt opp frå søknaden. Helse, miljø, sikkerheit og tilgang vert presentert som argumenta for dispensasjon.⁴¹⁷

Den 15. august 2019 kjem Byantikvaren i Sandnes med si utsegn til søknaden om riving av Havnegata 4.⁴¹⁸ Byantikvaren argumenterer mot at søknad for riving vert innvilga og nyttar seg av ei stor mengd argument for å underbyggja dette. Siloen vert presentert som ein viktig del av Sandnes og Øglænd-konsernet si historie, som viser oss korleis landbruk og industrien i Sandnes hang saman. I tillegg vert det lagt vekt på at bygget som eit typisk modernistisk bygg og bygget si form og sær s synlege posisjon i bybiletet gjer bygget til ein kraftig markør.⁴¹⁹

Vidare argumenterer Byantikvaren for at andre prosjekt i Noreg har vist at ein effektivt kan nytta gamle silobygg gjennom ny bruk til for eksempel bustad.⁴²⁰ Og at ein slik kan ta vare på eit bygg som representerer den gamle industrien, sidan mange av desse bygga nå held på å gå tapt gjennom byutviklinga til Sandnes. Eit liknande prosjekt har vorte gjort i Oslo, der en kornsilo på Grünerløkka vart omgjort til 227 studentbustadar, populært kalla Studentsiloen.⁴²¹

Den 16. august 2019 kjem Fylkesrådmannen med si første vurdering av saka som regional planmyndigheit og som sektormyndigheit innan kulturminnevern. Fylkesrådmannen legg fram det tekniske med gjeldande planar og nye planlagte områdeplanar. At sjølv om siloane ikkje har noko vern gjennom dei vedtekne planane på dette tidspunktet, så vert siloane tilskrive kulturminneverdi i sentrumsplanen som er venta å vera ferdigbehandla i løpet av hausten 2019. Gjennom at den er ein del av ein større omsynssone for bevaring kulturmiljø og at den i det digitale kulturminneregisteret er registrert som verneverdig bygg og del av kulturmiljøet i Sandnes sitt «industriområde».⁴²²

⁴¹⁶ Samordning om anmodning, Nr: 19/071885-2, 2.

⁴¹⁷ Samordning om anmodning, Nr: 19/071885-2, 3.

⁴¹⁸ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 1.

⁴¹⁹ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 1.

⁴²⁰ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 2-3.

⁴²¹ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 3.

⁴²² Fylkesrådmannens uttalelse, Nr: 19/071885-3, 1.

Fylkesrådmannen konkluderer med at kriteria i plan- og bygningslova §19-2 for dispensasjon ikkje er oppfylt. Sidan dispensasjon ikkje kan gjer at omsyna det vert gitt dispensasjon frå vert vesentleg tilsidesett. Og at sidan dei nye planane til kommunen som er under slutføring angir at bygget har ein klar kulturminneverdig verdi, vil ein dispensasjon gjera at ein ikkje avgjer kva ein skal gjera med ein kollektiv kulturminneverdi/samfunnsverdi på ein ope og transparent måte slik ein planprosess gjer.⁴²³ Dermed bryt ein det grunnleggande plankravet om «offentleg medvirkning i en sak som angår felles verdier».⁴²⁴ I tillegg meiner Fylkesrådmannen at det andre grunnleggande plankravet om «fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering» ikkje er oppfylt, sidan det ikkje er gitt noko tungvegande argument for at riving må føregå før gjennomføring av planlagt plan.⁴²⁵

I tillegg til å argumentere for at søknad om dispensasjon ikkje vert innvilga, argumenterer Fylkesmannen (Statsforvaltaren) for at den allereie byrja områdeplanen som bygget er ein del av, må utreia spesifikt bygget sin regionale verdi, samt moglegheit for gjenbruk av bygget, i staden for riving.⁴²⁶

I eit eige brev frå den 21. august 2019 rådar Fylkesmannen (Statsforvaltaren) at kommunen ikkje gir dispensasjon i denne saka.⁴²⁷ Fylkesmannen (Statsforvaltaren) viser til fylkeskommunen si utsegn som tileignar siloen ei kulturminneverdi. Og meiner at ein derfor ikkje bør rive bygget før ei regulering er ferdig. Fordi ein gjennom den planlagde reguleringsprosessen kan vurderer denne kulturminneverdien opp mot grøntområdet som er planlagt i området gjennom ny kommune og sentrumsplan.⁴²⁸

I dokument datert 03. september 2019 kjem byggjesakssjefen med si vurdering av byggjesaka, og presenterer to forslag til vedtak for møtet i utval og byutvikling som skal gå føre seg den 25. september 2019.⁴²⁹ Byggjesaksjefen nyttar seg av Fylkesrådmannen, Fylkesmannen (Statsforvaltaren) og Byantikvaren sine utsegn om saka for å ha eit fagleg grunnlag for si eige vurdering i saka. På bakgrunn av dette konkluderer byggjesakssjefen med at ein ikkje bør gi

⁴²³ Fylkesrådmannens uttalelse, Nr: 19/071885-3, 2.

⁴²⁴ Fylkesrådmannens uttalelse, Nr: 19/071885-3, 2.

⁴²⁵ Fylkesrådmannens uttalelse, Nr: 19/071885-3, 2.

⁴²⁶ Fylkesrådmannens uttalelse, Nr: 19/071885-3, 2-3.

⁴²⁷ Fraråder dispensasjon, Nr: 19/071885-4, 1.

⁴²⁸ Fraråder dispensasjon, Nr: 19/071885-4, 1.

⁴²⁹ Søknad om riving av kornsilo, Nr: 19/071885-6, 1.

dispensasjon frå plankravet. Då ein plan for det aktuelle området allereie er planlagt, og at å gi ein dispensasjon allereie nå sett kravet om plankrav til side. Byggjesaksjefen avsluttar med å argumentera at vilkåra for dispensasjon ikkje er oppfylt.⁴³⁰

Byggjesakssjefen presenterer også ei alternativ vurdering, som han sjølv ikkje stiller seg bak: At siloane er så høge og dominerande i bybiletet at det er nødvendig å riva dei for å skapa tilgjengelegheit i området, og at ein slik gjer at ein på ein betre måte kan gjennomføra planprosessen for området. Slik vert riving av bygget ein del av den naturlege prosessen for området.⁴³¹

Den 25. september 2019 hadde utval for byutvikling møte der byggjesaka vart votert.⁴³² Utvalet for byutvikling vedtok alternativ 2 som vart føreslått i utreiinga av saken frå den 03. september 2019, vedtaket vert vedteke med 11 stemmer mot 2. Det vedtekte forslaget lyd som følgande:⁴³³

Med hjemmel i Plan- og bygningsloven § 19-2 gis det dispensasjon fra plankrav. Rammetillatelse gis med hjemmel i plan og bygningsloven § 20-3, jf. § 21-4, tredje ledd på følgende vilkår: 1. Plan- og bygningsloven med forskrifter og vedtekter må følges. 2. Før arbeidet kan iverksettes må det foreligge igangsettingstillatelse, jf. Plan- og bygningsloven § 21-2, 5. ledd. Tillatelsen gis utsatt iverksetting, jf. Forvaltingsloven § 42, inntil eg eventuell klage endelig behandles i klageorganet. Er arbeidet ikke satt i gang innen tre år etter at tillatelsen er gitt, faller tillatelsen bort. Det samme gjelder viss arbeidet innstilles i lengre tid enn 2 år (jf. Plan- og bygningsloven § 21-9).⁴³⁴

Den 14. oktober 2019 kom Fylkesrådmannen ved seksjon for kulturarv med si vurdering av vedtaket frå 25. september 2019. Dei skriv at dei har vurdert saken som sektormyndigheit innan kulturminnevern. Fylkesrådmannen meiner at Sandnes kommune sine nesten ferdige områdeplan for området som Havnegata 4 er ein del av, samt kommunen sitt eige kulturminneregister tilskriv at siloane har ein lokal verneverdi, og at Fylkesrådmannen har gitt uttrykk for at bygget også kan ha regional verneverdi.⁴³⁵ Derfor argumenterer Fylkesrådmannen

⁴³⁰ Søknad om riving av kornsilo, Nr: 19/071885-6, 7-8.

⁴³¹ Søknad om riving av kornsilo, Nr: 19/071885-6, 9.

⁴³² Vedtak BYUT, Nr: 19/071885-9, 1.

⁴³³ Vedtak BYUT, Nr: 19/071885-9,1-2.

⁴³⁴ Vedtak BYUT, Nr: 19/071885-9, 2.

⁴³⁵ Uttalelse, Nr: 19/071885-14, 2.

for at bygget må gjennomgå ein open reguleringsprosess. Berre slik kan offentlegheita få sei sitt om bygget si verdi som kulturminne og landemerke. Fylkesmannen (Statsforvaltaren) vel derimot ikkje å påklaga vedtaket, då han ikkje har klart å gjennomføra nødvendig undersøking for å fastslå siloane sin regionale verdi.⁴³⁶

Fylkesrådmannen avsluttar med å presentera sine argument mot at denne saka skal bli avgjort gjennom ein dispensasjonssak, og at ein heller burde nytta ein eigen regulerings sak eller gjer det som ein del av den nesten ferdigstilla sentrumsplanen for Sandnes.⁴³⁷



Her er eit bilete av siloane i Sandnes den 08.04.2023, teke av oppgåveskrivaren sjølv. Biletet viser siloane frå sør-aust, med Vågen VGS til venstre for siloane, og eit eldre, for meg ukjend næringsbygg til høgre. Frå biletet kan ein klart sjå at rivingsarbeidet av siloane endeleg har byrja for fullt, og at dei vert rive ned frå toppen og nedover. Dermed er det ingen tvil om at soga om siloane i Vågen syng på sitt aller siste vers, og at spørsmålet i 2023 ikkje handlar om ein kan ta vare på siloane i Vågen, men heller om kor vegen går vidare for Vågen og Sandnes sentrum.

5.6 Utforsking av korleis historie vert nytta

Vidare i denne oppgåva skal eg utforska argument og ordlyd som vart nytta av partane som ville bevare noko ved dette silobygget, og dei som ville riva dette ned. Fortel dei ei historie? Kva etablert historie er det dei nyttar seg av, eller kanskje er ein del av? Og kan denne bruken av historie ha påverka utfallet av byggjesaka?

⁴³⁶ Uttalelse, Nr: 19/071885-14, 2.

⁴³⁷ Uttalelse, Nr: 19/071885-14, 2.

Som i den første casen om Kirkegata 22 kjem også her deltakarane i debatten og den politiske prosessen til å bli delt opp i tre grupper. Den første er dei som har ein nær relasjon til utbyggjar eller søkjar, for eksempel at dei arbeider for Norconsult. Den andre gruppa er fagetatar og byråkratar, som hovudsakleg arbeider for kommunen og fylkeskommunen. Den tredje gruppa er dei meir uavhengige deltakarane, dette er for eksempel politikarar og enkeltpersonar som engasjerer seg i saka, men ikkje fordi det er jobben deira, eller fordi dei openbart har veldig mykje å tene på det gjennom.

5.6.1 Aktørar med klart motiv for å ville riva bygget

Eg byrjar dermed med dei aktørane som enten var med på å søke om riving, eller som representerer ein aktør med eit klart ønskje om at siloane skal bli rivet.

5.6.1.1 Norconsult

Den første av desse aktørane er Norconsult. Norconsult er den som søker om å få lov til å riva siloen, og sender søknaden på vegne av selskapet Sandnes Eignedom Invest AS.⁴³⁸ I søknaden sin er dei mest opptatt av det formelle, lovar, regler, forskrifter osv, men dei kjem også med kommentarar og argument som er interessant for denne oppgåva. I første søknad skriv dei blant anna at ”Vi mener at tiltaket må anses som en naturlig del av prosessen for området og nødvendig for videre utvikling av arealene”.⁴³⁹ ”Tiltaket“ i denne settinga er at dei må få rive siloen, og det å rive siloen vert altså omtala som ein naturleg del av prosessen for området. Dette er kanskje ikkje eit klårt eksempel på korleis historie vert nytta, men det kan tolkast som eit uttrykk for eit historiesyn. For som blant anna Byantikvaren har hevda så er siloen ein del av eit gammalt Sandnes sentrum som vart dominert av gammal industri, men som nå held på å forsvinna.⁴⁴⁰ Er det fjerninga av dette gamle industrielle sentrumet som er ein ”naturlig del av prosessen”? Dette synet på historie kan henga saman med tropen om framsteget, at framtida vert betre enn fortida, og at det er derfor er ”naturleg“ at me får endringar. Det er iallfall eit syn på Sandnes som ein by som er i stadig endring, og bevaring av det som burde endrast vil dermed logisk vera ”unaturleg” og dermed feil.

5.6.1.2 Baard Schuman, direktør i Selvaag Bolig

Den neste aktøren er Baard Schuman som var direktør Selvaag Bolig når dei kjøpte tomte i 2013.⁴⁴¹ Han seier at dei nå har kjøpt silotomta, og at dei nå skal ta grep om heile området rundt. Han er ikkje i tvil om siloane sin skjebne, dei skal rivast. Han fortel at det heile vegen har vore ei føresetnad at siloane skal vekk, og at han trur at alle partar har forstått at Sandnes Sentrum treng ei samkøyrd

⁴³⁸ Dispensasjonssøknad, Nr: 19/071885-1, 1.

⁴³⁹ Dispensasjonssøknad, Nr: 19/071885-1, 3.

⁴⁴⁰ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 3.

⁴⁴¹ Heimsvik, ”Siloene skal rives”.

utvikling.⁴⁴² Han fortel av Sandnes kommune også ønsker å rive bygget. Siloane står rett og slett på feil plass og hindrar utvikling av heile området. Han meiner at ingen har sett på siloane som forskjønnande for området. Og at siloane dermed vil bli rivet etter ferdig regulering av området. Schuman er her på same bølgelengde som Norconsult er nokre år seinare, der rivinga av siloen hos Norconsult er ein “naturleg prosess”, er det for Schuman noko som hindrar utvikling av området.⁴⁴³ Det er altså også her noko som står i vegen for utviklinga, noko som me bør la skje.

Vidare fortel Schuman korleis dei skal gå vidare med utviklinga av området. Han fortel at fire arkitektkontor har blitt invitert til å levere forslag for utviklinga av området. Og av desse fire nemnde har 3 av dei kontor i Sandnes.⁴⁴⁴ Dei skal laga forslag til eit område med blant anna bustadar og næring. At Schuman nyttar plassen han har fått i avisa til å fortelja om kva arkitektkontor som har fått oppdraget, og ikkje minst at 3 av desse kontora er frå Sandnes er interessant. Ein kan nesten dra ein direkte parallell til korleis Byantikvaren seinare nyttar forteljinga om korleis eit arkitektkontor frå Sandnes teikna siloen i den moderne tidsanda for den tida for å argumentera for kvifor ein må ta vare på bygget.⁴⁴⁵ At dei nemner at det er lokale aktørar frå Sandnes som gjer jobben kan vera bruk av identitet. På den eine sida nytta Byantikvaren bruken av lokale arkitektar for å visa at siloen er eit resultat av ”Sandnes” slik det var i perioden der siloen vart byggja. På den andre sida kan bruken av nye arkitektar frå Sandnes i dag, visa at det nye som vert byggja vert eit resultat av det Sandnes som finns i dag. Det er vanskeleg å komma med definitive konklusjonar rundt dette, men det er utan tvil gode grunnar til at ein knyt det gamle og eventuelt nye bygg til identiteten rundt byen Sandnes på denne måten.

5.6.1.3 Arnvid Nordstrand, Regionalsjef i Selvaag Bustad

Den siste som har interesser på sida til søkar er Arnvid Nordstrand som var regionalsjef i Selvaag bustad når dei kjøpte siloen i 2013.⁴⁴⁶ Han er overraska over innvendingar frå Fylkesmannen (Statsforvaltaren) og fylket, men kjem til å ta det til etterretning. Har heile tida vore planen at dei skulle rive siloane sidan dei kjøpte området som dei står på. Og at dei skal bygga park der. Og at området rundt skal utviklast til bustad og næringsverksemd.⁴⁴⁷

⁴⁴² Heimsvik, ”Siloene skal rives”.

⁴⁴³ Heimsvik, ”Siloene skal rives”.

⁴⁴⁴ Heimsvik, ”Siloene skal rives”.

⁴⁴⁵ Heimsvik, ”Siloene skal rives”.

⁴⁴⁶ Norheim, ”Raser over nei”.

⁴⁴⁷ Norheim, ”Raser over nei”.

5.6.2 Fagetatar og byråkratar

5.6.2.1 Byantikvaren i Sandnes

Den første og kanskje viktigaste offentlege tenestemannen som kjem med ei utsegn om saka er Byantikvaren i Sandnes, Gro Persson. Byantikvaren er som nemnd tidlegare i oppgåva ei av byane sine fremste faglege etatar, og har som del av arbeidet sitt å leggja fram fagleg informasjon om for eksempel bygg. Byantikvaren byrjar si utsegn med å setja siloen inn i ei historie med ein gong.⁴⁴⁸ Siloen er ein del av Sandnes sin næringshistorie, som ein siste rest av den industrien som har vore i Vågen i Sandnes. Nærare sagt at siloen er ein del av eit miljø av bygningar som står igjen etter Øglend konsernet.

For vidare er det Øglend sin historie ho kanskje aller mest sett denne siloen som ein del av. Ho byrjar ei forteljing om 1970-talet, der Øglend konsernet haldt på med kunstgjødsel, og at i ei tid der jordbruket var i vekst og det var store planar for framtida, bygga dei dette silobygget i Vågen.⁴⁴⁹ Ho fortel vidare at siloen i seg sjølv er eit spesifikt eksempel på korleis Sandnes si historie og industrihistorie heng tett saman med jordbruket. Då siloen er båe ein del av industrien og jordbruket.⁴⁵⁰

Byantikvaren sett også siloen inn ei historie om beredskap og siloar, ei historie som kan vera like mykje nasjonal som lokal⁴⁵¹. Ho startar med å fortelja om ei kornlov frå 1928, før ho går vidare til ein eigen lov om kraftforsyning frå 1951, det er ei historie der beredskap var ei viktig politisk sak. Det store vendepunktet i historia kjem med nye reglar frå Verdas handelsorganisasjon i 1995 då beredskap ikkje lenger vart like viktig for Noreg.⁴⁵² Byantikvaren set også parallellar til nåtida, då nye diskusjonar rundt beredskap og matlager har blussa opp i ei stadig endra verd. Altså er siloen ein del av ei større historie, ei historie som strakk seg over ein lang periode, men som var over, men som nå igjen har blitt relevant i ei stadig endrande verd.

Avslutningsvis i denne historia om kornsilo som fenomen, fortel Byantikvaren at kornsiloar i dag har fått nytt liv gjennom ny bruk fleire stader i Noreg.⁴⁵³ At siloane har fått ei ny historie etter at dei har utspelt si originale bruksrolle, og nå har fått nye bruksfunksjonar i byane dei er ein del av. Blant anna har siloar blitt nytta som bustad i Oslo, næringsbygg i Molde og som museum i Kristiansand. Dette etablerer eit alternativ til riving, nemleg ny bruk av byggja, som gjer at dei kan fortsette å vera ein del av byen den er ein del av, og byens historie.⁴⁵⁴ Slik ny bruk er heller ikkje nytt i Sandnes, som vist tidlegare i Sandnes si byhistorie har blant anna AMFI Vågen nytta gamle fabrikklokale frå garnfabrikken i sentrum av

⁴⁴⁸ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 1.

⁴⁴⁹ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 1.

⁴⁵⁰ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 1.


⁴⁵¹ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 3.

⁴⁵² Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 3.

⁴⁵³ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 4.

⁴⁵⁴ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 4.

Sandnes til kjøpesenter. Dermed har gamle bygg frå Sandnes si næringshistorie fått nytt liv og ny funksjon i eit nytt Sandnes.



Biletet over er det Byantikvaren nyttar i framsida i utsegna si.⁴⁵⁵ Heisekrana og utsjånaden til siloen viser at dette biletet er frå bygginga i 1979. At Byantikvaren har nytta eit bilete i svart og kvitt kan ha vore eit tydeleg val, då eg vil hevda at fargar var ganske tilgjengeleg i 1979. Dette kan kanskje gi eit inntrykk av at bygget er eldre og har ein meir sentral plass i historia.⁴⁵⁶

Byantikvaren set også siloen inn i historia om modernismen og funksjonalismen, dette temaet har eg gått djupare inn på i introen til denne delen av oppgåva. Ho fortel at den båe er eit eksempel på funksjonalistisk design som var særst dominerande i deler av Sandnes,⁴⁵⁷ men som også symboliserer ideologien og tidsanda som låg bak dei modernistiske og funksjonalistiske bygga. For det var ei tid der bygg som siloen stod for framsteg, modernitet og optimisme for framtida for alle. Dermed vert siloen i Havnegata gjennom sin funksjonalistiske design eit bygg som viser oss essensen i denne tankegangen, og er dermed eit symbol for ein tankegang som ein gong i tida dominerte blant anna i Sandnes.⁴⁵⁸

Avslutningsvis fortel Byantikvaren oss at den sentrumsutviklinga som Sandnes har hatt dei siste åra har utradert mykje gammalt frå Sandnes si industrihistorie. Og nemner blant anna siloen til Krossen

⁴⁵⁵ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 1.

⁴⁵⁶ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 1.

⁴⁵⁷ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 2.

⁴⁵⁸ Findal, *Norsk modernistisk arkitektur*, 48.

Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 2.

Havremølle og Gandalens Potteri som eksempel på industribygg som har forsvunne. Rett og slett at det byrjar å minke på desse byggja frå ein periode av Sandnes sin byhistorie og industrihistorie, og viss ein skal ha noko igjen frå denne perioden, så må ein byrja å ta vare på det.⁴⁵⁹ Denne utsegna heng saman med medviten og umedviten bortveljing, at enkelte deler av historia ikkje får det fokuset og vernet som mykje anna, og dermed sakte forsvinn, eller blir gløymd. I dette tilfellet vert det som er igjen av Sandnes si industrihistorie revet ned og forsvinn for å gi plass til det moderne Sandnes sentrum. At ho skriv dette i si argumentasjon i den politiske saka, gjer at politikarane sine handlingar i denne saka kanskje går frå umedviten bortveljing, ved at dei ikkje forstår eller tenkjer på at dei øydelegg ein del av ei historie, til at dei må ta eit aktivt val med alle fakta på bordet, og likevel rive ned bygget, dermed kan ein sei at dette blir medviten bortveljing. I allfall viss dei som tek avgjerdene har lese Byantikvaren sin argumentasjon og forstått den.

Byantikvaren sin historiebruksfunksjon er nok kanskje den mest samansette i heile denne diskusjonen. Byantikvaren er ein aktør med høg kompetanse innanfor bevaring, derfor er det naturleg at ho som aktør skriv mest vitskapleg av aktørane. Ho nyttar blant anna fleire kjelder som ho viser til, og nyttar desse for å fortelje historia si. Derfor kan ein sei at ho har ein viss eksplorativ-forskande funksjon i historiebruken sin. Samtidig er ho også ein aktør som forsøker å overtyda politikarane om at siloen ikkje bør rivast. Ho fortel ei historie om Sandnes, og set siloen inn som ein tydeleg del av denne historia som er ein del av Sandnes si identitet. Derfor vil eg hevde at ho også nyttar ein identitetskapande historiebruksfunksjon i eit forsøk på å bevare bygget. Byantikvaren har her ei slags dobbeltrolle i denne prosessen.

5.6.2.2 Rogaland fylkeskommune

Seksjon for kulturarv i Rogaland fylkeskommune kjem med fylkesrådmannens utsegn den 16.08.2019.⁴⁶⁰ Dei skriv at dei vurderer saka som både regional planmyndigheit og sektormyndigheit innan kulturminnevern. Så dei er ein viktig aktør i denne saka, sidan dei har myndigheit for kulturminnevern. Dei byrjar med å fastslå at sjølve bygget ikkje ligg i den historiske vernesona “Industriområdet”, men at det i kulturminneplanen står at “Utviklingsprosjekt i gamle industrimiljøer skal ivareta opprinnelige gateløp, viktige byrom og bygningvolumer.” Vidare skriv dei at siloane i dei nye kommunedelplanane har fått tilskreive ein klar kulturminneverdi, og det i det nye digitale kulturminneregisteret har blitt laga eit nytt og utvida område for “Industriområdet”, som nå siloane er ein del av, og at siloane er markert som verneverdig.⁴⁶¹

⁴⁵⁹ Byantikvarens uttalelse, Nr: 19/071885-5, 3.

⁴⁶⁰ Fylkesrådmannens uttalelse, Nr: 19/071885-3, 1.

⁴⁶¹ Fylkesrådmannens uttalelse, Nr: 19/071885-3, 1.

Det vert derimot ikkje presisert mykje kva historie siloane er ein del av og kvifor dei bør tas vare på utanom at det er stadfesta at dei har “lokal og kanskje regional verneverdi”.⁴⁶² Likevel kan ein sjå på argumentasjonen deira at dei meiner at siloen er ein del av “Industriområdet” i Sandnes. Og dermed er ein del av Sandnes si industrihistorie.

I si vurdering konkluderer dermed Fylkesrådmannen med at siloen har stort lokal verneverdi som ein markør for Sandnes si industrihistorie og kanskje til og med regional verneverdi. Og at det derfor bør verte utreia snarast rundt siloane sin regionale verneverdi og korleis siloane eventuelt kan bevarast gjennom vidare bruk, som ein har fått til fleire andre stadar i landet, der Oslo og Kristiansand vert nemnd som eksempel.⁴⁶³

Fylkesrådmannen ved seksjon for kulturarv kjem også med ein siste kommentar på det endelege vedtaket i utval for byutvikling i Sandnes kommune. Datert den 14.10.2019.⁴⁶⁴ Dei har igjen vurdert saka som regional planmyndigheit forsøkt å vurdere kva kulturhistoriske verdiar som går tapt ved riving av siloen. Dei konkluderarar med at alle prosessar og fagetatar har konkludert med at siloane har ein lokal verneverdi. Vidare skriv dei at den regionale verneverdien best hadde komme fram gjennom ein open planprosess der offentlegheita kunne fått sagt sitt om siloanes kollektive verdi som landemerke og kulturminne.⁴⁶⁵ Men at det er deira oppdrag å sikre at nettopp kulturminne av vesentleg regionale eller nasjonale verdiar ikkje går tapt. Og at dei gjennom eit raskt overblikk over siloane i regionen ikkje har klart å fastslå ein slik verdi.⁴⁶⁶

I avslutninga sluttar Fylkesrådmannen seg til Byantikvaren sine argument og historiebruk. Dei still seg bak at siloen er båe ein viktig del av byhistoria, næringshistoria og kulturhistoria til Sandnes. Og at siloen sin funksjonalistiske stil er ein viktig del av Sandnes si arkitekturhistorie. Altså eit syn på at det næringslivet som fantes i Sandnes, og restane etter dette, er ein viktig del av Sandnes si byhistorie. Og at stilen desse næringsbygga vart bygga i er ein viktig del av Sandnes si arkitektur.⁴⁶⁷

5.6.2.3 Fylkesmannen (Statsforvaltaren) i Rogaland

Fylkesmannen (Statsforvaltaren) viser til at Rogaland fylkeskommune har sagt at siloane har kulturminneverdi.⁴⁶⁸ Dei viser til ny sentrumsplan for Sandnes som er under arbeid, og at ein her arbeider for å bevare store industrielle kulturminne. Og at sjølv om området det bygget ligg pr nå er planlagt for

⁴⁶² Fylkesrådmannens uttalelse, Nr: 19/071885-3, 1.

⁴⁶³ Fylkesrådmannens uttalelse, Nr: 19/071885-3, 2-3.

⁴⁶⁴ Uttalelse, Nr: 19/071885-14, 1.

⁴⁶⁵ Uttalelse, Nr: 19/071885-14, 1.

⁴⁶⁶ Uttalelse, Nr: 19/071885-14, 1.

⁴⁶⁷ Uttalelse, Nr: 19/071885-14, 2.

⁴⁶⁸ Fraråder dispensasjon, Nr: 19/071885-4, 1.

grøntområde, så må ein fullføra planprosessen for å sjå på moglegheitene for å foreina grøntområde med kulturminneverdiane. Spesielt sidan andre byar har klart å gi silobygg nye formål.⁴⁶⁹

Fylkesmannen (Statsforvaltaren) er ikkje ein aktør med fagleg kompetanse innanfor kulturminneverksemd. Derfor nyttar dei fagetatar og kommuneplanar i si argumentasjon, som er ganske byråkratisk. Likevel plasserer dei siloane inn i ein setting som store industrielle kulturminne, og argumenterar for at ein må sjå korleis dette kulturminnet kan verte bevare og gitt eit nytt formål.

5.6.3 Andre aktørar som engasjerer seg i saka

5.6.3.1 Leiv Rune Mjølshes, høgrepolitikar

Mjølshes er den første som kjem med positive utsegner. Han seier at han er eining med byggesaksjefen i saka og at dette må avgjerast i sjølve områdereguleringa.⁴⁷⁰ Sidan Sandnes nettopp har vedteke ein sentrumsplan der siloane ligg i ei omsynssone for bevaring av kulturmiljø. Han meiner at bygget moglegvis kan ha mange gjenbrukskvalitetar, både med omsyn for miljø og økonomi. Han avsluttar med å sei at det kanskje er dette bygget Kjell Inge Røkke endar opp i med sitt Blue Ocean, og at me må sjå moglegheitene.⁴⁷¹ Han er altså på lag med den rette saksgongen i slike saker og vil at det skal gjerast rett. Hans kommentarar tyder derimot ikkje på at han vil ta vare på bygget i den forma den har akkurat nå, men at den må nyttast til noko nyttig, som for eksempel Blue Ocean.⁴⁷² Dette er ei halding som også går hand i hand med Høgre sin tanke om vern gjennom bruk som ein kunne sjå hos Høgrepolitikarar frå Stavanger. Mjølshes er derimot ikkje overtydd om at denne bruken berre kan oppnåast gjennom nybygg, som sine kollegaer frå nabobyen.

5.6.3.2 Anita Brekke

Den uavhengige parten som er mest positiv til Siloen, og argumenterer hardast for siloen sin plass i Sandnes si historie er Brekke. Ho er ei kvinne som nytta si eksamensoppgåve som arkitekt for å visa sitt syn for korleis kornsiloane i Sandnes kunne blitt transformert. Ho fekk interesse av lokalavisa Sandnesposten og vart dermed ein del av debatten rundt siloen.⁴⁷³ Både artikkelen i Sandnesposten og ei framstilling av oppgåva som ligg på ei nettside vert tatt med her, då det er naturleg at ein del av dei som las artikkelen gjekk inn på nettsida som vert nemnd for å finna ut meir.⁴⁷⁴

⁴⁶⁹ Fraråder dispensasjon, Nr: 19/071885-4, 1.

⁴⁷⁰ Norheim, ”Trosser alle anbefalinger”.

⁴⁷¹ Norheim, ”Trosser alle anbefalinger”.

⁴⁷² Norheim, ”Trosser alle anbefalinger”.

⁴⁷³ Tiberg, ”Anita vil bevare kornsiloene.”

⁴⁷⁴ Anita Brekke, “Byidentitet i Sandnes øst & transformasjon av historiske siloer». Henta 4. mai 2023 frå: <https://anitabrekkedesign.no/byidentitet-i-sandnes-ost-transformasjon-av-historiske-siloer/>

Ho skriv at ho gjennom eksamensoppgåva si viser ein transformasjon av kornsiloane i Sandnes sentrum som skapar ein stadsidentitet med røter i historia.⁴⁷⁵ At den berekraftige framtidsbyen har lokale verdiar og autentisitet og må ha det unike og særleine i behald. Dette meiner ho at siloane kan vera ein del i for Sandnes, og at dei med sine enkle sylinderforma byggverk skil seg klart ut blant det ho kallar kubistiske industri og bustadbygg. Utanom denne særlegeheita ved bygget sin stil, set ho også bygget inn i ei historie om samarbeidet mellom jordbruket og Sandnesindustrien, og kallar det ein markør for heile industri-og havneområdet som låg her.⁴⁷⁶ Og at siloane gjennom transformasjon kan bli eit landemerke i regionen, og styrke Sandnes sentrum i konkurransen om bebuarar og turistar gjennom ei klårare byidentitet.

Vidare går ho inn på det ho kallar stadsidentitet. Og forklarar at dette påverkar korleis innbyggjarane nyttar byen og deira tilhøyr til den. Ho meiner at Sandnes manglar denne stadsidenteta, og i dag er "lillebroren til Stavanger" eller "byen ein køyrar gjennom som ho meiner kjem til inntrykk i blant anna "Hvor i helsikken er Sandnes sangen". At byen vart kåra til ein av Noregs styggaste på 90-talet meiner ho heller ikkje hjelp på denne identiteten.⁴⁷⁷ Ho fortel oss altså her ei historie om Sandnes som ein by som har mangla ein identitet gjennom mange år, ein by som rett og slett har mangla noko å vera stolt over, ein litlebor som ikkje er noko meir. Ho nyttar denne triste framstillinga om historia til Sandnes vidare som ein kontrast til den historia ho meiner at Sandnes eigentleg har, og som Sandnes bør vera stolt over.⁴⁷⁸

Det som ifølge Brekke kan vise oss historia som Sandnes bør vera stolt over er bygga og installasjonane som står att i byen. Dei som fortel Sandnes si viktige og unike historie. Historia om Sandnes si handel, sine teglverk, ullvare, trevare, mølleindustri, hermetikk og sykkelindustri vert nemnd. Til saman viser dette ei unik industrihistorie som er berre Sandnes sin, og ikkje ein del av Stavanger eller nokon annan by. Brekke skriv at den viktigaste oppgåva til Sandnes si byutvikling er å fortelje denne historia vidare og slik gjera Sandnes by unik.⁴⁷⁹

Ho avsluttar med å visa korleis ho i sitt forslag transformerer dei delvis verneverdige siloane som fortel oss om Sandnes si historie til å få sin heilt eigen identitet som ho meiner avspeglar fortida. Brekke nyttar altså Sandnes si historie som industriby og Sandnes si historiske mangel på ei klår identitet for å argumentera for at ein bør ta vare på og transformera siloane i Vågen slik ho gjer i sitt arkitektforslag.⁴⁸⁰ I

⁴⁷⁵ Tiberg, "Anita vil bevare kornsiloene."

⁴⁷⁶ Brekke, «Byidentitet i Sandnes øst».

⁴⁷⁷ Brekke, «Byidentitet i Sandnes øst».

⁴⁷⁸ Brekke, «Byidentitet i Sandnes øst».

⁴⁷⁹ Brekke, «Byidentitet i Sandnes øst».

⁴⁸⁰ Brekke, «Byidentitet i Sandnes øst».

staden for å riva siloane og slik riva noko som er unikt for Sandnes og kan nyttast vidare gjennom byutvikling for å bli ein meir attraktiv, og ikkje minst meir unik, by.

Identiteten Brekke vil styrka er identiteten til byen Sandnes, ho fokuserer ikkje mykje på innbyggjarane i Sandnes, det er byen Sandnes i seg sjølv sin identitet ho snakkar om. Ho drar inn mykje av Sandnes si historie for å byggje opp denne identiteten for byen Sandnes, og fortel slik ei brei historie, sjølv om industrihistoria til Sandnes er den mest dominerande i denne framstillinga. Ho fokuserer også mest på det som er “unikt” for Sandnes, altså det som gjer at Sandnes skil seg ut, dette er naturleg når ein vil styrkje ei identitet, då å lage ei identitet som inneheld noko “alle” har, gjer at det vert vanskeleg å etablere eit “oss” og “dei andre”. Noko som er heilt grunnleggjande for etableringa av ei identitet. Det unike som Brekke framhevar for Sandnes, som kan hjelpe Sandnes med å få ei klårare identitet er bygga og installasjonane som saman fortel Sandnes si unike industrihistorie. Altså må ein ta vare på desse byggja, for å styrke Sandnes si identitet.

Historiebruksfunksjonen til Brekke er altså identitetsskapande, ho skriv nesten dette rett ut, og det treng særst lite tolking for å finna ut dette. Historiebruksområdet er nok Politisk-ideologisk historiebruk, då ho gjennom si argumentasjon prøver å overtyda om at ein heller må transformera silobygget og fortsetta å nytta det inn i framtida, i staden for å riva det, slik som fleire deltakarar i debatten vil.

5.6.3.3 Ove Heimsvik, journalist Stavanger Aftenblad

I ingressen til ein av dei første artiklane rundt siloane i Sandnes kjem journalisten med karakteristikkar som eg ikkje kan tolke på anna vis enn journalisten sin eigen historiebruk. Han skriv at Sandnes sitt kanskje mest omstridde landemerke kornsiloane i vågen, skal jamnast med jorda. Og at det 80 måls store området omsider skal bli til bustadar, kjøpesenter og hotell. For det første omtalar han siloane som eit omstridt landemerke. Ei utsegn som godtar at siloane er eit landemerke, men at dei kanskje er Sandnes sitt mest omstridd. Og kanskje derfor ikkje burde vera eit landemerke? Dette er iallfall ei tolking som vert forsterka av at området “omsider” skal bli til noko. Noko som er vanskeleg å tolka annleis enn at siloane og området det er ein del av i dag ikkje er noko særleg bra. At det gamle kulturmiljøet som siloane er ein del av bør fjernast for å gi plass til det moderne.⁴⁸¹

5.6.3.4 Lokalpolitikarar i Sandnes

Lokalpolitikaren Inger Lise Erga kjem med sterke reaksjonar på at både Fylkesmannen (Statsforvaltaren), fylkesrådmannen og Byantikvaren still seg negativ til søknaden om riving av siloane.

⁴⁸¹ Heimsvik, “Siloene skal rives”.

Og at siloane enkelt og greitt skal vekk, fordi ho ikkje ser nytteverdien til siloane slik dei står nå.⁴⁸² Eit så sterkt språk tyder kanskje på at ho anten ikkje ser på siloane som eit verdig kulturminne frå Sandnes si industrihistorie og byhistorie, eller at den industrihistoria som siloane er ein del av og representerer ikkje er den historia om Sandnes som ho vil bevare og fortelja vidare.

Ho seier vidare at dei ikkje har klart å finna papira for byggjetillatinga til bygget. Og at dette tyder på at det vart sett opp utan offentleg tillating, og heller vart tilgjeve etterpå, i staden for å vera søkt på ordentleg vis.⁴⁸³ Med dette heng ho seg på historia om at siloen er eit resultat av eit selskap som tok seg til rette på kostnad av fellesskapet. At dette er noko som nå må rettast opp, ved at ein fjernar det som vart sett opp ulovleg, og som representerer noko negativt frå Sandnes si historie. Det må iallfall ikkje bli tatt vare på av dei same årsakene. Ein kan hevde at dette er eit syn på Sandnes si historie som ser negativt på Øglend konsernet si påverknad på Sandnes. Dette står i kontrast til det eg har funne når eg har skreve historia om Sandnes, då det meste her vinklar Øglend si påverknad av Sandnes som hovudsakleg positivt.

Ho avsluttar med å seie at ho reknar på å få reaksjonar på rivinga. Men hevdar at dette er i samsvar med den vedtekne sentrumsplanen, og at dette allereie er avklart der. Og at Sandnes må få bestemma sjølv korleis byen vert utvikla.⁴⁸⁴ Noko som også kanskje heng saman med synet på at andre makter enn kommunestyret har styrt utvikling av Sandnes, og at det nå er på tide at lokaldemokratiet i Sandnes får bestemma sjølv?⁴⁸⁵

Den andre er Per Morten Borgli, ein lokalpolitikar frå FrP, seier at han vert provosert over at Fylkesrådmannen har dratt klima inn i debatten rundt riving av siloane. Og at han ikkje forstår noko som helst, viss dei som politikarar ikkje skal få lov til å riva nokre gamle siloar i sin eigen kommune. Den “gamle driden” skulle ha vorte reve for mange år sidan avsluttar han.⁴⁸⁶

Han beskriv siloane først som nokre gamle siloar og til slutt som den “gamle driden”.⁴⁸⁷ Noko som ikkje akkurat gøymer vekk kva han syns om dei. Ved å tiltala silobygga som berre nokre gamle siloar, og utan eingong gi dei eit namn eller ein kontekst, vert dei fort til noko anonymt og uviktig. Dei vert ikkje sett inn i ei historie i det heile tatt, utanom kanskje historia om noko gammalt, noko “gammalt drid”.⁴⁸⁸ Som kanskje kan fortelja oss noko som korleis dei gamle industribygga i Sandnes vert sett på. Er

⁴⁸² Olsen, ”Trosser Fylkesmannen”.

⁴⁸³ Olsen, ”Trosser Fylkesmannen”.

⁴⁸⁴ Olsen, ”Trosser Fylkesmannen”.

⁴⁸⁵ Olsen, ”Trosser Fylkesmannen”.

⁴⁸⁶ Olsen, ”Trodde ikke sine egne ører”.

⁴⁸⁷ Olsen, ”Trodde ikke sine egne ører”.

⁴⁸⁸ Olsen, ”Trodde ikke sine egne ører”.

dei noko "gammalt drid" frå ei tid som ein ikkje lenger vil huske? Eller meiner han at industrien ikkje er ein viktig del av Sandnes si historie? Akkurat det kan ein ikkje finne noko definitivt svar på.

Den siste lokalpolitikaren som kjem med negative utsegner er høgrepolitikaren Olav Birkeland.⁴⁸⁹ Han skriv at i eit moderne Sandnes er det ikkje plass til desse siloane, så det er bra at dei vert fjerna.⁴⁹⁰ Han også legg seg på linje med dei andre politikarane, siloane er her noko som står i kontrast til det "moderne Sandnes". Det er noko som står i vegen for ei utvikling og som må fjernast på grunn av dette.⁴⁹¹

5.6.3.5 Rogalands Avis

Rogalands Avis kjem med ein eigen kommentar om siloen den 20. Juli 2011.⁴⁹² Ein kommentar som ikkje er ein direkte del av akkurat denne prosessen. Men som utan tvil har vore ein del av den offentlege debatten og opinionen som til slutt var avgjerande for bygget sin skjebne. Avisa byrjar med å beskriva bygga som står innerst i Gandsfjorden, og nemner at dei vart bygga utan byggjetillating i 1981.⁴⁹³ Så kjem dei med ei utsegn om at alle i dag er einige om at bygga aldri burde vore byggja, og at dei står som eit skjemmande symbol for ein kultur som herska blant politikarane som kom før oss. Og at den nå har blitt ein trussel mot Sandnes sin naturlege byutvikling.

Dei fortel ei historie om korleis bygget vart til. At Jonas Øglend AS nytta si enorme innflyting for å få bygga det som dei kallar eit "misfoster".⁴⁹⁴ Eit lengre sitat frå prosessen når bygget vart reist vert nytta som argument:

Med den utviklingen som skimtes for vidare utbygging i Sandnes, vil det være åpenbart om noen årtier vil nåværende sentrum være for lite. Det kan tenkes ekspansjon av sentrum i flere retninger, men det synes som om hele området mellom nåværende sentrum og Gravarsveien bør øremerkes for en gradvis overgang til mer sentrumsrettede utbyggingsformål. Vanlige fabrikkbygninger er i alminnelighet så fleksible at de kan omdisponeres lett. En gigantsilo vil ikke kunne nyttes til annet. Den vil bli stående og sette sitt preg på omgivelsene, og legge beslag på nødvendige interne trafikkarealer.⁴⁹⁵

Men kritikken kom ikkje fram, og etter eit møte med blant anna 5 direktørar frå Jonas Øglend AS til stades, vart bygget byggja. Og selskapet vart aldri meldt til politiet sjølv om dei hadde byggja eit av bygga utan tillating. Dette vert altså fortalt som ei historie om eit selskap

⁴⁸⁹ Heimsvik, "Siloene skal rives".

⁴⁹⁰ Heimsvik, "Siloene skal rives".

⁴⁹¹ Heimsvik, "Siloene skal rives".

⁴⁹² Rogalands Avis, "Historien om siloen i Sandnes".

⁴⁹³ Rogalands Avis, "Historien om siloen".

⁴⁹⁴ Rogalands Avis, "Historien om siloen".

⁴⁹⁵ Rogalands Avis, "Historien om siloen".

som brukte si innflyting for å kunne forme Sandnes sentrum slik dei ville, og politikarane lot dei sleppe unna med det.⁴⁹⁶

Vidare fortel dei at bygget etter kvart vart tatt over av Felleskjøpet, men at bygget i praksis har vore spøkelselbygg frå starten av 90-talet. Og krev derfor at kommunen sørger for at bygget som ikkje har nokon hensiktsmessig bruk vet rive ned snarast.⁴⁹⁷

Avisredaksjonen er dermed ikkje nådig i sin dom, siloen i vågen er eit misfoster som må rivast. Den er ei rest etter ei tid som Sandnes må komma seg forbi, og reparera dei mistaka som vart gjort.⁴⁹⁸ Dei er eit resultat av eit at eit alt for mektig selskap tok seg til rette og gjorde det dei ville, og som var økonomisk best for dei, mens svake politikarar gjekk med på alt. Og at Sandnes sentrum sin veg vidare er ved å kvitta seg med dette gamle som står i vegen for ei naturlig byutvikling.⁴⁹⁹

Historiebruksfunksjonen som er nytta her kan mogleg vera legitimerande, ei historie vert fortald om ei urett som blei gjort av eit stort mektig selskap og eit svakt politiske leiarskap mot Sandnes, mot dei som nå styrer Sandnes. Det høyrest jo ut som at Rogalands avis meiner at dette gir dei som bur og styrer Sandnes i dag legitimitet til å retta opp den uretten som blei gjort i fortida, og riva silobygget for å hjelpa heile det moderne Sandnes.

Historiebruksområdet er politisk-ideologisk historiebruk, historia me vert fortalt skal overtyda oss om at det einaste rette er å rive ned dette bygget. Fortida har gjort ein feil, som det moderne Sandnes saman må bli einige om å retta opp. Det er ganske klart at Rogalands avis prøver å overtyda lesaren om at standpunktet deira er det rette i dette politiske spørsmålet.

5.7 Oppsummering av case 2, Havnegata 4

Eg har vist at siloane i Sandnes har skapa stor debatt i Sandnes, både i den politiske saksgongen og i media. Gjennom utsegnene og argumenta sine har deltakarane i denne debatten nytta historie, nokre

⁴⁹⁶ Rogalands Avis, "Historien om siloen".

⁴⁹⁷ Rogalands Avis, "Historien om siloen".

⁴⁹⁸ Rogalands Avis, "Historien om siloen".

⁴⁹⁹ Rogalands Avis, "Historien om siloen".

mest sannsynleg med overlegg og nokre utan å ha hatt dette som hensikt. Det er denne bruken og forståinga av historie som eg har forsøkt å finna og utforska i denne delen.

Dei partane som har ville riva siloane har vore dei som har sterke band til utbyggjar, og enkelte lokalpolitikarar som av andre grunnar vil riva siloane. Fleire av dei fortel ei historie om framsteg og “naturleg utvikling”, rivinga av den gamle siloen vert noko som er nødvendig for at Sandnes by kan utvikla seg. Fleire fortel også ei historie om det Sandnes som har vore som ikkje berre er positivt. Øglendkonsernet si sterke påverknad på Sandnes som by og deira innflyting på “svake politikarar” vert framstille som eit vonde, noko som må rettast opp, blant anna ved at beviset på eit av deira “forbrot” ved at siloen vart sett opp utan tillating frå kommunen endeleg vert rive ned.

Dei som vil bevare siloen i ei slags form fortel derimot andre historier. Historier om ein by med ei sterk næringshistorie som er unik for byen Sandnes. Der blant anna Øglendkonsernet har vore ein viktig del av byen sin utvikling til byen den er i dag, og siloen i Vågen vert presentert som eit eksempel på korleis næringslivet og Øglend forma byen Sandnes. Vidare fortel dei også ei historie om ein “litlebror”, som lenge har blitt sett på som underlegen Stavanger, og som nå må nytta det som er unikt ved si eige historie for å utvikle byen vidare, og sleppa unna “litlebrorskomplekset”.

Ei historie om modernismen og funksjonalismen vert også fortald, og spesielt korleis dette påverka byen Sandnes og siloen sitt design. Vidare vert siloen sett inn i ei større nasjonal og internasjonal forteljing om kornsiloar og beredskap, noko som er stadig meir relevant i ei stadig endrande verd.

For å oppsummera så fortel partane i denne saken heilt ulike forteljingar og nyttar historie på heilt ulike vis. Det er desse ulikheitene som er interessante å studera for å sjå på korleis dette påverka saksgongen i saka.

6. Konklusjon

Som eg byrja med å fortelja i innleiinga til denne oppgåva, har hovudfokuset i oppgåva vore å identifisera og drøfta kva slags bruk av historie som vart nytta i saksongonen til byggjesak 12/5770 i Stavanger kommune og i byggjesak 19/07885 i Sandnes kommune, og i debatten i media som omhandla bygga. Problemstillinga mi lød som følgande:

Kva slags historie vert nytta av dei ulike partane i ei lokalpolitisk sak om riving eller bevaring av eit bygg? Og kan ein seie noko om korleis denne bruken av historie påverka utfallet av saka?

Eg byrjar denne konklusjonen med å sjå på kva som er likt i dei to sakene. Likskapane er fleire, og desse likskapane er ein del av grunnen til at eg vald ut nettopp desse to casene. Begge er to store byar som ligg på Nord-Jæren, i Rogaland fylke. Begge byggjesakene startar med at ein søkar send inn ein søknad om å få lov til å riva eit bygg som ligg i sentrum av dei respektive byane. Begge sakene vert deretter behandla av Kommunalstyret for byutvikling i begge byane, og begge casene endar det med at Kommunalstyret for byutvikling gir søkar lov til å riva bygga. I begge sakane kjem også Byantikvaren i kvar av byane med utsegner der dei argumenterer fagleg for at begge bygga har kvalitetar som ein bør ta vare på, der det i Stavanger er fasaden som er ein viktig del av gateløpet i Kirkegata, og i Sandnes er siloen eit eksempel på den industrien som skapa Sandnes by, og som må bli tatt vare på. Vidare er det aktivitet i media frå lokalpolitikarar som hovudsakleg argumenterer for at ein bør rive bygga, mens andre aktørar argumenterer for at ein må ta vare på og bevara dei.

Byantikvarane i begge byane er dei som kjem med størst fagleg kompetanse i desse diskusjonane, og er aktørane som er klarast i si bruk av historie. Hanne Windsholt, Byantikvaren i Stavanger, set Kirkegata 22 midt inn i Stavanger by sin historie, og ikkje berre éi historie heller. Byantikvaren fortel ei historie om Norem Baade som har vore i bygget i mange år, og set dermed bygget inn i Stavanger si nærings- og handelshistorie. Vidare vert bygget også sett inn i ei historie om mellomalderbyen Stavanger, sidan Kirkegata er ein del av det mellomalderske gatenettet. Til slutt vert bygget sett inn i historia om Stavanger som ein gammal, fattig trehusby som vaks fram på sild og skipsfart. Altså er det her minst tre ulike historier som Byantikvaren meiner er viktige for byen Stavanger, og som Kirkegata 22 er ein del av.

Gro Persson, Byantikvar i Sandnes, sett på si side siloen inn i ei historie om Sandnes som industriby. Fokuset er på industrien som gjorde at Sandnes vart den byen den er i dag, og ikkje minst på Øglend-konsernet, som er den viktigaste bedrifta i denne industrihistoria – det same konsernet som bygde siloen. I tillegg fortel ho ei historie om modernisme og funksjonalisme, der nye byggjeteknikkar og -materiale gjorde at ein fekk nye tankar om arkitektur og utsjånad, og dermed også bygg med modernistisk utsjånad, ikkje minst i Sandnes, der desse tankane stod sterkt. Til slutt sett ho siloen inn i ei mindre lokal,

men meir nasjonal og internasjonal historie om kornsiloar og beredskap – korleis siloane vaks fram som fenomen, og den funksjonen dei oppfylte. Altså fortel også Byantikvaren i Sandnes at bygget er ein viktig del av fleire ulike historier som Sandnes er ein del av.

Der Byantikvaren i Sandnes sitt syn på industrihistoria, og ikkje minst det store Øglend-konsernet, er positivt, i den forstand at det vert beskrive som viktige deler av Sandnes si historie, er ikkje alle motstandarane like positive. Både Rogaland Avis og lokalpolitikar Inger Lise Erga fortel ei litt anna historie. Her er Øglend-konsernet den store aktøren som tok seg til rette i Sandnes og som pressa politikarane til å få det på sin måte. Siloen står nå utan bruk og formål i sentrum av Sandnes som eit minne om ei tid der Øglend gjorde som dei ville.

Dei aktørane som vil riva bygga, i all hovudsak søkarane og lokalpolitikarane i Stavanger og Sandnes, nyttar generelt mykje mindre historie enn Byantikvarane. Dei er i all hovudsak opptatt av framtida og framsteget. Dei vil ha utvikling av sentrum, dei vil ha nye bygg, nye jobbar og nye bedrifter inn i sentrum av byane. Særs nært dette synet om framsteget ligg også ideen om den internasjonale byen Stavanger, som vert nytta for å argumentere for at ein må gjera plass i sentrum for Zara, for å gi byen eit meir internasjonalt preg, og slik styrka både byen og ikkje minst sentrum. Det som er gammalt og ein del av fortida er noko dei fleste ikkje seier direkte at dei vil fjerne heilt, men akkurat desse to bygga må fjernast for framtida og utviklinga si skuld. Blant anna er det mange som argumenterer hardt for at endring og tilpassing for ny bruk og nye tider kvar gong dette har vorte nødvendig er ein del av Kirkegata 22 si historie, og at ein derfor må fortsetta denne tilpassinga inn i framtida.

Mykje av historiebruken til dei som vil riva er derimot ikkje så direkte som i akkurat dette tilfellet, den er ofte det eg vil kalla utilsikta. Med dette meiner eg at det ikkje verkar som at dei aktivt nyttar historie i stor grad for å vinne fram i saka. Historiebruken deira er meir noko som skjer utilsikta når dei argumenterer for hovudsynet sitt, som i stor grad handlar om at ein må fjerna det gamle for å få plass til det nye.

Eit anna viktig synspunkt som fleire ser ut til å dela er at det som er gammalt og ikkje passar inn i det estetiske nuet må fjernast, sjølv om det kanskje er ein del av byen sin historie. For estetikken verkar å vera ein annan viktig faktor. Siloen vert blant anna kalla for den “gamle driden” og Kirkegata 22 vert omtala som ei “trist utsikt”. Estetikk er viktig, den modernistiske og funksjonalistiske stilen som siloen er ein del av, og som ein gong i tida var særs normal i Sandnes, vart etter kvart sett på som monotont, ikkje estetisk, og kan vera ei viktig grunn til at saka gjekk som den gjekk. Eit liknande spørsmål er sentralt i diskusjonen rundt Kirkegata 22, då Norem Baade sin estetikk, altså bedrifta som dreiv handel i bygget

tidelgare, ikkje er ønska av utbyggjar. Dei ikkje likar estetikken til det gamle bygget, og meiner at dei vil vera ein reklameplakat for eit handelshus som ikkje lenger eksisterer.

At det er framsteget og byutvikling som er viktigast for mange av aktørane, og ikkje minst lokalpolitikarane, verkar å vera synleg også for fleire av forkjemparane for bevaring. I Stavanger kjem både Byantikvaren og Eirik Fossaskåret med utsegner om at næringskreftene får driva byutvikling slik dei vil, og at fagetatar vert overkøyrd når gamle bygg vert rivne for nybygg. Byantikvaren er ikkje like direkte i sin konfrontasjon, men skriv også om ei industrihistorie som held på å forsvinna i ei stadig raskare byutvikling.

Identitet heng tett saman med korleis partane i konfliktane nyttar historie. I Stavanger er det identiteten til Stavanger som trehusby, handelsby, mellomalderby og sildeby som blant anna vert dratt fram av dei som vil bevara bygget. Det er byen Stavanger som har vore som er viktig for identiteten. Dei som vil riva i Stavanger er også opptatt av identiteten som handelsby og internasjonal by, men dette har eit større fokus på den nærare historia, og korleis Stavanger som identitet skal bli i framtida. I Sandnes er det identiteten som industriby som er mest openberr hos både Byantikvaren og arkitektstudent Anita Brekke. Sandnes har vore ein stor og viktig industriby, og det vil dei byggja på vidare i Sandnes si utvikling. Dei som vil riva siloen i Sandnes er derimot fullstendig imot identiteten til Sandnes som industriby, og er berre opptatt av å ikkje vera ein industriby.

I diskusjonen rundt vidare bruk av bygga og tomtene er det ein forskjell som kan vera interessant. Kirkegata 22 har alltid vore eit næringsbygg, ein butikk, og det er ingen tvil frå nokon av partane si side at det er eit mål om å vidareføre handelsverksemd i lokala. Til og med Byantikvaren i Stavanger går med på at ein må gjera endringar for å kunne drive vidare verksemd i lokala, men argumenterer for at ein i det minste bør forsøka å bevara fasaden. Dei som vil rive argumenterer derimot for at bygget og si nåverande fasade gjer det umogleg å driva med handelsverksemd i lokala med mindre ein får byggja eit nybygg. Dei argumenterer heller for at nettopp eit nytt bygg og ny bruk ikkje berre vil hjelpe Kirkegata 22, det vil kunne gi ny bruk og utvikling i heile Stavanger sentrum, ved å få ein ny salsmaskin i Zara. Likevel er historia om handelsverksemda i Stavanger sentrum noko som alle kan stilla seg bak, det er meir spørsmålet om korleis ein best tek vare på denne historia som er konflikten.

Siloen i Havnegata 4 er derimot ein del av ei industrihistorie som er på veg bort. Siloen i Sandnes har allereie stått utan ein funksjon sidan 1993, og ingen av aktørane forsøker ein gong å argumentera for at ein kan få til ny bruk som siloanlegg. Heller ikkje annan industri er særleg relevant å etablere på ei stor tomt midt i sentrum av ein norsk by i 2019. Derfor vert målet for dei som vil bevara bygget å få til ny bruk innanfor eit heilt anna bruksfelt, mens dei som vil riva siloen enkelt og greitt poengterer at siloen

ikkje lenger har nokon bruksfunksjon. Historia om industrien i Sandnes, og ikkje minst Øglend sin del av denne historia, er dermed noko ikkje alle stiller seg bak.

Kva kan ein så seia om korleis bruken av historie påverka utfallet av byggjesakene? Den enkle konklusjonen er at begge byggjesakene enda med siger for dei som ville riva bygga. Kirkegata 22 er nå adressa til eit nybygg der Zara held til, og det einaste minnet om det gamle bygget er at Byantikvaren fekk gjennom at fasaden vart litt tilpassa det gamle gateløpet i Kirkegata. Siloen i Sandnes er under riving, og vil i det lange løp mest sannsynleg bli til eit nytt grøntområde i sentrum av Sandnes by. Dermed kan det vera mogleg å seia at i desse to casene hadde strategien om å setta bygga inn i den store historia om Stavanger og Sandnes som byar mindre effekt enn å setta bygga inn i historia om framsteget, om eit gammalt bygg som må rivast for å gi plass til det nye, og slik ta byen inn i framtida gjennom sentrumsutvikling og byutvikling.

Gamle bygg vert rive i Noreg kvar dag. Nokre av desse er kanskje ikkje så ulike Kirkegata i Stavanger og Havnegata i Sandnes. Denne utskiftinga og stadige endringa gjer at bygg forsvinn, og nye vert til. Ved desse endringane endrar også sakte men sikkert heile byen seg. Slik fortida skapa våre kulturminne i dag, vil nåtida skapa bygg som vert framtidens kulturminne, og dei vil alle sameksistera i vår felles kulturarv. Som denne masteroppgåva har vist, har alle bygg ei historie. Det er i stor grad samfunnet med hjelp av sine lover, prosessar og offentlege debatter som bestemmer kva historier vi ønsker å ta vare på, og kva ein kan "jamna med jorda", sjølv om ein ikkje må sjå heilt bort frå enkeltindividet sin innsats ved bevaring. Akkurat her er det et stort potensial for framtidig historiebruksforskning. Eit av emna eg har nemnd som kanskje har det største potensialet er samanheng mellom identitetsskapande historieforteljing og estetikk. I Stavanger har dei for eksempel klart å ta vare på trehus folk flest synes er vakre "postkortmotiver", mens industribygg forsvinn. Me vel vekk det som oppfattast som stygt, og mevel vekk det som me ikkje ønsker å minnast.

7. Litteraturliste

7.1 Primærkjelder

7.1.1 Arkivmateriale

Arkivmateriale frå Sandnes kommune:

19/07885-1 - Gnr 39 bnr 1288 - Søknad om rammetillatelse - Riving av kornsiloer - Havnegata 4

19/07885-2 - Samordning og anmodning om uttalelse til søknad om dispensasjon for riving av kornsiloer, Havnegata 4, gnr 39 bnr 1288

19/07885-3 - Fylkesrådmannens uttalelse - gnr 39 bnr 1288 - Havnegata 4 - Dispensasjon - Riving av kornsiloer

19/07885-4 - Fraråder dispensasjon - Riving kornsiloer Havnegata 4

19/07885-5 - Byantikvarens uttalelse - Søknad om rivning av siloen.docx

19/07885-6 - Gnr 39 bnr 1288 - Søknad om riving av kornsilo, Havnegata 4

19/07885-7 - 39-1288 Oversiktskart.pdf

19/07885-8 - Gnr 39 bnr 1288 - Til informasjon - Søknad om riving - Politisk behandling

19/07885-9 - Vedtak BYUT, 25092019, Sak 106/19, Gnr 39 bnr 1288 - Søknad om riving av kornsilo, Havnegata 4

19/07885-10 - Informasjon om vedtak i Utvalg for byutvikling, Kornsiloer, Havnegata 4, gnr 39 bnr 1288

19/07885-11 - Fakturagrunnlag

19/07885-12 - Forespørsel vedr 19/07885-10

19/07885-13 - Informasjon om vedtak i Utvalg for byutvikling, Kornsiloe, Havnegata 4, gnr 39 bnr 1288

19/07885-14 - Uttalelse - gnr 39 bnr 1288 - Havnegata 4 - Dispensasjon - Riving av kornsiloe - Fylkesrådmannens kommentar til vedtak

Arkivmateriale Stavanger kommune:

Reguleringsbestemmelser, stadfestet av Fylkesmannen 07.06.1974.

Gjennomføringsplan (8. februar 2012)

Søknad om ansvarsrett (8. februar 2012)

Forhåndskonferanse (1. mars 2012)

Søknad generert av ByggSøk (4. mai 2012)

Søknad om rammetillatelse (4. mai 2012)

Kirkegaten 22 gnr/bnr 55/514 - søknad om rammetillatelse (4. mai 2012)

Gjennomføringsplan (4. mai 2012)

Søknad om ansvarsrett (4. mai 2012)

Byantikvarens merknad til søknad om nybygg – Kirkegaten 22 A/S (24. mai 2012)

Mail – kommentar til Byantikvarens merknad til søknad om nybygg – Kirkegaten 22 AS (6. juni 2012)

Foreløpig svar på byggesøknad: gnr/bnr 55/514 - nybygg forretningsbygg i 4 et. + parkeringskjeller motehuset Zara. Dispensasjon. (13. juni 2012)

Nabovarsel sameiet Kirkegata 24 (11. juli 2012)

Nabovarsel Kirkegata 24 (11. Juli 2012)

Mail – BP kommentarer til “Nabovarsel for byggemelding av Kirkegaten 22” (11. juli 2012)

Referat forhåndskonferanse (10. august 2012)

Mail med vedlagt bilde av Kirkegaten 22 med utstillingskassen mot Kirkegaten 24 (23. august 2012).

Kartkoordinater Kirkegata 22 (23. august 2012)

Mail med tilleggsopplysninger og revidert tegningssett til rammesøknad (23. august 2012)

Søknad om dispensasjon – Kirkegaten 22, gnr/bnr 55/514 (23. august 2012)

Revidert tegningssett og tilleggsopplysninger til søknad om rammetillatelse (23. august 2012)

Nabovarsel Kirkegata 24 (23. august 2012)

Saksfremlegg – saksfremlegg byggesak. gnr/bnr 55/514. Riving av eksisterende bygg. Nybygg forretningsbygg i 4 et. + parkeringskjeller. Motehuset Zara. Dispensasjon (3. september 2012)

Saksfremlegg – gnr/bnr 55/514. Riving av eksisterende bygg. Nybygg forretningsbygg i 4 et. + parkeringskjeller motehuset Zara. Disposisjon. (4. september 2012)

Saksprotokoll – saksfremlegg byggesak gnr/bnr 55/514. Klagebehandling (nybygg forretningsbygg i 4 et. + parkeringskjeller) motehuset Zara. Dispensasjon (14. september 2012)

Melding om politisk vedtak byggesak. Gnr/bnr 55/514514. Riving av eksisterende bygg. Nybygg forretningsbygg i 4 et+parkeringskjeller. Motehuset Zara. Dispensasjon (24. september 2012)

Mail - forespørsel om bekreftet frist for klage (9. oktober 2012)

Klage på vedtak i sak 12/5770 vedr nybygg på gnr/bnr 55/514 (19. oktober 2012)

Mail – vedlagt klage, ref 12/5770 (19. oktober 2012)

Klage på vedtak i sak 12/5770 vedr nybygg på gnr/bnr 55/514 (22. oktober 2012)

Melding om innkommet klage. Gnr/bnr 55/514 - Riving av bygninger. Nybygg forretningsbygg i 4 et. Motehuset Zara (23. oktober 2012)

Saksfremlegg – saksfremlegg byggesak gnr/bnr 55/514. Klagebehandling. Motehuset Zara (19. november 2012)

Saksprotokoll – saksfremlegg byggesak gnr/bnr 55/514. Klagebehandling (nybygg forretningsbygg i 4 et. + parkeringskjeller) motehuset Zara (3. desember 2012)

Oversendelse av klagevedtak til Fylkesmannen. Gnr/bnr 55/514 - nybygg forretningsbygg i 4 etg./rive eksisterende bygg motehuset Zara (13. desember 2012)

Skifte av ansvarlig søker (31. januar 2013)

Stavanger kommune gnr 55, bnr 514, riving av eksisterende forretningsbygg og oppføring av nytt foretningsbygg – tiltakshaver: Auctus AS. Fylkesmannen opphever kommunens vedtak (4. februar 2013).

Søknad om dispensasjon – revidert søknad om rammetillatelse (11. februar 2013)

Revidert søknad om rammetillatelse (11. februar 2013)

Melding om Fylkesmannens klageavgjørelse. Gnr/bnr 55/514 - riving + nybygg. Dispensasjon. Motehuset Zara. (15. februar 2013).

Mail – vurdering av tidsaspekt for en uttalelse fra Byantikvaren, ny søknad med dispensasjon (19. februar 2013)

Mail – svar frå Rogaland fylkeskommune (22. februar 2013)

Mail – ny søknad med dispensasjon til Riksantikvaren (27. februar 2013)

Mail – svar frå Riksantikvaren (27. februar 2013)

Kommentar til Nabovarsel – Kirkegaten 22 (KG 22), datert 8feb-13 (27. februar 2013)

Rammesøknad. Supplerende opplysninger (27. februar 2013)

Gnr/bnr 55/514 - nybygg forretningsbygg i 4 et. Motehuset Zara – revidert søknad. Dispensasjon (14. mars 2013)

Mail – BP forespørsel om når kommentarer til nabovarsel behandles i utvalget (14. mars 2013)

Kommentar til Nabovarsel – Kirkegaten 22 (KG 22), datert 8 feb-13 (14. mars 2013)

Stavanger kommune – revidert søknad om rammetillatelse – kirkegata 22 – gnr 55 bnr 514 – riving av bygg før 1850 uttalelse (9. april 2013)

Saksfremlegg – gnr/bnr 55/514 - nybygg forretningsbygg i 4. et. Motehuset Zara – revidert søknad. Dispensasjon (9. april 2013)

Saksprotokoll – motehuset Zara – nybygg forretningsbygg i 4 et. Revidert søknad, dispensasjon – gnr/bnr 55/514 (12. april 2013)

Melding om politisk vedtak byggesak. Gnr/bnr 55/514514. Riving av eksisterende bygg. Nybygg forretningsbygg i 4. et. Motehuset Zara. Dispensasjon (14. april 2013)

Melding om politisk vedtak byggesak. Gnr/bnr 55/514514. Riving av eksisterende bygg. Nybygg forretningsbygg i 4 et. Motehuset Zara. Dispensasjon (15. april 2013).

Saksfremlegg - gnr/bnr 55/514. Klagebehandling. Motehuset Zara (21. november 2013).

7.1.2 Mediekjelder

Arnesen, Marianne. “Zara åpning tidligst neste år.” Stavanger Aftenblad. 16. januar 2013. Henta

20. april 2023 frå: <https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/1yXWB/zara-aapning-tidligst-neste-vaar>

Haram, Jorunn & Kalvik, Bodil & Middelton, Thomas. ”Hvor ble det av bypatriotene?”

Stavanger Aftenblad. 20. februar 2019. Henta 20. april 2023 frå:

<https://www.aftenbladet.no/meninger/debatt/i/zLpddq/hvor-ble-det-av-bypatriotene>

Heimsvik, Ove. “Siloene skal rives”. *Stavanger Aftenblad*. 21. august 2013. Henta 19. april 2023

frå: <https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/AXJkM/siloene-skal-rives>

Holen, Solveig. *Sjøhusrekken i Stavanger – Prosjekt for vern og fornyelse*. Stavanger kommune kommunalavdeling byutvikling, 1993.

Jupskås, Stein Halvor. “Får avslag på solceller på grunn av trehusbyen.” *Stavanger Aftenblad*. 9.

mai 2019. Henta 20.april.2023 frå: <https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/y3x71r/faar-avslag-paa-solceller-paa-grunn-av-trehusbyen>

Jupskås, Stein Halvor. “Zara inntar Kirkegata.” *Stavanger Aftenblad*. 17. april 2012. Henta

12.mai.2023 frå: <https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/2ypAB/zara-inntar-kirkegata>

Jupskås, Stein Halvor. “Zara: Nye skjær i sjøen.” *Stavanger Aftenblad*. 23 mai 2013. Henta

20.april.2023 frå: <https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/KleWE/zara-nye-skjaer-i-sjoen>

Larsen, Eirin. & Espeland, Anett Johansen. “-Idyllen i Stavanger forsvinner.” *NRK*. 09. oktober

2013. Henta 17.april.2023 frå: <https://www.nrk.no/rogaland/-idyllen-i-stavanger-forsvinner-1.8351413>

Larsen, Eirin. & Espeland, Anett Johansen. & Evensen, Mari Rollag. “Forskrekkelsen kommer

som regel etter at man har revet.” *NRK*. 9. oktober 2013. Henta 12.april.2023 frå: <https://www.nrk.no/rogaland/-forskrekkelse-folger-ofte-riving-1.8351746>

Larsen, Eirin. & Stenberg, Inger Johanne. “Er denne fasaden verneverdig?” *NRK*. 10. mai 2013.

Henta 10.april.2023 frå: https://www.nrk.no/rogaland/er-denne-fasaden-verneverdig_-1.11022315

Moi, Hilde. “Nå begynner byggingen av Zara.” *Stavanger Aftenblad*, 3 mars 2014. Henta den

10. april 2024 frå: <https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/VGz5V/naa-begynner-byggingen-av-zara>

Norheim, Håkon Jonassen. “Trosser alle anbefalinger: - siloene skal ned.” *Stavanger Aftenblad*.

24. september 2019. Henta 19. april 2023 frå:

<https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/K3111e/trosser-alle-anbefalinger-siloene-skal-ned>

Norheim, Håkon Jonassen. “Raser over nei til silo-riving.” *Stavanger Aftenblad*. 26. august

2019. Henta 19. april 2023 frå: <https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/lAbLK9/raser-over-nei-til-silo-riving>

Olsen, Frode. «Byantikvaren har rollen som vaktbikkje en rolle som kan gjøre en svært upopulær

hos mange», *Sandnesposten*, 08. januar 2023. Henta 20. april 2023 frå:

<https://www.sandnesposten.no/byantikvaren-har-rollen-som-vaktbikkje-en-rolle-som-kan-gjore-en-svart-upopular-hos-mange/s/5-105-686931>.

Olsen, Frode. “Politikerne trodde ikke sine egen ører - får ikke lov å rive siloene i Vågen.”

Sandnesposten. 26. august 2019. Henta 19. april 2023 frå:

<https://www.sandnesposten.no/politikerne-trodde-ikke-sine-egen-orer-far-ikke-lov-a-rive-siloene-i-vagen/s/5-105-190700>

Olsen, Frode. “Trosser fylkesmannen- Siloene i Havnegata skal enkelt og greit rives.”

Sandnesposten. 24. september 2019. Henta 10. april 2023 frå:

<https://www.sandnesposten.no/trosser-fylkesmannen-siloene-i-havnegata-skal-enkelt-og-greit-rives/s/5-105-197706>

Olsen, Frode. “Trosser Fylkesmannen: - Siloene skal enkelt og greit rives.” 24. september 2019.

Henta 18. april 2023 frå: <https://www.sandnesposten.no/trosser-fylkesmannen-siloene-i-havnegata-skal-enkelt-og-greit-rives/s/5-105-197706>

Rogalands avis. “”Historien om siloen i Sandnes.” *Rogalands Avis*. 20. juli 2011. Henta 15.mars

2023 frå:

<https://www.dagsavisen.no/rogalandsavis/nyheter/stavanger/2011/07/20/historien-om-siloen-i-sandnes/>

Søndeland, Geir. “Nå går Zara-toget for Stavanger.” *Stavanger Aftenblad*. 23. august 2013.

Henta 12. april 2023 frå: <https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/Klkye/naa-gaar-zara-toget-for-stavanger>

Tiberg, Ida. “Anita vil bevare kornsiloene – slik kunne det blitt dersom hun fikk bestemme.”

Sandnesposten, 20. oktober 2020. Henta 05.april 2023 frå:

<https://www.sandnesposten.no/anita-vil-bevare-kornsiloene-slik-kunne-det-blitt-dersom-hun-fikk-bestemme/f/5-105-321249>

7.1.3 Anna primærlitteratur

Brekke, Anita. “Byidentitet i Sandnes øst & transformasjon av historiske siloer». Henta 4. mai 2023 frå: <https://anitabrekkedesign.no/byidentitet-i-sandnes-ost-transformasjon-av-historiske-siloer/>

«Byantikvaren i Stavanger». Henta 20. april 2023 frå:

<https://www.byggogbevar.no/ressurser/byantikvarer/byantikvaren-i-stavanger.>

«Byantikvaren i Stavanger». Henta 20. april 2023 frå:

[https://www.stavanger.kommune.no/bolig-og-bygg/byantikvaren/.](https://www.stavanger.kommune.no/bolig-og-bygg/byantikvaren/)

“Fra Uldvarefabrik til Mathall”. Henta 2. mai 2023 frå:

<https://amfi.no/amfi-vagen/magasin/eksperttips/fra-uldvarefabrik-til-mathall/>

Lapin, Ernst, red. *Sandnes - ide, innsats og industri*. Sandnes: Sandnes historie- og ættesogelag, 2012.

Miljøverndepartementet. *Framtid med fotfeste: Kulturminnepolitikken* (Meld. St. 35), 2012-

2013. Henta 25.oktober.2022 frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/d188971bddf84055a6e3d2161e6c3ea3/no/pdfs/stm201220130035000dddpdfs.pdf>

NOU 2002:1. *Fortid former framtid: Utfordringer i ny kulturminnepolitikk*, Miljødepartementet,

2002. Henta 16. april 2023 frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/974383179d6b4264bfe16f1f309f1742/no/pdfa/nou200220020001000dddpdfa.pdf>

“Praktisk informasjon om oss” henta den 04. April 2023 frå:

<https://www.stavangersentrum.no/praktisk-informasjon-om-oss/om-oss,>

Riksantikvaren. “SEFRAK-registeret.” Henta 17. mai 2023 frå:

<https://www.riksantikvaren.no/les-om/sefrak/>

Riksantikvaren. “Verdensarvkonvensjonen og verdensarvlistene.” Henta 05. mai 2023

frå: <https://www.riksantikvaren.no/arbeidsomrader/verdensarv/verdensarvkonvensjonen/>

Riksantikvaren. “Våre digitale tjenester.” Henta 17. mai 2023 frå:

<https://www.riksantikvaren.no/varedigitale-tjenester/>

Rogaland fylkeskommune, 2015, Regional kulturplan for Rogaland 2015-2025. Henta 18. Mai

2023 frå: <https://www.rogfk.no/f/p1/ibce64c04-4eb0-4935-964d-b237a121da69/regional-kulturplan-for-rogaland-2015-2025.pdf>

«Rogaland Stortingsvalg 2013». Henta 7. april 2023 frå:

<https://valgresultat.no/rogaland?type=st&year=2013.>

Sandnes kommune, 2005, Kommunedelplan for kulturminner og kulturmiljøer 2005-2017, Vel

bevart i Sandnes? Henta 18. Mai 2023 frå:

<https://www.sandnes.kommune.no/globalassets/tekniskeiendom/kulturminner/kulturminneplan.pdf>

Sandnes kommune, 2019, Kommuneplan for Sandnes 2019-2034. Henta 18. Mai 2023 frå:

<https://www.sandnes.kommune.no/globalassets/tekniskeiendom/samfunnsplan/kommuneplan-2019-2035/endelig-vedtatt/bestemmelser-og-retningslinjer-vedtatt-av-bystyret-11.3.19-revidert-14.12.20.pdf>

Sandnes kommune, 2020, Høring kommunedelplan for kulturminner og kulturmiljøer 2020-2035. Henta 18. Mai 2023 frå: <https://www.sandnes.kommune.no/teknisk-og-eiendom/horing-kommunedelplan-for-kulturminner-og-kulturmiljoer-2020-2035/>

Statsforvalteren. *Regler ved klagebehandling etter plan- og bygningsloven*. Henta 18. mai 2023 frå: <https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-more-og-romsdal/dokument-fmmr/plan-og-bygg/plan--og-bygningsrett/rettleiing-til-kommunen/pdf---veiledning-.pdf>

Stavanger byarkiv, *Kirkegata 22*. Henta 10. April 2023 frå: <https://digitaltmuseum.no/021018298260/kirkegata-22>

Stavanger byarkiv, *Norem Baades fasade*. Henta 10. april 2023 frå: <https://digitaltmuseum.no/021018315321/norem-baades-fasade>.

Stavanger kommune, 2010, *Kommunedelplan for kulturminner 2010-2025*. Henta 18. Mai 2023 frå: <https://www.stavanger.kommune.no/siteassets/samfunnsutvikling/planer/kommunedelplaner/kulturminner/kulturminneplan-stavanger-2010-2025-tekstdel.pdf>

Stavanger kommune, 2015, *Kommuneplan for Stavanger 2014-2029*. Henta 18. Mai 2023 frå:

<https://www.stavanger.kommune.no/siteassets/samfunnsutvikling/planer/kommuneplan/kommuneplan-2014-29-lavopploselig.pdf>

Stavanger kommune, 2019, *Kommunedelplan for sentrum 2019-2034*. Henta 18. Mai 2023 frå:

<https://www.stavanger.kommune.no/siteassets/samfunnsutvikling/planer/kommunedelplaner/stavanger-sentrum/endelig-plan-260319/kommunedelplan-129k.pdf>

Stavanger kommune, 2019, *Kommuneplan for Stavanger 2019-2034*. Henta 18. Mai 2023 frå:

<https://www.stavanger.kommune.no/siteassets/samfunnsutvikling/planer/kommuneplan/arealdel-stavanger-2020/vedlegg-01-planbeskrivelse-kpa-versjon-for-vedtak.pdf>

«Tall for hele Norge Stortingsvalg 2013». Henta 7. april 2023 frå:

<https://valgresultat.no/?type=st&year=2013>.

Tiller, Alise. “Endelig har Zara åpnet dørene i Stavanger sentrum.” *Byas*, 9. oktober 2015. Henta

10. april 2023 frå: <https://www.byas.no/aktuelt/i/1AX0Oy/endelig-har-zara-aapnet-doerene-i-stavanger-sentrum>

“Trehusbyen i Stavanger.” Henta 05. mai 2023 frå:

<https://www.byggogbevar.no/ressurser/byggeskikkveiledere/stavanger>

“Welcome to the international school of Stavanger.” Henta 17. mai 2023 frå:

<https://isstavanger.no/>

7.2 Sekundærlitteratur

Aronsson, Peter. *Historiebruk: Att använda det förflutna*. Lund: Studentlitteratur, 2004.

Berg, Sveinung Krokann & Larsen, Kari Charlotte. "Byutvikling med spor av industri," *Plan 41*, 5 (2009): 38-45, <https://www.idunn.no/doi/10.18261/ISSN1504-3045-2009-05-08>.

Bertelsen, Reidar. "Et forsvar for hus som har kommet i knestående." *Nordlit*, 36, (2015): 201-210, <https://munin.uit.no/handle/10037/8621>

Bratberg, Øyvind. *Tekstanalyse for samfunnsvitere*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2017.

Brekke, Nils Georg. & Lexau, Siri Skjold. & Nordhagen, Per Jonas. *Norsk arkitekturhistorie: Frå steinalder og bronsealder til det 21. hundreåret*. Oslo: Det norske samlaget, 2003.

Bøe, Beate Aasen, "Byjubileene i Sandnes i 1960 og 1985 – En studie av historiebruk".
Masteroppgåve, Universitetet i Stavanger, 2009.

Bøe, Jan Bjarne. & Knutsen, Ketil. *Innføring i historiebruk*. Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget, 2012.

Bøe, Lene. "Det gamle og det nye Sandnes en studie av historiebruk ved jubilea i 1910 og 1935".
Masteroppgåve, Universitetet i Stavanger, 2009.

Carlberg, Nicolai & Sørensen, Søren Miller, red. *Kulturmiljø: Mellem forskning og politisk status*. København: Museum Tusulanums Forlag, 2003.

Christensen, Arne Lie. *Kunsten å bevare: Om kulturminnevern og fortidsinteresse I Norge*. Oslo: Pax Forlag, 2011.

Danielsen, Rolf, red. *Stavanger mellom sild og olje: Hermetikkbyen 1900-1940*. Stavanger: Dreyer bok, 1988.

Findal, Wenche. *Norsk modernistisk arkitektur: Om funksjonalismen*. Oslo: Cappelens Forlag AS, 1996.

Folkenborg, Håkon Rune. *Èn fortid – Mange fortellinger*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2018.

Godbolt, James. "Bibelbeltet". Henta 7. april 2023 frå: <https://snl.no/bibelbeltet>.

Haaland, Anders. *Stavanger bys historie: Industribyen 1890-1965*. Stavanger: Wigestrands Forlag, 2012.

Halbwachs, Maurice, *On collective memory*. Chicago: University of Chicago Press, 1994.

Helle, Knut & Eliassen, Finn Einar & Myhre, Jan Eivind & Stugu, Ola Svein. *Norsk byhistorie: Urbanisering gjennom 1300 år*. Oslo: Pax forlag, 2006.

Jonasen, Jonas Schanche. *Sandnes gjennom 100 år: Trekk av byens historie*. Sandnes: Sandnes kommune, 1964.

Jøssang, Lars Gaute. & Langhelle, Svein Ivar. & Tysdal, Olav. *Sandneshistorien: Fra husklynge....* Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjerke AS, 2010.

Kvande, Lise. & Naastad, Nils E. *Hva skal vi med historie?: Historiedidaktikk i teori og praksis*. Oslo: Universitetsforlaget, 2020.

Lauritzen, Per Roger. "Sandnes". Henta 2. mai 2023 frå: <https://snl.no/Sandnes>

Melve, Leidulf. "Komparativ historie: Ei utfordring for historiefaget?." *Historisk tidsskrift*, vol 88,1 (2009): 61-77, DOI: 10.18261/ISSN1504-2944-2009-01-04.

Melve, Leidulf & Ryymin, Teemu, red. *Historikerens arbeidsmåter*. Oslo: Universitetsforlaget, 2018.

Myklebust, Dag. *Med vilje og viten: Om kulturminnevern I Norge*. Oslo: Pax Forlag, 2014.

Myklebust, Dag, red. *Kulturarv og vern: Bevaring av kulturminner i Norge*. Oslo:

Universitetsforlaget, 1988.

Omdal, Svein Egil. “Fortellingen om Stavanger.” I *Stavanger Byleksikon*, redigert av Anne Tove Austbø & Eirik Thoring, 8-44. Stavanger: Wigestrands Forlag, 2008.

Rabben, Magne Brekke. “Jonas Øglænd AS”. Henta 7. april 2021 frå:
https://snl.no/Jonas_Øglænd_AS

Ryymim, Teemu, red. *Historie og politikk: Historiebruk i norsk politisk utforming etter 1945*. Oslo: Universitetsforlaget, 2017.

Samuel, Raphael, *Teatres of memory: vol .1: Past and present in contemporary culture*. London: Verso, 1994.

Sognnæs, Johanne. “Bevaring av bygningsmiljøer. Et historisk tilbakeblikk på noen norske bevaringsområder”. *Nordlit*, 36 (2015): 181–200,
<https://septentrio.uit.no/index.php/nordlit/article/view/3686>

Sørby, Hild. & Paavola, Mette. *Sandnesarkitektur*. Rogaland: Fagbokforlaget, 2011.

Thorsnæs, Geir. “Stavanger”. Henta 2. mai 2023 frå: <https://snl.no/Stavanger>.

Vabo, Signy Irene. “Fylkesmann ”. Henta 19. Mai 2023 frå: <https://snl.no/fylkesmann>
